

Julikrigen

Ein analyse av israelsk tryggingspolitikk

Ragnild Kongsvoll



Masteroppgåve i Statsvitskap

Institutt for Statsvitskap

UNIVERSITETET I OSLO

Desember 2007

Forord

Inspirasjonen til denne oppgåva fekk eg under eit studieopphald i Kairo, ved Det Amerikanske Universitetet i Kairo (AUC), hausten 2006. Julikrigen var nettopp over, og det var svært lærerikt å observere reaksjonane på krigen i eit arabisk land. Eit ønske om å forstå årsakene til krigen vart dermed utgangspunkt og motivasjon for å skrive nettopp denne oppgåva.

Først og fremst ein stor takk til rettleiar Nils Butenschøn for inspirasjon og god rettleiing vår- og haustsemesteret 2007.

I tillegg har ei rekkje personar vore viktige for at denne oppgåva har kome i hamn. Takk til Harriet, Agnes, Vigdis, Erling André og Christina for gode råd og kommentarar undervegs. Ein ekstra takk til Anne Kirsti for konstruktive innspel og opponering i heile skriveprosessen, og til Astri for korrekturlesing av heile oppgåva. Takk også til Trafo for fagleg og sosialt følgje gjennom heile masterstudiet.

Til slutt, takk til mamma og pappa for uvurderlig støtte, oppmuntring og oppfølging gjennom heile utdanninga mi.

Oppgåva har same tema som ei heimeoppgåve eg leverte ved AUC hausten 2006.

Antall ord: 28 269

Innhold

<i>Forord</i>	<i>I</i>
INNHALD	III
1.0 INNLEIING	1
1.1 BAKGRUNN	1
1.2 PROBLEMSTILLING	3
1.3 SENTRALE OMGREP OG AKTØRAR	4
1.3.1 <i>Val av aktører</i>	<i>4</i>
1.3.2 <i>Sentrale omgrep</i>	<i>6</i>
1.4 VEGEN VIDARE	7
2. TEORI OG METODE	9
2.1 TEORETISK RAMMEVERK	9
2.1.1 <i>Analysenivå</i>	<i>9</i>
2.1.2 <i>Nyrealismen</i>	<i>10</i>
2.1.3 <i>Kritikk av nyrealismen</i>	<i>12</i>
2.1.4 <i>Analysemodell</i>	<i>14</i>
2.2 METODE	15
2.2.1 <i>Kjeldegransking</i>	<i>15</i>
2.2.2 <i>Forforståing</i>	<i>17</i>
2.2.3 <i>Operasjonalisering av den israelske tryggingdoktrinen</i>	<i>18</i>
3. DEN ISRAELSKE TRYGGINGSDOKTRINEN	19
3.1 INNLEIING	19
3.2 ISRAEL I DEN ARABISKE VERDA	20

3.2.1	<i>Staten Israel vert til</i>	20
3.2.2	<i>"The Iron Wall"</i>	21
3.2.3	<i>Geografisk sårbarheit</i>	23
3.2.4	<i>Staten ekspanderer</i>	24
3.3	ISRAEL ÅLEINE	25
3.3.1	<i>Ein isolert stat</i>	25
3.3.2	<i>Valdeleg diplomati</i>	26
3.3.3	<i>Den kalde krigen tek slutt</i>	27
3.4	DEN ETNISKE NASJONALSTATEN	28
3.4.1	<i>Eit demografisk problem</i>	28
3.4.2	<i>Defineringa av nasjonalstaten</i>	30
3.5	TRYGGLEIK FRAMFOR ALT	31
3.5.1	<i>Fred versus tryggleik?</i>	31
3.5.2	<i>Definering av nye fiendar</i>	32
3.5.3	<i>Fredsprosessen vert avbroten</i>	33
3.6	STORMAKTSSTØTTE	34
3.6.1	<i>Ekstern balansering</i>	34
3.7	OPPSUMMERING OG IMPLIKASJONAR	35
4.	JULIKRIGEN 2006	37
4.1	INNLEIING	37
4.2	DEN ARABISKE KONSTELLASJONEN	37
4.2.1	<i>Hizballah – ein stat i staten</i>	37
4.2.2	<i>Den libanesiske arenaen</i>	39
4.2.3	<i>Syria – den arabiske nasjonalisten</i>	40

4.2.4	<i>Det irakiske Baath regimet</i>	42
4.3	IKKJE-ARABISKE AKTØRAR	43
4.3.1	<i>Iran</i>	43
4.3.2	<i>USA</i>	45
4.4	BESKRIVING AV KRIGEN	47
4.4.1	<i>Krigen bryt ut</i>	47
4.4.2	<i>Open krig</i>	50
4.4.3	<i>Oppmoding om våpenkvile</i>	53
4.5	ISRAELSK VURDERINGAR RUNDT KRIGEN	56
4.5.1	<i>Målsetjingar og vurderingar</i>	56
4.5.2	<i>Intern kritikk i etterkant av krigen</i>	57
5.	DET REGIONALE SYSTEMET	59
5.1	INNLEIING	59
5.2	ISRAEL SIN POSISJON	60
5.2.1	<i>Ei regional stormakt?</i>	60
5.2.2	<i>Kravet om unilateral tryggleik</i>	61
5.3	EIN REGIONAL MAJKAMP?	63
5.3.1	<i>Hizballah, ein revisjonistisk aktør?</i>	65
5.3.2	<i>Syria og kampen om Golanhøgda</i>	67
5.3.3	<i>Iran – ein potensiell regional hegemon?</i>	69
5.3.4	<i>Shia-aksen</i>	70
5.4	KVIFOR MILITÆR KONFRONTASJON?	73
5.4.1	<i>Ein tradisjon for maktbruk</i>	73
5.5	EIN ”WAR BY PROXY”?	76

5.5.1	<i>Amerikanske interesser i krigen?</i>	76
5.5.2	<i>Med amerikansk støtte</i>	78
6.	KONKLUSJON	79
	KJELDELISTE	83

1.0 Innleiing

Denne oppgåva tek for seg israelsk tryggingspolitikk og kva faktorar som påverkar denne. 12. juli 2006 setter Israel i gang tunge militære åtak mot Hizballah, med den grunngeving at Hizballah dagen før hadde bortført to israelske soldatar. Hensikta med oppgåva er å undersøke korleis den israelske tryggingsdoktrinen kan forklare den israelske leiinga si avgjersle om å gå til krig mot Hizballah i 2006. Korleis desse faktorane spela inn på avgjersla om å gå til krig, tek utgangspunkt i det regionale nivået, og nyrealismen sine føresetnader om korleis aktørar oppfører seg i det anarkiske systemet.

1.1 Bakgrunn

Sidan staten Israel vart oppretta i 1948 har den vore ein sentral tryggingspolitisk aktør i Midtausten. Det som starta som ei lokal konflikt mellom dei jødiske busettarane og den palestinske befolkninga på 1930-talet, vaks i 1948 til ei regional konflikt. Staten Israel vart ikkje sett på som ein legitim del av regionen frå arabisk side, og vart heller ikkje anerkjent som stat. Konflikten med dei arabiske nabostatane, saman med det jødiske folket si historie med etterfølging og konflikt, bidro til å forme den israelske tryggingspolitikken (Inbar 1996:47).

Denne oppgåva tek utgangspunkt i at den israelske doktrinen inneber ei rekkje grunnleggjande element. Desse elementa er føresetnader frå israelsk leiing om staten sin regionale og globale situasjon, og definisjonen av den jødiske staten. Oppgåva definerer desse grunnelementa med utgangspunkt i Handel (1973) sin studie av den israelske politisk-militære doktrinen. For det første gjekk den israelske tryggingsdoktrinen ut frå at dei arabiske aktørane ønskja å øydelegge staten Israel som ein stat for jødar. Basert på dette måtte Israel til ei kvar tid vere førebudd på å stå i mot eit åtak frå dei arabiske aktørane. For det andre rekna Israel seg som regionalt og globalt isolert – noko som førte til at Israel måtte vere sjølvberga i så stor grad

som mogleg, og ikkje kunne stole på hjelp frå allierte i kritiske situasjonar. For det tredje definerte Israel seg som ein jødisk nasjonalstat, og ønskja å halde fast ved denne definisjonen. Dette førte til konflikt med den lokale arabiske befolkninga, og hadde også konsekvensar for den israelske trusseloppfatninga. Ein trussel mot staten Israel vart ikkje berre rekna som ein trussel mot eit territorium, men mot den jødiske nasjonen sin eksistens. Det fjerde grunnelement i den israelske doktrinen omhandlar ei overordna vektlegging av tryggleik. I konflikt med sine motstandarar var Israel sin førsteprioritet staten sin tryggleik, og moglege fredsavtalar kunne ikkje godkjennast dersom dei innebar potensiell svekking av denne tryggleiken. For det femte la den israelske leiinga vekt på stormaktsstøtte. På grunn av at staten har avgrensa ressursar vart det rekna som naudsynt å knytte eit nært forhold til minst ei stormakt – helst den største. Oppgåva argumenterer for at sjølv om Israel ikkje lenger reknar seg sjølv som ein isolert stat, har dei andre grunnelementa halde seg stabile, og kan framleis bidra til å forklare israelsk tryggingsspolitikk.

Hizballah vart til i 1982 under den israelske okkupasjonen av Libanon. Grappa sprang hovudsakleg ut av den shia-muslimske libanesiske befolkninga i Sør-Libanon, og vart støtta av Syria og Iran. Hizballah vart etter kvart ein sterk motstandar mot Israel, og kjempa for at Israel skulle trekke seg ut av Libanon. Seinare har Hizballah også utvikla seg til å verte ein sentral politisk og sosial aktør på den libanesiske arenaen. Etter at Israel trakk seg heilt ut av Libanon i 2000, har konflikten mellom Hizballah og Israel hovudsakleg halde seg til mindre åtak frå begge sider, utan at konflikten har eskalert.

12. juli 2006 avfyrte Hizballah rakettar mot israelske grensebyar. To israelske soldatar vart bortført, og fleire drepne på grensa mellom Libanon og Israel. Israel svara med massive fly- og artilleriåtak mot libanesiske mål, og råka libanesisk infrastruktur. Som motsvar sendte Hizballah nye rakettar tilbake, noko som førte til at Israel engasjerte den israelske forsvarsstyrken (IDF) (Urquhart og McGreal 2006; Deeb 2006). Den israelske statsminister Ehud Olmert kalla kidnappingane ”an act of war”, og heldt libanesiske styresmakter ansvarlig. Olmert skulda i tillegg åtaka for å vere eit

forsøk på å skape ustabile regionale forhold (Israelsk Utanriksdepartement 2006a). Sjølv om krigen berre varte i 33 dagar, var skadane enorme. Om lag 1200 libanesarar var drepne, og om lag ein million vart drevne på flukt. I Libanon låg det att om lag ein million udetonerte klasebomber etter dei israelske styrkane (Hoel Larsen 2007). Israel fekk undervegs og i etterkant av krigen kritikk basert på Folkeretten for at åtaket på Hizballah ikkje var proporsjonalt, og for å ha gått til åtak mot sivile libanesiske mål (Krieger og Lazaroff 2006).

1.2 Problemstilling

Ut frå den israelske grunngevinga kan krigen i første omgang sjåast som ein beinveges og massiv respons på at Hizballah bortførte dei israelske soldatane. Men det var også tydeleg i den israelske leiinga si offisielle grunngeving av krigen, at dei rekna krigen som ein del av ein regional konflikt, der Hizballah berre var ein del av eit større bilete (Israelsk Utanriksdepartement 2006a)

Det vil vere fagleg interessant å sjå nærare på korleis grunnelement i den israelske tryggingdoktrinen kan bidra til å forklare krigen i 2006, og kva regionale og globale aktørar Israel forholder seg til. Denne oppgåva vil dermed undersøke korleis grunnleggjande element i den israelske tryggingdoktrinen kan bidra til å forklare krigen mellom Israel og Hizballah, med utgangspunkt i israelske tryggingpolitikk. Oppgåva si problemstilling er:

Korleis kan grunnelement i den israelske tryggingdoktrinen bidra til å forklare det israelske åtaket på Hizballah 12. juli 2006?

1.3 Sentrale omgrep og aktørar

1.3.1 Val av aktørar

Oppgåva tek i første omgang utgangspunkt i Israel sin posisjon i det regionale systemet av aktørar i Midtausten. Sidan oppgåva har eit avgrensa omfang, er det naudsynt å avgrense kva aktørar ein skal konsentrere seg om.

Definisjonar av kva som skal reknast som ein del av Midtausten varierer, men i følge Buzan og Wæver (2003:191) finn ein eit tryggingpolitisk mønster som strekker seg frå Marokko til Iran, og som inkluderer alle dei arabiske statane samt Israel og Iran (Buzan og Wæver 2003:187). Vidare deler Buzan og Wæver (2003:191) Midtausten inn i tre subkompleks. Israel er ein del av Levanten, som inkluderer Israel, Libanon, Syria, Jordan og Egypt. I tillegg spelar fleire ikkje-statlege aktørar viktige roller: Hizballah, Hamas og PLO. Levanten er det definerande og hovudkomplekset i regionen. Konflikten her tek utgangspunkt i kampen mellom Israel og palestinarane, som formar også det vidare forholdet mellom Israel og den arabiske verda (Buzan 2003:191). Gulfen inkluderer Iran, Irak og Gulf-statane leia av Saudi Arabia. Det tredje komplekset er Maghreb, som strekker seg frå Libya gjennom Tunisia, Algerie og Marokko.

På mange måtar er Israel ikkje "ein del" av Midtausten. Både økonomisk og kulturelt skil Israel seg frå dei andre statane i regionen. Ser ein derimot på konflikter og tryggingpolitiske vurderingar, er Israel i høgste grad involvert (Butenschøn 1992:95-96). I følge Butenschøn (1992:97) må ei kvar studie av Midtausten kome fram til den definisjonen av Israel sine relasjonar til omverda som høver formålet med studien best. Sidan denne oppgåva konsentrerer seg om israelsk tryggingpolitikk, vil det vere naturleg å legge vekt på dei aktørane som i størst grad har vore involvert i tryggingpolitiske konflikter med Israel. Dette inkluderer dei næraste arabiske nabostatane og aktørane, men etter revolusjonen i 1979 har også Iran i auka grad involvert seg i den israelsk-arabiske konflikten. Før den amerikanske invasjonen i

2003 var også Irak ein aktør på den israelske tryggingsagendaen. I tillegg har Israel inngått strategisk samarbeid med Tyrkia.

Sidan problemstillinga i oppgåva tek utgangspunkt i Israel si rolle under Julikrigen, vil det vere fruktbart å konsentrere seg om dei aktørane Israel definerte som sine motstandarar før krigen. Basert på dette vil oppgåva, i tillegg til Israel, legge vekt på Hizballah, Syria og Iran. Sjølv om dei israelske åtaka også råka libanesiske sivile mål, vert Hizballah her rekna som Israel sin motpart i krigen, då den israelske leiinga la vekt på at det var Hizballah sine handlingar som leia til den massive responsen, og fordi den libanesiske staten ikkje ønska, eller ikkje hadde kapasitetar, til å involvere seg.

Oppgåva legg mindre vekt på Israel sitt forhold til aktørar som Libanon, Irak, Egypt, Jordan, og andre ikkje-statlege aktørar i regionen, samt konflikten mellom israelarane og palestinarane innad i staten Israel og i dei okkuperte områda. Desse aktørane dannar likevel eit viktig grunnlag i det kompliserte regionale bakteppet for krigen, og kan dermed ikkje utelatast fullstendig frå oppgåva. Avgrensingane vert gjort i hovudsak på grunn av oppgåva sitt avgrensa omfang, og for å framheve at den israelsk-arabiske konflikten også er ei regional konflikt som inkluderer fleire aktørar enn dei lokale. Sjølv om den israelsk-arabiske konflikten på mange måtar har utgangspunkt i det palestinske problemet, er det også andre aktørar med eigne interesser og oppfatningar involvert. Slike avgrensingar er noko ein må ta høgde for i dei svara ein kjem fram til, då dei utelatte faktorane kan gi andre svar på problemstillinga enn dei som vert vektlagt i denne oppgåva. Konflikten mellom Israel og palestinarane på Gazastripa i forkant av Julikrigen er eit døme på faktorar som ikkje vert inkludert i denne oppgåva, men som kunne ha bidratt til å svare på problemstillinga.

Av globale aktørar vil oppgåva i hovudsak vektlegge Israel sitt forhold til USA. Sjølv om Israel har økonomisk og militært samarbeid med fleire internasjonale aktørar, vert forholdet til USA rekna som nærare og som ein viktig faktor i israelsk

tryggingspolitikk. I tillegg vert den jødiske veljarmassen rekna for å ha sterk påverknad på den amerikanske Midtausten-politikken (Mearsheimer og Walt 2006).

I den grad oppgåva inkluderer interne faktorar i Israel, avgrensar dette seg til å vektlegge spesielle karakteristikkar ved staten, og korleis desse påverkar tryggingsdoktrinen. Interne politiske aktørar vil ikkje verte vektlagt i stor grad. Dette er aktørar som kan ha spela inn på avgjersla om å gå til krig. Winograd Kommissjonen¹ har til dømes kritisert den politiske leiinga, inkludert statsminister Olmert, for deira handsaming av krigen (Winograd Kommissjonen 2007).

1.3.2 Sentrale omgrep

Også korleis ein definerer sentrale omgrep kan ha konsekvensar for kva faktorar ein inkluderer i oppgåva. Baldwin (1997:13) definerer tryggleik som ein tilstand med "a low probability of damage to acquired values". Studier av tryggleik bør vidare definere tryggleik for kva verdiar, tryggleik for kva aktørar, og kva truslar som kan true tryggleiken. Denne oppgåva vil følgje den tradisjonelle definisjonen av nasjonal tryggleik, der verdiane som nasjonen ønskjer å trygge i hovudsak er avgrensa til politisk sjølvstende og territoriell integritet. Truslar er definert med utgangspunkt i aktørane si oppfatning av kva som truer deira tryggleik. Aktørane i oppgåva vil i hovudsak vere statar, men politiske og religiøse grupper vil også verte teke med. Hizballah er det viktigaste dømet på ein ikkje-statleg aktør i oppgåva.

Ein stat sin nasjonale tryggingsdoktrine kan i si vidaste form definerast som ein sum av staten sine militære, politiske, økonomiske og diplomatiske politikk som eksplisitt skal fremme staten sine nasjonale tryggingsinteresser (Rodman 2001: 72). Denne oppgåva vil bruke ein smalare definisjon som held seg til militære og politiske

¹ Winograd Kommissjonen vart oppretta i etterkant av Julikrigen av den israelske regjeringa, og vert leia av Dr. Winograd. Kommissjonen ga ut ein mellombels rapport i 2007 (ei lengre oppsummering av denne vert brukt som kjelde i oppgåva, referert til som Winograd Kommissjonen 2007), der dei kritiserte den israelske politiske og militære leiinga for måten konflikta vart handtert på. Ein meir omfattande rapport er under arbeid.

faktorar i den nasjonale tryggingsdoktrinen, fordi tryggingspolitikk først og fremst konsentrerer seg om politiske og militære faktorar og verkemiddel.

1.4 Vegen vidare

For å svare på problemstillinga vil oppgåva i kapittel to ta for seg det teoretiske rammeverket for oppgåva. Dette inneber ein kort gjennomgang av det regionale analysenivået og nyrealismen. Kapittelet vil også kommentere metodiske problemstillingar.

Kapittel tre vil ta utgangspunkt i den israelske tryggingsdoktrinen, og diskutere grunnelementa i denne. Diskusjonen vil vere strukturert ut frå fem hovudelement definert av Handel (1973). Kapittelet vil elles basere seg på den omfattande sekundærlitteraturen som omhandlar israelsk tryggingspolitikk.

Kapittel 4 vil stadfeste kva posisjon utvalde aktørar hadde i forhold til Israel og Julikrigen. Desse aktørane vil i hovudsak vere Hizballah, Syria, Iran og USA, men vil også i mindre grad komme inn på andre regionale og globale aktørar. Dette vert basert på litteratur som omhandlar Israel sitt forhold til desse aktørane tidlegare. Kapittel 4 vil også gi ei beskriving av Julikrigen i 2006. Israelsk strategi før, under og etter krigen vert lagt vekt på. Kjeldemateriale her er utsegn frå dei ulike politiske leiarane sitert i aviser, samt relevante tekstar på regjeringane sine offisielle heimesider.

Kapittel 5 vil drøfte erfaringane frå Julikrigen forhold til dei grunnelementa som vart diskutert i den israelske tryggingsdoktrinen, med utgangspunkt i nyrealismen sine føresetnader for korleis aktørar oppfører seg i det anarkiske systemet. I første omgang vil analysen konsentrere seg om det regionale systemet, med hovudvekt på Israel sitt forhold til Hizballah, Syria og Iran. Deretter vil det verte lagt vekt på forholdet mellom Israel og USA, og kva rolle USA spela i krigen.

Kapittel seks vil oppsummere funna i oppgåva og gi ein kort konklusjon.

2. Teori og metode

2.1 Teoretisk rammeverk

Denne oppgåva vil ta utgangspunkt i Israel sin posisjon i det regionale systemet Midtausten, og bruke nyrealismen sine føresetnader om korleis det anarkiske systemet legg føringar på oppførselen til aktørane.

2.1.1 Analysenivå

Buzan og Wæver (2003) fremjer det regionale nivået som det beste for å gjere praktiske analyser av tryggingsspolitikk. Tradisjonelt har analyser av tryggingsspolitikk vore gjort på enten det globale eller det nasjonale nivået, men i følgje Buzan og Wæver (2003:43) er ikkje nasjonal tryggleik eit meningsfullt omgrep i seg sjølv, då ein aktør sin tryggingsspolitikk oftast inneber ein relasjon til andre aktørar. Global tryggleik er i følgje Buzan og Wæver (2002:43) ikkje det mest fruktbare analysenivået, då dei fleste aktørar ikkje er integrert i eitt stort tryggingssystem, bortsett frå supermakter og stormakter. Regionen derimot, referer til det nivået der aktørar er knytta så nært saman at tryggingsspolitikken deira best kan forklarast ved å studerast under eitt. Det regionale nivået er der det nasjonale og det globale nivået spelar saman – og der det meste av ein aktør sine tryggingssvurderingar finn stad (Buzan og Wæver 2003: 43). Buzan og Wæver (2003:3) og Lake og Morgan (1997:6) argumenterer alle for at det regionale nivået har vorte meir sjølvstendig etter den kalde krigen, då stormaktene i mindre grad har interesse av å gripe inn i lokale og regionale konflikhtar.

Buzan og Wæver (2003:45-47) argumenterer vidare for at rivalisering, balansering og allianser også går føre seg innad i regionane. I følgje Buzan og Wæver (2003) vil med andre ord påstandane frå realismen om konsekvensane av anarki og maktbalanse kunne brukast på det regionale nivået. Også Lake og Morgan (1997:9) hevdar at sjølv

om regionar kan vere svært ulike, kan ein analysere regionane med bruk av generelle teoriar. Ein region sin struktur kan dermed karakteriserast som bipolar, unipolar eller multipolar, og det regionale systemet sin struktur vil vere viktig for å forstå dei tryggingpolitiske forholda i regionen.

Som i det globale internasjonale systemet vil det regionale systemet sin struktur berre påverke aktørane sin oppførsel til ein viss grad – og kan sjeldan fullt ut forklare spesifikke hendingar (Lake og Morgan 1997:62). Dette gjer at ein må bruke generelle teoriar om internasjonale system med varsemd på det regionale nivået, og faktorar som er spesifikke for dei einskilde regionane må takast omnsyn til Lake og Morgan (1997:9-10). Basert på dette argumentet inkluderer oppgåva nyrealismen sine generelle påstandar på det regionale nivået, men tek hensyn til spesielle sider ved regionen som ikkje nødvendigvis passer inn i teorien.

I tillegg vil USA si rolle som intervenserande global supermakt verte inkludert. I følgje Buzan og Wæver (2003) er det naturleg at regionale aktørar søkjer å forbetre sin posisjon i det regionale systemet, mellom anna ved å alliere seg med globale stormakter. Supermakter eller stormakter på det globale internasjonale nivået kan på denne måten penetrere regionen ved å involvere seg i allereie eksisterande regionale konflikter (Buzan og Wæver 2003:55). Lake og Morgan (1997:9-10) påpeikar at dei regionale systema skil seg frå det globale ved at globale aktørar kan komme inn og påverke systemet sin struktur. I einskildtilfelle der alle partar i ei regional konflikt er avhengig av same globale stormakt, vil denne kunne påverke regionale konflikter i stor grad (Buzan og Wæver 2003:47).

2.1.2 Nyrealismen

Realismen kan ikkje karakteriserast som ein einskild teori. Realismen er eit forskingsprogram som inneheld ulike retningar og hypotesar. Oppgåva konsentrerer seg hovudsakleg om nyrealismen slik Stephen Walt (1987) og Michael Mastanduno (1997) bruker den.

Realismen er velkjend i statsvitskapen, og vil i difor berre verte kort forklart her. Realismen er i hovudsak bygd på fire føresetnader. For det første er staten den viktigaste aktøren. Den andre føresetnaden definerer statar som rasjonelle aktørar, statar er altså i stand til å vurdere kva val som vil gi mest nytte i ein situasjon med fleire valmoglegheiter. For det tredje er staten samstundes rekna som ein einskapleg aktør – politiske motsetnader inne i staten kjem ikkje til uttrykk på den internasjonale arenaen. Den fjerde føresetnaden byggjer på at ein stat si fremste interesse er å maksimere nasjonal tryggleik (Viotti og Kauppi 1987:6-7)

Kenneth Waltz (1979) byggjer vidare på desse føresetnadane, men flyttar i sin strukturelle realisme, også kalla nyrealismen, hovudfokuset over på systemet statane utgjer. Nyrealismen byggjer på at det internasjonale systemet av rasjonelle statar er anarkisk, då det ikkje inneber nokon overordna autoritet, lover eller reglar. Nasjonale interesser er gitt ut frå geopolitiske faktorar og økonomiske forhold, og ein kvar stat vil handle ut frå sine interesser, som i utgangspunktet er å sikre sin eksistens. Sidan statar ikkje kan stole på andre statar sine intensjonar, manglar det tillit mellom dei. Denne mangelen på tillit gjer at ein stat må verje sin maktposisjon i systemet, for å unngå å verte angripen av andre statar. Dette fører til at kvar stat følgjer sine egne interesser slik den ser det best (Waltz 1979).

Å måle makt er ei vanskelig oppgåve. Waltz (1993:50) argumenterer for at ein stat si makt er avhengig av størrelse på populasjon, ressursar, økonomisk kapasitet, militær styrke og politisk stabilitet og kompetanse. Sjølv om dette hovudsakleg er materielle fenomen ein kan observere, er det likevel vanskeleg å kome fram til eit samla mål på ein aktør si makt, og enno vanskelegare er det å samanlikne aktørar basert på desse indikatorane.

Walt (1987) fører vidare Waltz sitt argument om balansering, men legg til at statar ikkje berre balanserer mot makt, men mot truslar (*balance-of-threat*). Ein aktør vil dermed ikkje nødvendigvis balansere mot ein anna aktør fordi den er mektig, men fordi den føler seg trua. Ein aktør har deretter valet mellom å balansere mot, eller med (bandwagoning) den truande aktøren. I kva grad ein stat ser på ein anna stat som ein

trussel, avheng i tillegg til makt, av geografisk nærleik, offensive kapasitetar og aggressive intensjonar. I følgje Mastanduno (1997:54) vil eit system som inneber ei dominerande makt, føre til at dei andre statane ønsker å balansere mot denne (Mastanduno 1997:54). Den dominerande staten ønsker å bevare denne posisjonen fordi den er gunstig tryggingmessig, og gir autonomi i utanrikspolitikken. Statar som vert sett på som aggressive, vil provosere andre til å balansere mot dei. Om statar vil prøve å balansere mot den dominerande aktøren eller ikkje, vil dermed avhenge av den utanrikspolitiske oppførselen til den dominerande staten. Den dominerande staten vil dermed prøve å hindre andre statar i å balansere mot dei (Mastanduno 1997:60).

Mastanduno (1997) argumenterer for at dersom det internasjonale systemet er unipolært, vil dette gi visse føresetnader for korleis den dominerande staten kan handle ovanfor dei andre aktørane i systemet. Mastanduno (1997) følgjer Morgenthau² (1948:42-51) si klassifisering, og kallar aktørar som utfordrar den dominerande aktøren revisjonistiske, medan aktørar som ikkje gjer det kan kallast status quo aktørar (Mastanduno 1997:61). Den dominerande aktøren vil prøve å ikkje provosere eller true status quo aktørar til å utfordre den eksisterande ordninga, og kontrollere (*contain*) eller konfrontere revisjonistiske statar (Mastanduno 1997:62).

2.1.3 Kritikk av nyrealismen

Realismen byggjer på at statane er dei viktigaste og fremste aktørane i studier av tryggingsspolitikk og utanriksspolitikk. I denne oppgåva vil det vere naudsynt å inkludere fleire typar aktørar, noko også Buzan og Wæver (2003:70) anbefalar i studier av tryggingsspolitikk. Grunnen til dette er at ikkje-statlege aktørar spelar ei viktig rolle i tryggingssdynamikken i regionen, og fordi Hizballah her vil verte definert som ein autonom ikkje-statlig aktør. I følgje Rø (2005:40-41) vert realismen si fruktbarheit styrka i det ein også inkluderer ikkje-statlige aktørar, då desse har ei

² Morgenthau vert klassifisert som ein klassisk realist, men vert likevel tatt med her i tråd med Mastanduno (1997) si utleiing av nyrealismen.

sjølvstendig betydning for maktdistribusjon i det internasjonale systemet. Rø (2005:42-43) baserer også dette argumentet på at dersom det einaste som skil statlige og ikkje-statlige aktørar frå kvarandre er at dei ikkje har eit eige definert territorium (para-statlige aktørar), er dette ikkje noko hinder for at realismen kan bidra til å forklare også desse aktørane sin adferd i det internasjonale systemet.³

Sosialkonstruktivismen vert ofte rekna som realismen sin hovudmotstandar i den teoretiske debatten om internasjonale relasjonar. Kritikken frå konstruktivismen er særleg retta mot føresetnaden om at aktørane sine interesser er gitt ut frå materielle kapasitetar. I følgje konstruktivismen vert ein aktør sine interesser konstruert gjennom interaksjon med andre aktørar, og at det internasjonale systemet dermed er intersubjektivt. Systemet formar i følgje mellom andre konstruktivisten Alexander Wendt (1999) aktørane sin identitetar, og desse identitetane er med å forme aktørane sin oppførsel. I analysen vil, som nemnt tidlegare, spesielle faktorar ved den israelske staten og det regionale systemet Midtausten. Desse spesielle faktorane inkluderer også delvis element av aktørane sine identitetar, som til dømes den israelske staten sin eksistensielle oppfatning av tryggleik. Ein slik kombinasjon av dei to teoriene er ikkje uproblematisk, men mellom andre Buzan og Wæver (2003) argumenterer for at dei to teoriene kan og bør kombinerast.

Nyrealismen har også vorte kritisert for å overvurdere internasjonale systemet sin struktur sin innverknad på den utanrikspolitiske oppførselen til aktørane. I følgje Waltz, er det derimot ikkje nyrealismen sitt mål å forklare alle faktorar som påverkar oppførselen til aktørane. Waltz (1979:71-72) påpeikar altså at dei føringane systemet legg på aktørane berre kan forklare nokre aspekt ved aktørane sin utanrikspolitiske oppførsel.

³ Dei andre kjenneteikna ein aktør må oppfylle i realismen er at dei er eineheitleg rasjonelle; er suverene; har militærkapasitet; det herskar uvisse om deira intensjonar; deira høgste preferanse er å overleve; og har ei befolking (Rø 2005:42).

2.1.4 Analysemodell

I følgje Rodman (2001:71) kan ein, sjølv om Israel aldri offisielt har definert si tryggingdoktrine, finne visse stabile grunnelement i den israelske tryggingdoktrinen. Israel sin respons på tryggingutfordringar er altså i følgje Rodman (2001:71) ikkje tilfeldige, men er basert på hovudelement som ligg til grunn for tryggingpolitikken til staten. Rodman (2001) påstår altså at israelsk tryggingpolitikk kunne forklarast med utgangspunkt i grunnelement i den israelske tryggingdoktrinen. Oppgåva vil ta utgangspunkt i denne påstanden, og undersøke om den har forklaringskraft vedrørande det israelske åtaket på Hizballah i 2006. Basert på den empiriske informasjonen som er tilgjengelig om dei israelske vurderingane, vert det i analysen drøfta om det er mogleg å finne indikasjonar på at grunnelement i doktrinen kan bidra til å forklare Julikrigen. Dei funna som kjem fram må sjåast i ljøs av det avgrensa empiriske som dannar grunnlaget for analysen. I samfunnsvitenskapen er det også vanskeleg å påvise årsakssamanhengar, og å komme med bestemte konklusjonar kan vere problematisk.

I kapittel 3 vert den israelske tryggingdoktrinen definert ved ein diskusjon av fem grunnelement basert på Handel (1973) sin diskusjon av den israelske politisk-militære doktrinen. I analysen vert Julikrigen drøfta i forhold til desse grunnelementa, som på denne måten utgjør dei uavhengige variablane i oppgåva. Oppgåva tek vidare for seg dei ulike posisjonane til dei regionale aktørane, samt USA, i forhold til Israel, og dei israelske vurderingane og strategiane rundt krigen. Analysen vert basert på føresetnadane frå nyrealismen om korleis aktørar vil oppføre seg i det anarkiske systemet, basert på deira posisjonar i det regionale systemet, og drøftar samstundes korleis grunnelementa diskutert i kapittel 3 kan bidra til å forklare det israelske åtaket på Hizballah, som dermed er oppgåva sin avhengige variabel. Basert på dette kan påverknaden frå dei regionale aktørane, og USA, karakteriserast som mellomliggende variablar – då det vert antekt at desse påverkar korleis Israel operasjoniserer dei grunnleggjande elementa i tryggingdoktrinen.

2.2 Metode

For å svare på problemstillinga vil det verte brukt ei kvalitativ tilnærming. Dette inneber i hovudsak kvalitativ innhaldsanalyse av ulike kjelder. Dei fleste kjeldene vil vere sekundærkjelder, noko som inkluderer bøker, vitskapelege artiklar og avisartiklar. Dei primærkjeldene som vert brukt er aktørane sine uttalingar som er tilgjengelige på deira offisielle nettsider.

I kva grad dei svara eg har kome fram til i denne oppgåva er gyldige svar på problemstillinga, vil særleg vere påverka kjeldene sin kvalitet, mi forforståing, og operasjonaliseringa av den israelske tryggingsdoktrinen.

2.2.1 Kjeldegransking

Å følgje debatten om konflikten mellom Israel og arabarane i Midtausten, og erfaringane frå opphaldet i eit Egypt, har gitt eit innblikk i dei sterke meiningane og kjenslene som eksisterer på begge sider av konflikten. Dette har i hovudsak to konsekvensar: for det første kan det påverke min forforståing, og for det andre gir det kunnskap om at dei sterke kjenslene på begge sider av konflikten kan ha påverka dei kjeldene eg kjem til å studere.

I arbeidet med å samle inn data og studere ulike kjelder, har eg difor hatt dette i tankane. Fleire kjelder er opne om sine preferansar og sympatiar i konflikten, men slike haldningar kan også ligge til grunn for forståinga av hendingar og uttalingar hjå i utgangspunktet tilsynelatande nøytrale kjelde. Oppgåva baserer seg i større grad på israelske kjelder enn arabiske, og det har difor vore viktig i arbeidet med ulike kjelder å vere bevisst på at informasjonen kan vere farga av opphavet til forfattaren. Ein anna måte er å kontrollere kjeldene mot andre kjelder, og dermed kunne ta omsyn til om det er nokon kjelder som skil seg ut frå dei andre.

Ein viktig del av kjeldegranskinga er om ein kan bruke dei ulike kjeldene som beretningar som slik verkelegheita var, og/eller om ein bør bruke dei som levning.⁴ Dei kjeldene eg har brukt som beretningar, har eg først vurdert i forhold til andre kjelder i forhold til kor sanne dei er, og kor nær dei er til det dei beskriver. Dette skiljet er ikkje alltid like klart, og det må vurderast i kvart einskild tilfelle. Både i kapittel 3 og 4 er sekundærkjeldene si rolle viktig, og at det har vore viktig å undersøke om desse faktisk kan reknast som beretningar om israelsk tryggingsspolitikk. I arbeidet med kapittel 3 har eg brukt kjelder som Shlaim (2000), Inbar (1996,1998), og i kapittel 4 har eg brukt Hinnebusch og Ehteshami (2002) og ymse artiklar. Dette er kjelder som ein finn sitert i andre studiar av israels tryggingss- og utanriksspolitikk, og vert her rekna som solide kjelder. Utvalet av kjelder har vore strategisk. Dette inneber at fokuset ikkje har vore på antall kjelder, men på at den informasjonen ein baserer seg på viser breidde i dei ulike synspunkta (Holter 1996:13).

Å finne kjelder som kunne berette om kva som hende i Julikrigen har vore noko vanskelegare, og kjeldene varierer ofte i sine beretningar. I oppgåva vert BBC og Al Jazeera i stor grad brukt som beretningar om krigen. Kjeldene har her vorte kontrollert mot kvarandre, då dei til tider vektlegg ulike sider ved krigen.

Det er også problemtisk å finne informasjon om dei ulike aktørane sine strategiar i Julikrigen, noko som har påverknad på i kva grad ein kan finne reliable svar på problemstillinga. For å kartlegge dei israelske vurderingane rundt krigen, har det her i hovudsak vore brukt utsegn frå den israelske politiske leiinga i media, samt informasjon som har vorte lagt ut på Israelsk Utanriksdepartement sine heimesider. Også dei amerikanske standpunkta til krigen kan finnast på Det Kvite Hus sine heimesider, der dei fleste utsegna den amerikanske leiinga kom med i høve krigen er publisert. Dei arabiske aktørane sine posisjonar i forhold til krigen har hovudsakleg

⁴ Ei beretning er ei kjelde ein reknar som ei sann kjelde til noko som har skjedd i fortida. Ei levning er ei kjelde som vert rekna som eit uttrykk for korleis opphavskvinna tenkte om eit tema, eller meir generelt eit uttrykk for korleis ein person i ein viss kontekst tenkte om eit visst tema (Dahl 2002).

basert seg på avisartiklar. Noko som kunne forbetra det empiriske materialet i oppgåva, kunne vore å intervju representantar frå dei aktørane som er inkludert. Då det ikkje var mogleg å gjennomføre slike intervju i denne omgang, må oppgåva altså basere seg på å danne eit bilde av dei ulike aktørane sine posisjonar i krigen gjennom publisert materiale. Dette er ikkje ideelt i forhold til sjølv å kunne sitere kjeldene direkte, men vil likevel verte brukt for å kunne danne eit inntrykk av dei ulike aktørane sine haldningar og posisjonar. I konklusjonane frå analysen må det altså takast høgde for denne empiriske svakheita i oppgåva.

2.2.2 Forforståing

Eg har også prøvd å ta høgde for at eg sjølv kan la mi vurdering og studie av kjeldene vere farga av eigne haldningar. Mi forforståing kan vere farga av mediedekning, teoretiske synspunkt, sympati med ein av partane i konflikten, og opphaldet Egypt og synspunkta på konflikten der. Det viktige er å vere klar over si eiga forforståing, og vere bevisst på denne i forskingsprosessen. Forforståinga kan føre til at ein legg meir vekt på kjelder som forsterkar dei eigne oppfatningane ein hadde om caset før ein tok til med undersøkingane. Ein måte å prøve å forhindre dette er ved å prøve å motbevise eigne oppfatningar, noko eg også meiner å ha erfart i arbeidet med oppgåva.

Både i formulering av problemstilling og i studering og tolking av litteratur, uttalingar og handlingar vil forskaren si forforståing spele inn (Holter 1996:13). Hermeneutikken legg vekt på at for å kunne forstå meininga bak ei uttaling eller tekst, må vi fortolke (Boolsen 2006:38). Denne fortolkinga skal gjerast ut frå konteksten uttalinga eller teksta kjem frå. Det vil alltid vere avstand i kultur og tid som gjer at ein ikkje kan oppnå sikker viten. Sjølv om vi byggjer opp forståing, vil vi aldri forstå fullt ut. Den forforståinga vi har vil fungere som briller vi ser verda gjennom.

2.2.3 Operasjonalisering av den israelske tryggingsdoktrinen

Operasjonaliseringa av den israelske tryggingsdoktrinen tek her utgangspunkt i Handel (1973) si oppsummering av dei politiske hovudelementa i den israelske politisk-militære doktrinen. Med utgangspunkt i fem hovudelement, vert den israelske tryggingsdoktrinen diskutert. Operasjonaliseringa av doktrinen påverkar i stor grad dei svara oppgåva gir på problemstillinga, og operasjonaliseringa sin validitet er difor viktig. I diskusjonen av dei fem grunnelementa har det difor vore viktig å bruke pålitelege kjelder, som trekk inn ulike sider ved utviklinga av doktrinen. Operasjonaliseringa kunne vore gjort annleis ved både å definere færre eller fleire element enn dei fem som er brukt her. Rodman (2001:) opererer til dømes med åtte hovudelement, medan Inbar (1998:62) oppsummerer israelsk tryggingsstrategi i fire punkt. I diskusjonen av dei fem grunnelementa vert det difor lagt vekt på å inkludere eventuelle sider ved den israelske tryggingsdoktrinen som ikkje kjem tydeleg fram i dei fem punkta. Sjølv om ulike studier av israelsk tryggingspolitikk vektlegg ulike sider ved tryggingsdoktrinen, omhandlar dei samstundes dei same hovudelementa, og diskusjonen i kapittel 3 legg vekt på å inkludere desse for å gi ein valid operasjonalisering av den israelske tryggingsdoktrinen. Handel (1973) si framstilling av den israelske tryggingdoktrinen vert også styrka av at har vorte brukt av andre. Butenschøn (1992) baserer til dømes sin analyse av Israel som regional stormakt på fleire av Handel (1973) sine hovudpunkt.

Grunnelementa som vert diskutert i kapittel 3 er ikkje gjensidig utelukkande, då dei delvis overlappar kvarandre. Særleg Israel sitt møte med den arabiske verda og den israelske oppfatninga av å vere ein isolert stat er to nærliggande element. Likevel viser dei to elementa to ulike sider ved doktrinen ved at Israel sitt møte med den arabiske verda først og fremst er knytta til Israel i regionen, medan den israelske oppfatninga av å vere isolert også har samanheng med Israel sin posisjon i forhold til stormaktene. Fleire av elementa kan også seiast å påverke kvarandre – til dømes har Israel sin posisjon i regionen påverka strategien om å søkje støtte frå stormakter.

3. Den israelske tryggingsdoktrinen

3.1 Innleiing

Dette kapitlet vil diskutere det som innleiingsvis vart definert som grunnelementa i den israelske tryggingsdoktrinen, med utgangspunkt i det Handel (1973:64-66) oppsummerte som unike politiske faktorar i den israelske politisk-militære doktrinen. Det vil her ikkje verte lagt vekt på å gi ein gjennomgang av den jødiske nasjonen eller den israelske staten si historie, då dette er for omfattande for denne oppgåva sitt omfang. I tillegg eksisterer det allereie fleirtallige omfattande og grundige gjennomgangar av jødisk og israelsk historie. I diskusjonen vil det verte lagt vekt på kva element som har vist seg å vere stabile, og kva element som har endra seg.

Den israelske nasjonale tryggingsdoktrinen byggjer på grunnleggande føresetnader om den israelske staten sin tryggleik. Handel (1973) skilde mellom den israelske politisk-militære doktrinen sitt politiske, strategiske og taktiske nivå. Dei politiske grunnelementa i doktrinen kan oppsummerast slik⁵:

- 1) Den israelske tryggingsdoktrinen byggjer på ein føresetnad om at det sentrale målet for dei arabiske statane er å øydelegge staten Israel dersom dei har moglegheit til det.
- 2) Israel er militært og politisk isolert regionalt og globalt.
- 3) Israel er ein jødisk stat og ønsker å bevare denne nasjonale karakteren.
- 4) Fred er eit ønska mål for den israelske staten, men tryggleik er viktigare.
- 5) Israel er avhengig av å til ei kvar tid ha støtte frå minst ei stormakt.

⁵ Disse fem elementa vert brukt for å strukturere diskusjonen. Handel (1973:64-66) nemner fleire punkt som ikkje vert brukt i struktureringa av grunnelementa, med som vert teke omsyn til i diskusjonen.

Sidan Handel (1973) formulerte desse grunnelementa i den israelske tryggingdoktrinen har det vorett gjort fleirtallige analyser av israelsk tryggingpolitikk, som i hovudsak legg vekt på dei same hovudelementa som vert framheva her, sjå mellom anna Inbar (1996, 1998), Butenschøn (1992), Rodman (2001), Hinnebusch og Ehteshami (2002), og Telhami og Barnett (2002).

3.2 Israel i den arabiske verda

3.2.1 Staten Israel vert til

29. november 1947 vedtok dei Sameinte Nasjonar (SN) si hovudforsamling å anbefale å dele Palestina inn i ein jødisk og ein arabisk stat. Dei jødiske leiarane godtok resolusjonen, sjølv om dei ikkje var nøgde med dei grensene som var satte. Dei arabiske leiarane ønska ingen jødisk stat, og stemte for eit mindretalsforslag der det vart anbefalt å opprette ein føderal stat med ein jødisk og ein arabisk del (Reisch 1991:1467; Shlaim 2000:27). I etterkant av SN-vedtaket fulgte kamphandlingar mellom jødiske militære grupper og arabisk motstandsørslø. Den palestinske motstanden måtte gi etter, og dei jødiske gruppene tok kontroll også utover territoriet tildelt dei i SN-vedtaket (Shlaim 2000:33). 14. mai 1948 las David Ben-Gurion, som på dette tidspunktet var ein framstående leiar i sionistrørsla, opp deklarasjonen om jødisk sjølvstende og erklæra at den jødiske staten i Palestina skulle heite *Medinat Israel* – staten Israel. Grensene vart ikkje definert i erklæringa, for å halde ein ekspansjon utover SN-resolusjonen sine grenser open. 15. mai gjekk dei arabiske statane, Egypt, Transjordan, Syria, Libanon og Irak saman med palestinsk motstandsørslø til krig mot Israel. Israel fekk etter kvart overtaket i krigen, og kom ut av krigen med auka territorium og forsterka tru på den militære strategien i møte med den arabiske verda (Shlaim 2000:33-35, 47). Den nye staten var likevel geografisk sett liten, og mangla både strategisk dybde og naturlige grenser mot sine nabostatar.

3.2.2 "The Iron Wall"

Ze'ev Jabotinsky grunnla i 1935 gruppa *New Zionist Organization*. Jabotinsky fremma ein revisjonistisk sionisme som respons på at *the Zionist Organization*, sionistrørsla, si tilnærming var for moderat, og vert rekna som den israelske høgresida sin grunnleggar (Shlaim 2000:11). I artikkelen *The Iron Wall* forkasta Jabotinsky ei fredeleg løysing med arabarane, då han meinte det ville vere umogleg for arabarane å frivillig gi opp sitt land til fordel for ein jødisk stat. Løysinga var difor å byggje den jødiske staten bak ein jernvegg – *Iron Wall* – av militærmakt (Shlaim 2000:12-14). Ben-Gurion bygde vidare på denne strategien, og hevda at arabarane i Palestina ikkje ville inngå kompromiss som innebar ein jødisk stat i Palestina, og at staten dermed måtte verte til gjennom ei militærmakt som dei arabiske statane ikkje kunne overvinne (Shlaim 2000:16-19). Ben-Gurion sin strategi la også vekt på at det beste ikkje var å prøve å minimalisere konflikta, men heller å eskalere, og overvinne fiendane (Shlaim 2000:31).

Krigen i 1948-49 hadde ein psykologisk effekt på den israelske leiinga ved å vise fordelene med direkte handling framfor forhandlingar og diplomati. Sigeren var sterk kontrast til århundrer med forfølgjing og nederlag, og indikerte at samme taktikk burde følgjast frå no av i konflikt med den arabiske verda (Shlaim 2000:40). Fram til 1982 var det også ein brei konsensus for bruk av makt som eit legitimt middel for å løyse politiske problem (Jones 2002:123).

Den israelske tryggingspolitikken vert ofte karakterisert som eit klassisk døme på ein stat som opererer i tråd med påstandane frå realismen om korleis statar oppførere seg i det anarkiske systemet (Jones 2002:115). Denne koblinga kjem i følge Murden (2000:26) av at logikken frå realismen om at statar søker tryggleik gjennom maktpolitikk er framtreddande i den israelske tryggingspolitikken. Murden (2000:26-27) argumenterer vidare for at denne logikken vart forma av Israel sin posisjon i regionen. Den israelske staten måtte frå starten av legge vekt på å trygge sin territorielle integritet, nasjonale sjølvstende og overleving. Dei politiske omgivingane vart frå israelsk hald sett på som eit "zero-sum spel" – der den eine

aktøren ikkje kunne betre sin tryggleik utan at dette minska tryggleiken for den andre. Mange israelarar frykta at dei arabiske statane ønska å øydelegge den israelske staten, og ta livet av jødane (Murden 2000:26-27).

I tillegg hevdar Murden (2000:26-27) at ideen om at det er noko vondskapsfullt i den menneskelige natur var veletablert i den jødiske kulturen, og har ført til pessimistiske forventningar om andre aktørar sine intensjonar. Den israelske leiinga frykta ikkje berre at det verste kunne skje, dei forventa det. Sidan israelsk tryggleik var trua, og dermed måtte forsvarast, vart maktbruk eit rettferdiggjort middel (Murden 2000:26-27).

Israel vart etablert i ein region der den ikkje var velkomen, noko som førte til ein overlevingsstrategi som innebar både erobring og dominans (Butenschøn 1992:105). Den israelske staten vart oppfatta som eit framandelement i regionen, noko som førte med seg ein mangel på legitimitet. Denne mangelen på legitimitet inneber også ein mangel på tryggleik, noko som vart kompensert for med ei mistenksam og aggressiv haldning mot nabostatane og eksterne trygginggarantiar. At Israel vart avvist av den arabiske verden førte også til at Vesten støtta den jødiske staten. Med Holocaust friskt i minne såg den vestlege verden på staten Israel som jødane sin moralske rett (Butenschøn 1992:102). I følgje Butenschøn (1992:111) har Israel også utvikla eit krav om unilateral tryggleik. Dette inneber, i motsetnad til gjensidig tryggleik, at Israel ikkje godtek at motstandarane prøver å trygge seg mot åtak på same måte som Israel søkjer å trygge seg mot dei. Sjølv om Israel inngår fredsavtalar med dei arabiske aktørane, er dette ingen garanti for israelsk tryggleik. Israel må altså likevel vere den dominerande aktøren i regionen (Butenschøn 1992:111).

Shlaim (2001) karakteriserer denne doktrinen som ein jernvegg – inspirert av Jabotinsky sin *Iron Wall*. Arabarane vart møtt med militær maktbruk, ein maktbruk som skulle tvinge dei til å anerkjenne staten Israel, og dermed på lang sikt føre til fred mellom Israel og dei arabiske statane. Problemet i følgje Shlaim (2000:599) var at særleg høgresida i israelsk politikk, etter kvart ikkje såg på den militære maktbruken

som ein metode for å oppnå endring i retning av forsoning og fred, men som eit instrument for å fremme Israel sin posisjon i regionen.

3.2.3 Geografisk sårbarheit

Den israelske staten si politiske leiing la også vekt på å vege opp for staten sin geografiske sårbarheit. Denne sårbarheita grunna i at staten geografisk sett var liten, og mangla strategisk dybde og naturlige grenser. Den israelske leiinga frykta difor at ein krig på israelsk territorium ville føre til store skader, og at krigar difor burde først på fienden sitt territorium. Den geografiske situasjonen til Israel frå 1949 til 1967 kan difor forklare vektlegging av preventive åtak og forkjøpskrig (Rodman 2001:72).

IDF sin strategi vart også forma av det asymmetriske førehaldet mellom Israel og dei arabiske landa. Basert på dette vart det satsa på ein offensiv taktikk, noko som skulle unngå å måtte kjempe på to frontar samstundes. Dette gjorde også at Israel kunne velje når krigar skulle finne stad, og unngå tidspunkt der det var sannsynleg at stormaktene ville gripe inn på arabisk side (Inbar 1996: 44).

Det vart også rekna som ein fordel for Israel å avgjere eventuelle krigar raskt. Raske krigar ville minske sjansen for at globale aktørar grip inn i konflikten på arabisk side, og vere ein fordel for statar med kvalitativ militær styrke framfor kvantitativ, då kvantitativ styrke ville gjere seg meir gjeldande i lengre militære konflikter (Rodman 2001:74).

Israel bygde også den militære strategien på eit ønske om å avskrekke sine motstandarar frå å gå til krig ved å framstå med uovervinnelig styrke. Ved å kommunisere til den arabiske verda at å gå til krig mot Israel vil innebere større kostnader enn nytteverdi, forventa ein å avskrekke nye åtak. For å oppnå dette vart det lagt vekt på å svare mindre åtak med uproporsjonal styrke (Rodman 2001:77).

3.2.4 Staten ekspanderer

Både i Seksdagarskrigen i 1967 og Yom Kippur-krigen i 1973 utvida staten Israel sitt territorium. Dei nye territorielle tilskota til den israelske staten ga i følgje Mroz (1980:47) israelarar ei auka kjense av tryggleik. Det nye territoriumet ga auka strategisk dybde, og eit naturleg forsvar mot Syria frå Golanhøgda. Krigen i 1973 ga bevis på at dei nye landområda var strategisk viktige, då israelarane hevda det var dette territoriet som ga israelske styrker tid til å mobilisere slå tilbake etter det overraskande åtaket (Rodman 2001:73).

Seksdagarskrigen førte også til endringar i konflikten mellom Israel og arabarane. Israel overvann dei arabisk motstandarane med overbevisande effektivitet i løpet av berre seks dagar (Reisch 1991:1473). Utfallet av seksdagarskrigen var i realiteten eit teikn på at Israel sin kamp for eigen eksistens var over. Strategien om å vektlegge eit offensivt og sterkt militære hadde lukkast i å definere og trygge den nye staten (Murden 2000:29). Konflikten dreia seg etter dette meir om at dei arabiske aktørane forsøka å få tilbake dei områda Israel hadde tatt kontroll over i krigen (Reisch 1991:1473).

Men samstundes understreka Seksdagarskrigen dei arabiske aktørane sine fiendtlege intensjonar, og kor vanskelig det ville vere å komme fram til ei løysing (Reisch 1991:1473). Den eine parten sitt forsøk på å fremme sin eigen tryggleik vart oppfatta som ein trussel mot den andre parten. Dette leia til at graden av utryggleik og bruk av militærmakt auka i regionen (Murden 2000:29).

Sjølv om Yom Kippur-krigen, eller Oktoberkrigen som den også vert kalla, såg farlig ut i byrjinga, slo Israel hardt tilbake på åtaket, og klarte å begrense konflikta (Murden 2000:29). Krigen fekk likevel store konsekvensar for den israelske tryggingsdoktrinen og oppfatninga av eigen tryggleik. Israel kom riktig nok godt ut av krigen då dei klarte å erobre nytt land frå dei arabiske statane. Likevel følte israelarane i følgje Inbar (1998:63) ikkje at dei hadde vunne krigen. Krigen hadde påført Israel store tap, og svekka trua på IDF og den israelske tryggingsstrategien.

Dei tre hovudmomenta i israelsk tryggingsstrategi var i følgje Inbar (1998:71) avskrekking, tidleg varsling av åtak, og å vinne overbevisande i konflikter. Alle tre vart stilt spørsmål ved etter krigen i 1973. Ein årsak til dette var at krigen kom overraskande på den israelske politiske leiinga. Sidan dei no var militært overlegen dei arabiske statane, forventa dei at dette ville avskrekke dei arabiske statane frå å gå til åtak. Egypt og Syria hadde derimot ikkje vorte avskrekka frå å gå til åtak, og klarte difor å overraske Israel. IDF hadde problemer med å svare åtaket raskt og overbevisande, og krigen rysta den israelske trua på å kunne forsvare seg åleine (Inbar 1998: 71).

3.3 Israel åleine

3.3.1 Ein isolert stat

I følgje Handel (1973:64) bygde den israelske tryggingsdoktrinen på at Israel var militært og (i noko mindre grad) politisk *isolert* frå resten av verda, då staten ikkje var medlem av nokon politisk eller militær allianse og måtte dermed stole på eiga makt og kapabilitetar i konflikter. Trass Ben-Gurion sine gjentekne forsøk på femtitallet for å gjer Israel til ein del av ein forsvarsallianse, lukkast han ikkje med å få til ein formell gjensidig militær allianse med ein anna stat. Årsaken til dette var hovudsakleg at den staten som gjekk inn i ein allianse med Israel automatisk ville verte definert som ein fiende av dei arabiske statane. Det var også vanskelig å sikre ei ekstern permanent kjelde til forsyning av våpen. Denne isolerte posisjonen leia til ei haldning innad i den israelske leiinga om at Israel ikkje kunne vere avhengig av andre i krisesituasjonar (Handel 1973:10).

Politisk var Israel ikkje like einsam. I kraft av å vere den einaste sterke militære og politisk stabile staten i regionen oppnådde Israel i kortare og lengre perioder allianser med fleire av stormaktene. Alliansane strakk seg likevel berre til det punktet der

stormaktene sine interesser gjekk overens med dei israelske, og stormaktene kvidde seg for å formalisere alliansane (Handel 1973:10).

Mangelen på ein militær allianse som kunne gi våpen forsyningar leia til vektlegging av å vere militært sjølvberga. Dette prinsippet stamma også frå dei jødiske samfunna i Palestina før staten Israel vart oppretta. Delvis var vektlegginga av sjølvberging ein respons på myten om den svake jøden, og delvis ein respons på behovet for å forsvare seg frå åtak frå den arabiske befolkninga. Dette vart fulgt opp i den israelske tryggingdoktrinen, som la vekt på å vere sjølvberga med menneskekraft, i trenig av militære styrker, våpen, og etterretning (Rodman 2001:79).

Ben-Gurion la tidleg vekt på at Israel skulle kunne forsvare seg åleine og sjølvstendig. I utgangspunktet var Ben-Gurion skeptisk til internasjonale relasjonar, då jødane si historie frå tidlegare århundre og Holocaust hadde lagt grunnlaget for ei kjensle av utrygge og isolasjon. Konflikten med den arabiske verda var dermed berre forsterkande for denne kjensla, men ikkje åleine årsaka til den (Inbar 1996: 47).

Dei enorme utgiftene på grunn av våpenkappløpet i regionen vart ein byrde for den israelske økonomien. På grunn av mangel på naturressursar og tyngre industriell infrastruktur, var Israel avhengig av å importere tyngre våpen, og ta opp store lån (Handel 1973:8). Etterkvart gjekk Israel inn i eit meir formelt strategisk samarbeid med USA (Rodman 2001:80). Samarbeidet med USA endra likevel berre til ein viss grad den israelske oppfatninga av at jødane ikkje kunne stole på at eksterne aktørar ville gi dei tryggleik (Alpher 1994:231).

3.3.2 Valdeleg diplomati

Strategien om å tvinge arabarane til å anerkjenne staten Israel gjennom militær styrke har i følgje Murden (2002:28) delvis lykkast, som kallar denne strategien for valdeleg diplomati. Denne strategien vart ikkje berre rekna som *ein* mogleg måte å oppnå anerkjenning for den israelske staten sin eksistens, men *den einaste* måten. I 1977 overraska den egyptiske presidenten, Anwar Sadat, både arabiske og israelske leiarar

med å reise til Jerusalem der han erklæra at han var villig til å forhandle om fred med Israel. Med denne handlinga anerkjende Sadat, som første arabiske statsleiar, Israel sin rett til å eksistere (Reisch 1991:1474). I 1978 vart Egypt og Israel einige om Camp David avtalen, og i 1979 underteikna dei fredsavtalen.

3.3.3 Den kalde krigen tek slutt

1980-åra innebar positive utviklingar for den israelske tryggleiken. Mot slutten av tiåret var Israel sterkare militært sett enn nokon gong tidlegare i staten si historie (Marcus 1989:233). Forholdet til USA vart betre, og krigen mellom Irak og Iran (1980-88) tok merksemda vekk frå Israel, og minska sannsynet for eit arabisk åtak på Israel. Basert på desse endringane vart, i følgje Inbar (1998:68-69) den geostrategiske situasjonen for Israel betra.

I følgje Inbar (1998) var Gulfkrigen eit vendepunkt i den israelske oppfatninga av sin eigen tryggleik. Åtaket frå Irak vart ikkje sett på som ein eksistensiell trussel, og strategien om å svare intensivt og beinvegs for å oppretthalde avskrekking vart ikkje fulgt. At Sovjetunionen kollapsa var også viktig for endringa av trusseloppfatninga. Dette innebar at maktbalansen i Midtausten endra seg, sidan Israel sine motstandarar no mista støtten frå Sovjetunionen (Inbar 1996:45). Ein anna konsekvens var at russiske jødar no kunne utvandre til Israel og dermed styrke den israelske staten. Den amerikanske sigeren i Gulfkrigen vart også rekna som positivt for israelsk tryggleik (Inbar 1998:70).

Samstundes som Israel vart sterkare, hadde krigen i 1967 akselerert syrisk opprusting, og etter revolusjonen auka Iran sitt engasjement i den israelsk-arabiske konflikta. Det valdelege diplomatiet klarte ikkje å presse Syria til å gi opp Golanhøgda, eller palestinarane til å gi opp kampen for ein eigen stat (Inbar 1998:67). Då Egypt trakk seg ut av konflikten, inntok Syria rolla som den leiande staten i den arabiske motstanden mot Israel. Eit våpenkappløp tok til mellom Israel og Syria, samstundes som okkupasjonen av Vestbreidda forsterka den palestinske motstanden (Murden

2000:29). Israelske leiarar var også under internt press på grunn av intifadaen (Murden 2000:29).

Fredsavtalen med Egypt letta den politiske og militære situasjonen for Israel, men den israelske leiinga sin eksistensielle frykt vedvarte. Egypt vart framleis rekna som ein del av ein arabisk verden som ikkje var klar for å akseptere Israel som ein del av regionen (Inbar 1998:67). I tillegg utgjorde Syria, Irak, Jordan og Saudi Arabia samla sett framleis ein relativt stor militær trussel (Inbar 1998:67). I tillegg tok Irak i bruk langdistanseraketar i sine åtak på Teheran, noko som viste at også Israel var innan rekkevidda til dei irakiske raketane (Inbar 1998:68-69).

Frå amerikansk hald understreka Gulfkrigen Egypt og Saudi Arabia som viktige aktørar i regionen, noko som førte til auka amerikansk press på Israel for å oppnå fredsavtalar med arabarane (Inbar 1998:73). USA tok initiativet til ein internasjonal fredskonferanse i Madrid i 1991, og pressa Israel til å delta (Murden 2000:30).

Konferansen sin intensjon var å opne for samtalar og kommunikasjon mellom partane i Midtausten. Konferansen leia til fleire forhandlingsrunder, og seinare til Oslo-avtalen mellom Israel og PLO i 1993, og ein fredsavtale mellom Israel og Jordan i 1994.

3.4 Den etniske nasjonalstaten

3.4.1 Eit demografisk problem

I tillegg til den geografiske sårbarheita vart den israelske tryggingstrategien også påverka av staten sin demografiske situasjon. Den jødiske populasjonen i Israel var svært liten, særleg i forhold til arabarane. Ein stor profesjonell hær ville ha gjort økonomisk framgang vanskelig då store delar av befolkinga ville vore utanfor arbeidsstokken. Israel har difor ein hær som i fredstider framstår som ei lita gruppe profesjonelle soldatar, supplert av eit større antall personar som til ei kvar tid avgir

obligatorisk militærtjeneste. Dette igjen vert supplert av eit avgrensa antall reservar som er tilgjengelig for militærtjeneste nokre månadar kvart år. Alle som har vore i IDF og som ikkje vart profesjonelle soldatar fungerer som reservar. Antall soldatar kan soleis variere mellom krig og fredstid, og haldast på minimum i fredstid for ikkje å forstyrre økonomien (Rodman 2001: 73-74). Systemet med reservistane førte til nærmast militær krise i 1973 då Israel vart overraska av dei arabiske åtakene. Sidan 1990 åra har det vore snakk om endring av systemet med reservar, men det er framleis uvisst kva endringane går ut på. Endringane er foreslått på grunn av at populasjonen har auka, noko som gir grunnlag for ein større permanent hær, og fordi krigføring i auka grad har vorte høgteknologisk, og behovet for profesjonelle soldatar for å handtere denne teknologien har auka (Rodman 2001:74).

Den jødiske befolkinga i Israel er i dag over 5,4 millionar (Jewish Virtual Library 2007), ei folkeauke som mellom anna har kome ved å fremje jødisk immigrasjon frå andre delar av verda til Israel. Den jødiske majoriteten har vorte til ved at store grupper palestinarar vart tvungne til å flykte frå landet. Det palestinske flyktningeproblemet oppsto allereie i opprettinga av staten Israel, då om lag 700 000 palestinarar måtte flykte (UNRWA og UNHCR 2007:2). På grunn av kampane under seksdagarskrigen i 1967 måtte 500 000 palestinarar flykte (SN 1990). I 1950 talte SN 900 000 palestinske flyktningar, og i 2005 hadde talet på registrerte flyktningar veksle til 4,4 millionar (UNRWA 2007a, 2007b).⁶ Allereie i 1948 stilte SN spørsmål om kven som hadde ansvar for flyktningane, og at hovudsaka var om flyktningane ville få returnere til sine heimar. Den jødiske leiinga fraskreiv seg ansvaret, og nye israelske immigrantar hadde behov for områda palestinarane hadde flykta frå (Neff 1988:99). Den nye jødiske staten hevda at sidan dei arabiske statane satte i gang krigen, var flyktningane deira ansvar (Neff 1988:101).

⁶ SN sin definisjon av palestinske flyktningar omfattar palestinarar som flykta i tida 1948-49, og deira etterkommarar. SN sin definisjon inkluderer berre flyktningar busett i Libanon, Syria, Jordan, Vestbreidda og Gazastripa. Talet stig, og held fram å stige, på grunn av naturleg populasjonsvekst (UNRWA 2007a , 2007b). Det er vanleg å opererer med eit høgare tal enn dette.

Israel definerer seg sjølv som ein demokratisk jødisk nasjonalstat. Trass SN sine resolusjonar om at flyktingane har rett til å vende tilbake (SN 1948, SN 1967), argumenterer Israel for at dersom flyktingane vender tilbake vil dette true den israelske staten sin jødiske karakter (CNN 2005).

3.4.2 Defineringa av nasjonalstaten

Den etablerte israelske definisjonen av nasjonen er knytta til det etno-religiøse samfunnet av jødar, ikkje til eit territorielt definert samfunn som inkluderer ikkje-jødar (Butenschøn 1992:112). Territorielle erobringar og kampen for trygge grenser er dermed berre viktig i den grad det gir den jødiske nasjonen ein territoriell basis for overleving og vidare utvikling. Utfordra av omgivnader som tradisjonelt nektar staten Israel legitimitet som ein jødisk stat, kan Israel i enno mindre grad enn andre statar akseptere militære nederlag. Dette ville ikkje berre vore eit nederlag for den jødiske staten, men slik israelarane ser det også true den fysiske eksistensen til den jødiske nasjonen landet (Butenschøn 1992:112). For å forsvare den jødiske staten sin eksistens i regionen, krev Israel i følge Butnschøn (1992:12) altså unilateral tryggleik.

Alpher (1994:229) legg vekt på at den israelske nasjonale oppfatninga av truslar er eksistensiell. Sjølv om Israel ikkje står ovanfor ein samla fiendtleg arabisk verden lenger, ligg framleis dei negative konnotasjonane i den israelske underbevisstheita. Alpher (1994) argumenterer også for at den israelse oppfatninga av truslar og tryggleik er altomfattande:

(...) an additional level of perception about security that is not necessarily entirely rational (...) [U]nder conditions in which the very conception of security *is* security: (...) the very perception by Israelis of their insecurity, however subjective, tends to become a critical factor in the attempt by the leadership to develop a security policy (Alpher 1994:231-232).

Vidare hevdar Alpher (1994) at militær aggressjon og terrorisme mot Israel og jødar hentar fram minne om Holocaust og tidligare forsøk på å øydelegge det jødiske folket. Israelske bekymringar for eigen tryggleik kan også vere ein reaksjon på at

staten si levetid hittil har vore prega av krig (Alper 1994:231). Det faktum at staten sine territorielle grenser enno ikkje er endeleg fastsette, bidreg til denne ekistensielle trusseloppfatninga.

IDF var også konstruert med vektlegging av kvalitativ framfor kvantitativ styrke. Den begrensa tilgangen på militært personell gjorde at ein måtte satse på å vege opp for dette med å vere betre kvalifisert enn dei kvantitativt større arabiske motstandarane (Handel 1973:68, Rodman 2001:75).

Sjølv om Israel ikkje har innrømma offentleg at dei har tilgang på atomvåpen, vert Israel rekna som den einaste atommakta i regionen (Hinnebusch og El-Shazly 2002:82). I følgje Rodman (2001:77) har Israel også i indirekte brukt denne kapasiteten for å avskrekke sine motstandarar, ved å love å svare eventuelle atomåtak med same mynt.

3.5 Tryggleik framfor alt

3.5.1 Fred versus tryggleik?

I følgje Handel (1973:64) var fred eit ønska mål for den israelske leiinga, men tryggleik var prioriterk som viktigare. Ein fredsavtale som gjekk på akkord med israelsk tryggleik var dermed uaktuelt (Handel 1973:64). Denne oppfatninga av at fred og tryggleik kan vere motsetningar til kvarandre, kom tydeleg fram fredsprosessen mellom Israel og palestinarane.

Sjølv om viljen til fred var tilstades i begge Rabin og Peres sine regjeringar, var det aldri snakk om å gi opp kravet om unilateral tryggleik. Dei spesifikke løysingane var dermed vanskelig å komme fram til. Langsiktige løysingar ville kreve å gi opp land, og dermed å reformulere den israelske tryggingsdoktrinen. Rabin nekta å gå inn i forhandlingar med PLO leirarar før i mai 1993. Men kan forhandlingar med PLO, sjåast som eit radikalt steg i retning av å forstå det palestinske folket sitt ønske om

autonomi. Mellom 1993 og 1995 førte også forhandlingane til framgang i forholdet mellom Israel og palestinarane (Murden 2000:31).

Fredsprosessen mellom Israel og PLO vekka til live debatten om å prioritere territorium framfor demokrati og ein mogleg fred for det jødiske folket. Golanhøgda og Vestbreidda representerer auka tryggleik fordi dei gir Israel betre forsvar mot fiendtlege naboar. Men samstundes ville det å gi opp desse områda, saman med krav om demilitarisering av tilgrensande arabiske områder, kunne leie til permanente avtalar om tryggleik mellom Israel og arabarane (Alpher 1994:232).

3.5.2 Definerings av nye fiendar

Sjølv om Rabin i fredsforhandlingane på 1990-talet erklæra at Israel ikkje lenger var ein isolert stat i regionen, la han likevel vekt på at Israel framleis måtte vere førbudd på alvorlige militære utfordringar, og at truslane mot Israel berre hadde endra karakter og avsendar. Den nye trusselen kom frå betra militærteknologi i regionen, og frå andre statar enn dei nærmaste naboane. Betra militærteknologi gjorde at også desse kunne råke Israel (Inbar 1998:70).

Sjølv om Israel allereie hadde inngått fredsavtalane med fleire arabiske statar, understreka Rabin at Israel sto ovanfor alvorlige regionale truslar, særleg radikale islamistiske grupper i dei arabiske statane utgjorde ein potensiell trussel. Dersom desse gruppene fekk kontroll over dei arabiske regjeringane som hadde inngått fredsavtalane med Israel, ville desse utgjere alvorlige truslar mot staten Israel (Inbar 1996:47). Revolusjonen i Iran og det nye iranske regimet si fiendtlege haldning ovanfor Israel var ein påminnar om at i utgangspunktet Israel-vennlege regimer kunne endre kurs. Peres identifiserte også Iran som Israel sin hovudfiende, både på grunn av mistankar om at det iranske regimet prøvde å utvikle atomvåpen, og på grunn av den iranske støtta til Israel-fiendtlege grupper (Inbar 1996:47).

Israel held i følgje Alpher (1994:230) fram med å oppfatte ekstreme arabiske aktørar, og det iranske regimet sine handlingar og uttalingar som ei avvising av Israel sin fysiske eksistens. Dei siste åra har israelarar spora denne avvisinga særleg hjå radikale islamske aktørar og det iranske regimet.

3.5.3 Fredsprosessen vert avbroten

Benjamin Netanyahu og høgrepartiet Likud kom til makta i 1996. Netanyahu var i mot prinsippet om å gi opp land for å oppnå framgang i fredsforhandlingane, og retta fokus på arabisk terrorisme og mangel på demokrati. For å trygge Israel sin eksistens hevda Netanyahu at militær styrke var avgjerande, også i fredsforhandlingar (Murden 2000:39).

Fredsprosessen stagga mykje på grunn av at arabarane ikkje var villige til å gi den responsen Israel ønska, men også opp på grunn av fastgrodde israelske haldningar. Den israelske leiinga sin ide om den arabiske fienden og at det var naudsynt å bruke militærmakt i regional politikk hindra forsøket på å forme ei felles kjensle av tryggleik i regionen (Murden 2000:26).

Den 23. juli 2001 vedtok den israelske regjeringa å byggje det dei omtala som eit tryggingsgjerdet⁷ langs Vestbreidda. Den israelske grunngevinga for gjerdet var å hindre terroristar frå Vestbreidda fri entré til Israel, og dermed trygge det israelske folket (Israelsk Forsvarsdepartement 2007). Når tryggingsgjerdet står ferdig vil det vere over 700 kilometer langt.

Tryggingsgjerdet vert byggja i stor utstrekning gjennom Vestbreidda, og ikkje langs våpenlinjene frå 1949 (B'tselem 2007). Tryggingsgjerdet har møtt massiv kritikk, og Den Internasjonale Domstolen i Haag erkjente at gjerdet var i strid med internasjonal lov fordi den braut med palestinarane sine rettar. Domstolen råda Israel til å fjerne gjerdet, gi tilbake konfiskert jord og rette

⁷ Namnet tryggingsgjerde (*security fence*) er omstridt. Gjerdet vert også kalla "mur" og "apartheidmur".

opp skader på palestinske eigedom som hadde funne stad på grunn av opprettinga av gjerdet. Palestinske leiarar hevda at gjerdet var eit forsøk frå israelsk side på å konfiskere palestinsk jord, og sette permanente grenser for staten utan å forhandle med palestinarene (CNN 2004). Også SN si generalforsamling har vedteke at tryggingsgjerdet bør rivast. Israel erklæra derimot på førehand at verken resolusjonen i generalforsamlinga eller det rådgivande fråsegnet frå domstolen i Haag ville stagge bygginga av gjerdet (Aftenposten 2004).

3.6 Stormaktsstøtte

3.6.1 Ekstern balansering

På grunn av dei begrensa ressursane til den israelske staten, la den israelske leiinga vekt på å få støtte frå minst ei av stormaktene for å nøytralisere ein potensiell trussel om at ei anna stormakt skulle intervenere på motstandaren si side. Eit godt forhold til minst ei stormakt var også ønskelig i fredstider for å trygge tilgang til våpen som ikkje kan produserast i Israel (Handel 1973:64). I følgje Inbar (1996:41), er Israel eit typisk døme på ein liten stat som på grunn av begrensa kapasitetar må søke støtte frå andre statar for å styrke sin posisjon i den regionale maktbalansen.

Strategien om å finne støtte til den israelske staten i stormakter stammar frå Theodor Herzl, den politiske sionismen sin far, og grunnleggjaren av *the Zionist Organization* ved den første sionistkongressen i Basel i 1897 (Shlaim 2000: 5,12). For å oppnå eit politisk sentrum for jødane i Palestina, forsøkte Herzl først å få løyve frå den Osmanske sultanen, som på Herzl si tid hadde kontroll over Palestina. Herzl prøvde også å få støtte til prosjektet frå andre politiske leiarar i Italia, Tyskland og Storbritannia (Shlaim 2000:5).

Israel var ein liten stat omringa av andre statar som ikkje godkjente at den eksisterte, noko som medførte at Israel søkte utanfor regionen for støtte for å oppheve asymmetri i ressursar mellom Israel og ein samla arabisk verden (Inbar 1996:42). Ben-Gurion kom tidleg fram til at Israel alltid burde ha ei stormakt som sin beskyttar. Ein liten stat med få ressursar har ikkje råd til å vere isolert i verdssamfunnet i krigstider. For å beskytte israelske nasjonale interesser ville økonomisk, militær og diplomatisk støtte frå ei stormakt, helst USA, vere avgjerande (Rodman 2001:80-81).

3.7 Oppsummering og implikasjonar

Basert på denne diskusjonen av grunnelement i den israelske tryggingdoktrinen ser ein at fleire faktorar har vore relativt stabile.

Sjølv om fredsavtalane med Egypt og Jordan viser at Israel ikkje lenger står ovanfor ein samla arabisk motstand, finn israelske leiarar likevel grunn til uro. Revolusjonen i Iran viste at dei Israel-vennlige regima kan skifte retning, og dei radikale islamistiske gruppene i dei arabiske statane kan utgjere ein trussel mot Israel dersom dei får større spelerom.

Det grunnelementet i den israelske doktrinen som har endra seg mest er føresetnaden om at Israel er ein isolert stat. Det strategiske samarbeidet med Jordan og Tyrkia, samt det nære forholdet til USA har minska den israelske oppfatninga av at Israel er åleine.

Den etno-religiøse definisjonen av staten Israel er framleis ei aktuell problemstilling for israelske leiarar. Forholdet til palestinarane er framleis eit uløyst dilemma, og staten sine grenser er framleis eit omstridt tema. Israel står også framleis ovanfor dilemmaet mellom å oppretthalde den aggressive militære strategien, og å inngå kompromiss for å oppnå langsiktige løysingar på konflikten med palestinarane og nabostatane. Hittil har prinsippet om å trygge staten på kort sikt gått føre det å inngå kompromiss, noko den israelske muren er eit døme på.

Forholdet til USA står framleis sentralt i den israelske tryggingsdoktrinen, og særleg viktig er den amerikanske garantien om at Israel skal ha kvalitativt militært overtak mot alle potensielle fiendar i regionen.

Desse grunnelementa har ført til ein israelsk strategi som er basert på kravet om unilateral tryggleik, og ei offensiv militær doktrine. Kva implikasjonar kan ein utleie av at desse grunnelementa er stabile? Basert på diskusjonen over kan ein forvente at dersom Israel oppfattar at ein regional trussel er under oppbygging vil denne bli møtt med massiv militær motstand. I tillegg kan ein forvente at sidan prinsippet om å ha støtte frå ei stormakt i kritiske situasjonar framleis ligg fast, er det sannsynlig at Israel ikkje vil handle utan indirekte eller direkte støtte frå USA.

4. Julikrigen 2006

4.1 Innleiing

Dette kapittelet vil for det første ta føre seg dei ulike aktørane på den regionale arenaen som danne bakteppe for Julikrigen. Dette inkluderer først og fremst Hizballah, Syria og Iran, og i mindre grad Libanon, Irak, Egypt og Jordan. Israel sitt forhold til USA vil også verte vektlagt. Gjennomgangen av dei ulike aktørane vil ikkje vere ein fullstendig gjennomgang av deira interesser og rolle i regionen, men ei veklegging av deira rolle i forhold til Julikrigen og Israel.

For det andre vil kapittelet gi ei beskriving av Julikrigen. I beskrivinga av krigen vil den israelske taktikken og strategien bli vektlagt.

Denne informasjonen vil i kapittel fem verte analysert i forhold til grunnelementa i den israelske tryggingdoktrinen, ved hjelp av teoretiske innfallsvinklar frå nyrealismen.

4.2 Den arabiske konstallasjonen

4.2.1 Hizballah – ein stat i staten

Å kartlegge Hizballah sine militære kapasitetar er vanskeleg, då det ikkje finst nokon offisiell oversikt. Militære analytikarar omtala Hizballah sine prestasjonar i krigen som sjeldne, basert på at gruppa makta å stå i mot dei massive åtaka frå Israel nok til å halde fram med sine åtak gjennom heile krigen. Hizballah tok også i bruk iransk designa radarstyrte missilar i krigen, våpen som israelsk etterretning ikkje visste Hizballah hadde tilgang på. Det vert rekna at gruppa har ein militær styrke på 5000

menn delt opp i desentraliserte celler, og har bygd underjordiske tunellar i Sør-Libanon, og utvikla sofistiskert bevæpning (Al Jazeera 2006f).

Israelsk utanriksdepartement (2007) hevda på si side at Hizballah i 2006 hadde ei styrke på 15 000 væpna menn plassert rundt på ulike stader i Libanon. Israel hevda vidare at Hizballah hadde utvikla eit omfattande nettverk av underjordiske gangar beskytta mot luftåtak, og at store mengder våpen hadde vorte frakta inn frå Syria og Iran. Førestillinga om Hizballah som ein geriljastyrke med beskjedne kapasitetar var i følgje Israel ein illusjon (Israelsk Utanriksdepartement 2007).

Hizballah oppsto i hovudsak som ein reaksjon på den israelske invasjonen av Libanon i 1982, og vart sponsa av Syria og Iran. Dei israelske åtaka på libanesisk infrastruktur og sivile tap i åtaka førte til auka oppslutning om denne motstanden også frå andre enn shiamuslimane. Basert på dette kan ein argumentere for at Hizballah var skapt av Israel (Norton 2000:26-27).

For Syria var Hizballah ein måte å beskytte sine interesser og sin posisjon i Libanon, og for Iran var Hizballah eit instrument for å spreie revolusjonen (Norton 2000:24). Hizballah var også tydeleg inspirert av iransk opposisjon mot amerikansk og israelsk påverknad i regionen (Norton 2000:25-26).

Sjølv om Hizballah vart oppretta med støtte frå Iran og Syria, er Hizballah i følgje Norton (2000) også ein sjølvstendig organisasjon. Hizballah sine medlem er integrert i det libanesiske samfunnet, og har ønskjer og håp for Libanon si framtid (Norton 2000:26). På slutten av 1990-talet hadde Hizballah utvikla seg til eit sofistiskert politisk parti, og finansierte eigne skular, sjukehus og sosial stønad til den ofte fattige shiamuslimske befolkinga i Libanon (Norton 2000:28,35). Hizballah har også bygd eit omfattande nettverk av sosiale institusjonar som fyller roller det libanesiske offentlege velferdssystemet ikkje klarar å fylle (Norton 2000:35).

At Syria involverte seg i fredsforhandlingar med Israel, og den mindre aggressive iranske presidenten Rafsanjani, førte til ei reevaluering innad i Hizballah av kva

funksjon organisasjonen skulle ha. Dersom organisasjonen mista støtta frå Syria og Iran, ville ei avvæpning vere uunngåelig. Denne reevalueringa førte til at Hizballah stilte til val for første gong i 1992. Hizballah vann åtte seter i det libanesiske parlamentet, og utgjorde dermed den største opposisjonsgruppa. Etter dette utvikla Hizballah eit rykte for å vere ein seriøs politisk aktør, med pragmatiske allianser og taktikkar i parlamentet (Norton 2000:28). Hizballah har etterkvart fått så stor makt at gruppa vert karakterisert som ein stat i staten.⁸

Etter at Israel trakk seg ut har Hizballah understreka at sjølv om dei ikkje vil legitimere Israel, vil dei velje sine åtak pragmatisk, ikkje dogmatisk. Leiinga har også understreka at sjølv om dei støttar palestinarane sin kamp, er frigjeringa av Palestina først og fremst opp til palestinarane. Før valet i 2000 la Hizballah større vekt på interne problemar i Libanon enn på Israel og regionale saker (Norton 2000:33).

4.2.2 Den libanesiske arenaen

På mange måtar dannar den svake libanesiske staten grunnlaget for Julikrigen, då den gir rom for Hizballah sin aktivitet i sør, og er sårbar for påverknad frå andre regionale aktørar. Det libanesiske folket inkluderer 18 ulike religiøse grupper, noko som har stor politisk betydning. Både kristne og muslimar er delt opp i ulike grupper og retningar. Av dei kristne gruppene er Maronitane størst, medan shia-muslimane vert antatt å vere den største muslimske gruppa.⁹ Dei kulturelle skilja i landet legg grunnlag for den politiske maktfordelinga, først i 1943 gjennom Nasjonalpakta, og så i Taif-avtalen¹⁰ frå 1989 (Erichsen 2005, CIA Factbook 2007a).

⁸ I følge Lebanon Today brukte også statsminister Siniora dette uttrykket under krigen. Siniora uttrykte at Hizballah hadde bygd ein stat inne i staten Libanon, og burde avvæpnast (Lebanon Today 2006).

⁹ Å få presise estimat på dette er vanskelig, då det ikkje har vore folketeljing i Libanon sidan 1932.

¹⁰ Taif-avtalen var resultat av forhandlingar for å løyse konflikten bak den libanesiske borgarkrigen. Forhandlingane fann stad i Taif i Saudi Arabia. Avtalen overførte meir makt til den muslimske delen av befolkninga, og la vekt på avvæpning av alle militsgrupper i landet (Rabil 2003:79-80).

Borgarkrigen som braut ut i 1975 var hovudsakleg ein maktkamp mellom radikale muslimske grupper, og høgreorienterte kristne grupperingar. Israel involverte seg i krigen gjennom si støtte til Maronitane, mellom anna for å hindre PLO og Syria i å få kontroll over Libanon. Syria involverte seg også i krigen, mellom anna for å styrke hindre Israel i å svekke syrisk innverknad på staten (Rabil 2003:43). Taif-avtalen markerte byrjinga på slutten av borgarkrigen. Avtalen sikra også syrisk militær, politisk og kontroll over Libanon, og Hizballah vart dermed ein effektiv måte for Syria til å rette militært press mot Israel (Rabil 2003:80).

4.2.3 Syria – den arabiske nasjonalisten

At Egypt slutta fred med Israel førte i større grad til at Syria såg seg sjølv som den viktigaste arabiske aktøren i kampen mot Israel (Hinnebusch 2002:143).

I 1950-60 åra var Egypt den einaste arabiske aktøren med midlar til å prøve å oppnå regionalt hegemoni og tok leiing i kampen mot Israel, og under Nasser var Egypt ei regional stormakt. Etter den israelske okkupasjonen av egyptisk land etter krigen i 1967, måtte derimot Egypt justere sine ambisjonar, og etter fredsavtalen med Israel i 1979 vart Egypt mellombels isolert i den arabiske verda. Sidan då hadde også Egypt sin sterke nasjonalisme og rolla som arabisk frontfigur vorte svekka av kampen for økonomisk overleving (Hinnebusch 2002:91-93). Alliansen mellom Egypt og USA tok til gjennom den amerikansk arrangerte fredsavtalen mellom Israel og Egypt. Sjølv om avtalen med Israel og samarbeidet med USA var ikkje polulært innad i staten, har regimet ikkje hatt moglegheit til å endre kurs på grunn av den økonomiske avhengiga av USA (Hinnebusch 2002:108-109).

Også Jordan forlot den arabiske alliansen, og utvikla eit nært samarbeid med USA allereie på 1950-talet (Dessouki og Kheir 1991:229). Israel og Jordan underteikna ein offisiell fredsavtale i 1994, og har i følge Israel utvikla eit godt diplomatisk forhold som også inneber økonomisk samarbeid (Israelsk Utanriksdepartement 2006c).

Fredsavtalen mellom Israel og Egypt, samt den israelske invasjonen av Libanon i 1982 førte til syriske opprustingar for å skape avskrekking, men også for å styrke Syria sin posisjon i forhandlingar og diplomati (Hinnebusch 2002:143). I følgje Hinnebusch (2002:156) var også alliansen mellom Syria og Iran, som oppsto under Irak-Iran krigen, eit resultat av Syria sin kamp mot Israel. Då Irak invaderte Iran, argumenterte Assad for at dette var eit feilsteg som ville splitte den arabiske verda i kampen mot den verkelege fienden – Israel (Hinnebusch 2002:156).

Innan midten av 1980-talet var Syria ein svært godt utrusta militærstat i forhold til sin storleik. Sjølv om dette framleis ikkje var tilstrekkelig til å konfrontere Israel offensivt, verka det avskrekkande på eit israelsk åtak, då dette ville bli kostbart, og utan garanti om at Syria ville bli overvunne (Hinnebusch 2002:150). Israel vart rekna som Syria sin hovudfiende, og presidentskapet til Hafez al-Assad var i stor grad dominert av forsøk på å utjamne denne ubalansen (Hinnebusch 2002:144). Assad kom til makta i 1970, og utvikla Syria frå å vere ein penetrert og ustabil stat, til å verte ein viktig aktør på den regionale arenaen (Hinnebusch 2002:147). Assad utvida syrisk militærmakt for å kunne avskrekke og balansere mot Israel. Etter tapet i 1967 rusta Assad ytterligare opp, noko som førte til betra prestasjonar i krigen i 1973 (Hinnebusch 2002:150). Det er samstundes tvilsamt at desse militære kapasitetane kan halde følgje med motstandarane i dag. Syria har tvert i mot nok med halde det gamle sovjetiske utstyret ved like (Hinnebusch og El-Shazly 2002:83).

Syria rekna seg sjølv som hjarte og sentrum i den arabiske verda, noko som forma den syriske utanrikspolitikken. Særleg leia det til ei syrisk oppfatning av å ha spesielle rettar og plikter ovanfor Libanon og Jordan, som hadde vore ein del av det opprinnelige Syria før kolonitida (Hinnebusch 2002:141-143).

Blandinga av panarabiske og pansyriske ambisjonar, mostand mot sionismen og vesten gjorde Syria til ein revisjonistisk stat. Tapet av Golan-høgda i 1967 førte til at syrarane følte seg trua i enno større grad, og ga nye motiv for revisjonismen (Hinnebusch 1991:374). Dette gjorde konflikten meir intens, men førte også til endring av oppfatning av ideen om den arabiske nasjonen. Frå å vere ei sak Syria var

villig til å ofre seg for, vart den no eit middel for å oppnå syriske mål (Hinnebusch 2002:142).

4.2.4 Det irakiske Baath regimet

Staten Irak vart danna i 1921 som ein del av ei reorganisering av Storbritannia sine interesser i regionen (Dawisha 2002:119). Den nye staten inkluderte ein populasjon med ulike etniske og religiøse grupper, der sunni-muslimane utgjorde 20-22 prosent, kurderane 18-20 prosent, og shia-muslimane utgjorde 55-60 prosent. På grunn av samansetninga har staten sin identitet vore eit stridsspørsmål (Tripp 2002:168-169). I den israelsk-arabiske konflikta var Irak si rolle i følgje Tripp (2002:175) hovudsakleg av ein demonstrativ karakter. Dette innebar ofte radikal retorikk og støtte til einskilde palestinske grupper, samt at Irak retta missilåtak mot Israel under Kuwait-krigen. Bortsett frå dette har irakisk innblanding i den israelsk-arabiske konflikten vore avgrensa.

Den samansette irakiske staten har også påverka Irak si rolle i regionen, på grunn av linkar mellom dei ulike gruppene og regionale aktørar. Kurderane har påverka irakisk politikk ovanfor Tyrkia og Iran. Også shia-befolkninga i landet har påverka regimet sitt forholdt til Iran, særleg etter den iranske revolusjonen i 1979 (Tripp 2002:177). Revolusjonen inspirerte shia-befolkninga i Irak til auka merksemd om sin shia-muslimske identitet – i forhold til det sekulære og sunni-dominerte irakiske regimet, og det iranske regimet prøvde aktivt å auke sin innverknad på shia-befolkninga i Irak (Dawisha 2002:130).

Etter at Saddam vart felt av den amerikanske invasjonen, har Irak si rolle i regionen endra seg dramatiske. Staten er i dag ein svak stat prega av indre uro, og dei amerikanske og internasjonale troppane bidreg på den eine sida til å halde situasjonen under ein viss kontroll, men samstundes vekkjer okkupasjonen sterk motstand i delar av befolkninga. I følgje Susser (2007) har Baath-regimet sitt fall styrka shia-befolkninga sin posisjon i landet, og gjennom si støtte til shia-muslimane i Irak har også Iran styrka sin posisjon i regionen.

4.3 Ikkje-arabiske aktørar

4.3.1 Iran

Særleg sidan 1970-talet har Iran vorte ein stadig viktigare aktør i regionen. Etter revolusjonen har den islamske staten markert seg som ein uavhengig og trassig regional aktør. Den iranske revolusjonen endra den regionale orden, og republikken er i dag ei regional mellommakt i Midtausten (Ehteshami 2002:283-284).

Republikken si geografiske plassering har forma iransk utanrikspolitikk, både på grunn av stormakter som har prøvd å påverke, og fordi den har lagt til rette for persisk påverknad i Asia. Frykten for å misse autonomi til territoriell integritet har vore basis for iransk nasjonalisme i generasjonar. Redselen for stormaktsinnblanding i samband med ei overbevising om å klare å motstå dette presset har ført til feilslåtte kalkuleringar av både eigne kapasitetar og makt, og andre aktørar sine kapasitetar og motiv (Ehteshami 2002:284-285).

Kampen for regionalt herredømme har lenge vore ein del av iransk utanrikspolitikk. Ideen om at Iran bør ha påverknadskraft i regionen er grunnlagt i nasjonen si historie og geografi, og ein ide om seg sjølv som ein av dei få naturlige statane i regionen og ein gammal territorielt etablert sivilisasjon. Dette vart særleg synleg frå 1970-åra, då iransk utanrikspolitikk tok sikte på å verte den vestlige verden si viktigaste søyle i regionen, og å verte den fremste militærmakta i Midtausten (Ehteshami 2002:287).

Etter revolusjonen i 1979 har iransk utanrikspolitikk også fått ein religiøs dimensjon. Den religiøse profilen vert brukt som årsak til å støtte politikk mot fleire av aktørane i regionen, mellom anna til islamistiske organisasjonar i Afghanistan og Hizballah i Libanon (Ehteshami 2002:287). På 1980-talet byrja Iran å auke sin påverknad i Levanten ved å betre forholdet til Syria og shiamuslimske grupper i Libanon. Iran involverte seg også i større grad i den israelsk-arabiske konflikten, særleg ved å støtte palestinarane i kampen mot Israel og ved å islamisere kampen mot Israel (Ehteshami 2002:298).

Revolusjonen endra dramatisk den nasjonale innenriks politikken, økonomien og samfunnet, og endra også den geostrategiske balansen i Midtausten (Maloney 2002:88). Det nye regimet proklamerte ein ny identitet, ein identitet som særleg fekk påverknad på Iransk utanrikspolitikk. Regimet tok avstand frå den tidlegare pro-amerikanske utanrikspolitikk, og trua den regionale status-quo og stabiliteten i det internasjonale systemet (Maloney 2002:89).

Persisk nasjonalisme byggjer på ideen om Iran som ein stor sivilisasjon i historia og framtida, og som regional stormakt. Iransk anti-imperialisme oppsto i reaksjon til vestlig imperialistisk innblanding i iransk politikk og økonomi allereie på 1900-talet. Sjølv om landet aldri vart kolonisert, har kampen for ekte fridom og sjølvstende vore viktig i forminga av iransk utanrikspolitikk (Maloney 2002:100-101). Effekten av revolusjonen og islam på iransk utanrikspolitikk overgjeikk ideologiske iranske strategiske interesser (Maloney 2002:105).

Den fiendtlige haldninga Iran har mot Israel er påverka av den bevisst valde rolla som forkjempar for undertrykte muslimar. Denne rolla har ført til at Iran verken anerkjenner staten Israel sin rett til å eksistere, eller anerkjenner forsøk på fredsprosessar. Denne absolutte haldninga ovanfor Israel har ført til at Iran etter kvart har vortett den mest avvisande aktøren ovanfor Israel, til og med mindre tilhengar av utvikling og forhandlingar enn palestinarane. Det same er til ein viss grad tilfelle ved iransk støtte til motstandsgrupper i Libanon, sjølv etter Israel trakk seg ut i 2000 (Maloney 2002:108). Etter krigen med Irak og Khomeini gjekk bort redefinerte den iranske nasjonen seg mot ønsket om å vere ei regional stormakt (Maloney 2002:109). Etter at Khatami vart vald til president i 1997 utvikla iransk utanrikspolitikk seg mot avspenning i regionen og Vesten (Maloney 2002:113). Den noverande presidenten Ahmadinejad kan derimot ikkje karakteriserast som vennlig innstilt til verken Israel eller Vesten. Med uttalingar der han hevdar at Holocaust er ei myte, og at Israel bør fjernast frå kartet, har Ahmadinejad gjort sitt for å auke den internasjonale bekymringa for det iranske atomprogrammet (BBC 2006f).

På grunn av boikottar og isolasjon særleg frå USA har Iran vore avhengig av eigen våpenproduksjon og samarbeid Syria, Pakistan og Nord-Korea, og fått assistanse til eigen produksjon frå Kina og Russland. Iransk militært utstyr utgjer likevel berre halve av nivået før revolusjonen. Iransk militær opprustning kan dermed reknast å vere for forsvar, ikkje åtak (Hinnebusch og El-Shazly 2002:83).

Så tidleg som i 1957 byrja Iran arbeidet med å utvikle eit atomprogram. I samarbeid med USA skulle Iran utvikle former for atomenergi. I 1968 undertekna Iran avtalen om ikkje-spreiing av atomvåpen, og ratifiserte avtalen i 1970. Sjølv om atomprogrammet var uttalt å vere for fredelige formål, var det mistankar om at Iran ønska å utvikle atomvåpen. Atomprogrammet vart lagt ned etter revolusjonen i 1979, då Khomeini hevda at atomvåpen var i strid med islam. På 1980-talet bestemte den iranske leiinga seg for å ta oppatt atomprogrammet (Bahgat 2006:308-310). Sidan 1980-talet har Israel og USA skulda Iran for å prøve å utvikle atomvåpen. Den iranske leiinga har heile tida avvist påstandane, og hevda at anrikinga av uran har vore til fredelige formål. Desse skuldingane fekk ny giv etter at det i 2000 kom fram tidlegare ukjend informasjon om uran-aktivitet i Iran (Bahgat 2006:307).

4.3.2 USA

I følgje Rodman (2001) har forholdet mellom Israel og USA hatt ein viktig påverknad på den israelske tryggingspolitikken. Dei tre krigane Israel har tatt initiativ til etter krigen for sjølvstende i 1948, har enten hatt direkte eller indirekte (taust) samtykkje frå ei stormakt. Krigen mot Egypt i 1956 var i samarbeid Frankrike og Storbritannia, og krigane i 1967 og 1982 var begge med støtte frå amerikansk hald. I tillegg var israelske militærplanar i krigane i 1969-70 og 1973 påverka av amerikanske utanrikspolitiske interesser, noko som viser kor viktig støtte frå USA har vorte for Israel (Rodman 2001: 81). I følgje Rodman (2001:81) er det heller ikkje sannsynleg at dette prinsippet vil endre seg, og den israelske doktrinen vil halde fram med å sjå beskyttinga frå USA som ein viktig føresetnad for israelsk tryggleik.

Årsaka til det auka amerikanske engasjementet i Midtausten etter andre verdenskrig kom hovudsakleg frå den globale kampen mellom USA og Sovjetunionen.

Midtausten var rekna som svært viktig med sin strategiske geografiske posisjon (Badeau 1968:4).¹¹ USA si primære interesse i Midtausten var basert på tilgang til dei arabiske statane si geografisk strategiske plassering, og tilgang på oljeressursane. Sovjetunionen sin auka påverknad på dei arabiske statane trua dermed amerikanske interesser (Badeau 1968:21-22).¹²

Det var vanlig å argumentere for at Israel fremmer amerikanske interesser i regionen ved å opptre som barriere mot sovjetisk penetrasjon, og ved å sikre pro-amerikanske regimer sin eksistens. Basert på dette vart eit nært forhold til Israel sett på som ein strategisk fordel for USA (Rubenberg 1986:2).

Den amerikanske oppfatninga av Israel i den arabiske verda bygde på den arabiske motstanden mot opprettinga av staten Israel i Palestina, og eit moralsk ansvar for å forsvare Israel sin eksistens (Rubenberg 1986:10). USA bidro dermed til å styrke Israel sin dominerande posisjon i regionen (Rubenberg 1986:12-14).

Men forholdet til Israel vart også av mange rekna som eit hinder for amerikanske interesser i regionen enn ein fordel. I følgje Rubenberg (1986) har regionen vore ustabil – inkludert sju større krigar – i stor grad på grunn av konflikten mellom Israel og arabarane. Då dei ustabile forholda gjorde det vanskelig å konflikte som trua amerikanske interesser gjennom å gjer det vanskelige for amerikanske investeringar og sal av amerikanske varer på den regionale marknaden (Rubenberg 1986:2). På grunn av interne faktorar i USA vart israelsk tryggleik likevel fremja i amerikansk utanrikspolitik, sjølv om dette kunne skade amerikanske interesser i den arabiske verda (Badeau 1968:28). Særleg den pro-israelske lobbyen har påverka USA sin

¹¹ Denne strategiske posisjonen innebar kontroll over Suezkanalen, og luftrommet frå Kairo og Beirut til den persiske Gulf, og frå Libya og Sudan til Aust-Afrika og det indiske hav (Badeau 1968:21).

¹² Badeau (1968) definerer her nasjonale interesser i den realistiske tradisjonen, noko som inneber at nasjonen søker å fremme sine økonomiske, territoriale og tryggingmessige posisjon.

politikk ovanfor Israel. Lobbyen har i følgje Mearsheimer og Walt (2006:30) klart å påverke den amerikanske leiinga i så stor grad at det ikkje lenger er nasjonale interesser som er hovudmål den amerikanske Midtausten politikken, men forholdet til Israel.

4.4 Beskriving av krigen

4.4.1 Krigen bryt ut

Den 12. juli kryssa Hizballah grensa til Israel, og bortførte to israelske soldatar, og drepte tre¹³ (BBC 2006a, Al Jazeera 2006a). I følgje israelske styresmakter vart det også avfyrt rakettar mot israelske busetnadar nær grensa til Libanon (Israelsk Utanriksdepartement 2007).

Hizballah begrunna bortføringane med at dei skulle tene som pressmiddel for å få løslatt egne fangar frå israelske fengsel (Al Jazeera 2006b). Nasrallah la også vekt på at Hizballah kjempa på vegne av den arabiske og muslimske verda, og dette var ei historisk moglegheit til å knekke ”den sionistiske fienden” (Al Jazeera 2006c). Etter at Israel hadde gått til åtak på Hizballah lot Nasrallah seg ikkje skremme, og uttala: ”You wanted an open war. You will get an open war” (Al Jazeera 2006d). Etter ti dagar med kampar erklærte Nasrallah at Hizballah ikkje hadde vortett svekka (Al Jazeera 2006e).

Statsminister Ehud Olmert kalla bortføringane ”an act of war”, og la også skulda for bortføringane på Libanon, som lot Hizballah få fritt spelarom i Sør-Libanon. Same dag i gangsette Israel det som seinare har vorte kalla *Operation Change of Direction*, og gjekk dermed inn i Libanon for første gang sidan tilbaketrekkinga i 2000. Dei

¹³ Om bortføringane faktisk skjedde på libanesisk eller israelsk jord har vore eit omstridt tema. Dersom bortføringane skjedde på libanesisk jord, fell det israelske argumentet om at Hizballah utfordra israelsk suverenitet i grus, og dermed ein viktig del av den israelske grunngevinga for krigen. Både BBC (2006a) og Al Jazeera (2006) melder om at bortføringane skjedde på israelsk jord.

israelske styrkene møtte overraskande motstand, og åtte israelske soldatar vart drepne, medan ytterligere to vart såra i kampane med Hizballah. Israel lova ein omfattande og snar respons på åtaket frå Hizballah (BBC 2006a).

Den libanesiske statsministeren Siniora var derimot raskt ute med å fråskrive seg ansvar for bortføringane, og hevda at den libanesiske regjeringa ikkje hadde hatt kjennskap til åtaka (Qawas og El Rafei 2006).

13. juli gjennomførte Israel luftåtak i Sør-Libanon, og morgonen etter råka også åtaka den internasjonale flyplassen i Beirut, og tvang flyplassen til å stenge. Israel annonserer luft- og sjøblokade av Libanon, og rapportane om sivile tap i Libanon byrja å komme (Al Jazeera 2006a). Minst 35 personar vart rapportert av dei israelske åtaka drepne i libanesiske byar og tettstader (BBC 2006a).

Reaksjonane frå det internasjonale samfunnet byrja å komme. USA forsvarte Israel sin rett til å forsvare seg, medan Russland, Frankrike og EU kritiserte dei israelske åtak for å vere uproporsjonale, altså i strid med Folkeretten sitt prinsipp om proporsjonalitet ¹⁴ (BBC 2006a, Solberg 2006).

Frå iransk hald var reaksjonane på dei israelske åtaka sterke. Den iranske utanrikspolitiske talsmannen Hamid Reza Asefi fordømte det israelske åtaket på Hizballah og libanesisk infrastruktur på det sterkaste (Islamic Republic News Agency 2006). Ahmadinejad gjekk også tidleg ut og tilbød den libanesiske presidenten iransk støtte.¹⁵ I tillegg advarte Iran Israel om å gå til åtak på Syria. Eit slikt åtak ville reknast som eit åtak på heile den muslimske verda og verte møtt med sviande respons (Al Jazeera 2006h). Den iranske leiinga avviste derimot å vere direkte involvert i krigen. Då Israel skulda Iran for å skjule dei bortførte israelske soldatane i Iran, avviste Asefi dette (Al Jazeera 2006h).

¹⁴ Prinsippet om proporsjonalitet går ut på at dersom ein aktør går til åtak med sjølvforsvar som grunngeving, skal dette åtaket ikkje gå lenger enn å slå tilbake på det opprinnelige åtaket.

Frå G8 møtet i Russland som vart halde i byrjinga av krigen kom det noko ulike reaksjonar frå medlemslanda.

Sergei Lavrov, den russiske utanriksministeren, fordømte dei israelske åtaka: "This is a disproportionate response to what has happened, and if both sides are going to drive each other into a tight corner, then I think that all this will develop in a very dramatic and tragic way" (Al Jazeera 2006h).

Presidentskapet i EU la vekt på at den israelske sjøblokkaden av Libanon ikkje kunne rettferdiggjera: "Actions, which are contrary to international humanitarian law, can only aggravate the vicious circle of violence and retribution" (Al Jazeera 2006h).

Også Frankrike påpeika at dei israelske åtaka på libanesisk infrastruktur ikkje var i samsvar med internasjonal lov. Den franske utanriksministeren Philippe Douste-Blazy kalla dei israelske åtak på den internasjonale flyplassen i Beirut for ein "disproportionate act of war" (Al Jazeera 2006h).

Statsminister Blair la vekt på å ikkje fordele skuld i krisa i Libanon: "We can condemn as much as we like, we are not actually in that situation. We are not having to make the decisions in that situation" (BBC 2006e).

I motsetnad til Frankrike og Russland, var USA, i likskap med Storbritannia, meir forsiktige med å kritisere Israel sine militære handlingar i Libanon. Den 12. juli gjekk det Kvite Hus ut med ei pressemelding og fordømte Hizballah sine kidnappingar av dei to israelske soldatane, og åtaket på sivile mål i Israel. Pressemeldinga omtalte kidnappinga og raketttåket frå Hizballah som uprovoserte terroristhandlingar, som var tilsikta å forverre den allereie spente situasjonen i regionen. Den amerikanske leiinga la vekt på at det internasjonale samfunnet måtte konfrontere røtene til krigen,

¹⁵ Sjølv om det er den irske Ayatollah Ali Khamenei som kontrollerer iransk utanrikspolitikk, vert Asefi og Ahmadinejad sine utsegn her sett på som representative for det iranske regimet, då det netopp derfor ikkje er sannsynleg at desse kan uttrykke haldningar som ikkje er godkjent av Ayatollahen.

noko som inneber å ikkje berre konfrontere Hizballah, men også Syria og Iran (White House 2006b).

4.4.2 Open krig

Etter at leiar i Hizballah, Nasrallah, sine kontor i Beirut vart råka av israelske bomber, erklærte Nasrallah open krig. Libanesiske bruer, vegar og bensinstasjonar vart samme dag råka av israelske åtak, og antallet sivile libanesiske liv tapt auka (BBC 2006a).

Den 15. juli vart dei israelske åtaka utvida, og råka for første gong den nordlige libanesiske byen Tripoli. Israelske åtak råka også sivile libanesarar i det dei prøvde å flykte frå ein landsby. Hizballah heldt fram med å skyte rakettar inn i Israel, og råka byen Tiberias, som var det åtaket lengst inn i Israel Hizballah hittil hadde gjort. Den libanesiske statsministeren Siniora uttalte at Libanon no var i ein katastrofetilstand, og ba det internasjonale samfunnet om om hjelp. Det samme gjorde leiaren for Den Arabiske liga, som samstundes erklæra den israelsk-arabiske fredsprosessen for død (BBC 2006a).

Ved G8 møtet i St. Petersburg heldt president Bush fram med å skulde Hizballah for krigen, medan president Putin kritiserte Israel for ikkje å balansere maktbruken sin (BBC 2006a). Statsminister Olmert erklæra at dei israelske åtaka ikkje ville stagge før Hizballah haldt opp med å skyte rakettar over grensa mot israelske mål, og Resolusjon 1559 som oppmoda om avvæpning av alle militsgrupper i Libanon vart oppfylt (Al Jazeera 2006a).

Den 16. juli vart 23 mennesker drepne nær Beirut. Rakettar frå Hizballah drap åtte israelarar i Haifa. Statsminister Olmert lova at åtaka på den israelske byen ville få omfattande konsekvensar. Nasrallah hevda samstundes at kampane mot Israel hittil berre var byrjinga. Iran erklæra at eit israelske åtak Syria ville ha uoverskuelege konsekvensar. Leiarane på G8 møtet la skulda for krisa på ekstremistar, men la også vekt på at Israel skulle stagge dei militære operasjonane (BBC 2006a).

Medan den amerikanske leiinga var raskt ute og fordømte kidnappingane, var temaet om dei sivile tapa i Libanon på grunn av dei israelske åtaka eit vanskeligare tema. 16. Juli 2006 uttalte den amerikanske talsmannen for politiske affære, R. Nicholas Burns, seg om G8 landa sin felles haldning til krigen: "(...) there are certainly too many civilians have been killed in both places, particularly in Lebanon, where it's been very bloody the last couple of days" (White House 2006c). Når Burns vart konfrontert med om G8 landa dermed meinte at Israel ikkje viste tilstrekkelig tilbakehald i sine militære handlingar i Libanon, svara Burns: "No, I didn't – I don't think I said that. I didn't mean to imply that." Då Burns vart vidare konfrontert med den amerikanske haldninga til den israelske militærbruken svara han: "(...) Hizballah definitely has not practiced restrain" (White House 2006c).

På ein pressekonferanse same dag la Condoleezza Rice vekt på alle statar sin rett til å forsvare sitt folk frå terrorist åtak og prøve å forhindre slike åtak. Om dei sivile tapa i Libanon på grunn av israelske åtak understreka Rice at ho oppfordra Israel til å vise tilbakehald og unngå sivile tap. Rice vardt deretter spurt om det fins eit punkt der USA ikkje lenger kan støtte Israel sine militære handlingar. Rice svara at dette spørsmålet var hypotetisk, og la vekt på at det var Hizballah som starta konflikten. Vidare understreka Rice at ho ikkje vil bedømme dei einskilde israelske åtaka, og at Israel hadde rett til å forsvare seg. Rice hevda også at det var viktig å ikkje tvinge fram ei våpenkvile beinvegs, då Israel måtte få tid til å svekke Hizballah sine kapasitetar (White House 2006d).

17. juli heldt fram med israelske åtak på Tripoli, og minst 15 sivile vart rapportert drepne. Andre mål var hamnebyen Abdeh, Beirut, og Baalbek. Olmert lova at åtaka ville halde fram til dei to bortførte israelske soldatane vert returnert, Hizballah var avvæpna, og det libanesiske militære hadde kontroll over Sør-Libanon. SN sin generalsekretær Kofi Annan og den britiske statsministeren Tony Blair la fram forslag om å sende ei internasjonal styrke inn for å kontrollere Hizballah, men Olmert avslo tilbodet med å hevde at det var for tidleg for internasjonale styrker å ta over (BBC 2006a).

Israelske åtak råka vidare sørlige Beirut og hamnebyen Tyre. Hizballah avfyrt raketter mot Haifa, men det vart ikkje rapportert om nokon skada. 18. juli var det så langt rapportert om 250 drepne libanesarar, og 25 israelarar. SN åtvara om at ei humanitær katastrofe kunne oppstå blant dei mange libanesarane som flykta heimane sine, og ikkje fekk hjelp på grunn av israelske luftåtak og øydelegging av libanesisk infrastruktur (BBC 2006a).

Den 19. juli gjekk den libanesiske statsministeren Siniora ut og appellerte til ein beinvegs stopp i dei israelske åtaka, og hevda at 200 libanesiske sivile menneskeliv var gått tapt, 1000 var såra, og 500 000 mennesker var drevne på flukt. Israelske bakkestyrker gjekk inn i Sør-Libanon for å utføre det dei kalla ”restricted pinpoint attacks”. I eit møte med den israelske utanriksministeren Tzipi Livni, kallar Javier Solana dei israelske åtaka for uproporsjonale. Livni svara at den israelske reaksjonen var proporsjonal fordi Hizballah utgjorde ein trussel mot heile regionen (BBC 2006b).

Fredag 21. juli samla Israel soldatar og tanks på grensa mot Libanon, og kalla inn fleire tusen reservar. Siniora erkæra at den israelske offensiven no ikkje lenger var retta mot Hizballah, men mot heile Libanon (BBC 2006b).

Laurdag 22. juli samla Israel fleire styrker på grensa til Libanon, men hevda at det ikkje var planlagt full bakkeinvasjon (BBC 2006b).

Søndag 23. juli gjekk SN sin nødhjelpskoordinator, Jan Egeland, ut og hevda at dei israelske åtaka braut med internasjonal lov, etter å ha sett øydeleggingane sør for Beirut. Israel går same dag med på forslaget om ei internasjonal styrke i Sør-Libanon (BBC 2006b).

Tysdag 25. juli mista fire SN observatørar livet i israelske flyåtak i Sør-Libanon (Al Jazeera 2006a, BBC 2006b). Israel beklaga Israel åtaket på SN observatørane, og kalla det eit tragisk mistak (Al Jazeera 2006a). I Roma vart EU, dei arabiske statane, USA og Russland einige om at ei våpenkvile måtte komme snarast, men at denne måtte vere ”lasting and sustainable”, eit utsegn som særleg reflekterte den

amerikanske haldninga. Israel uttala i etterkant at mangelen på krav om ei beinvegs våpenkvile vart sett på som internasjonal støtte til dei israelske åtaka (Al Jazeera 2006a, BBC 2006c). I Israel vert mangelen om krav om beinveges opphald i kampane tolka som ei støtte frå stormaktene til å halde fram med åtaka (BBC 2006c).

4.4.3 Oppmoding om våpenkvile

Fredag 28. juli appellerte SN om ei beinvegs våpenkvile, men kampane heldt fram (BBC 2006c). Søndag 30. juli gjennomførte Israel det blodigaste åtaket på libanesiske mål så langt i krigen. Åtaket var retta mot byen Qana, og 50 sivile mista livet, minst 34 av desse var barn. Israel beklaga i etterkant dei sivile tapa, men skulda Hizballah for å ha avfyra rakettar frå byen, og vektla at dei ba innbyggjarane om å forlate byen før åtaket. Olmert uttala at Israel ville halde fram i ytterligare ti til fjorten dagar med åtak mot Hizballah. Kofi Annan uttrykka samstundes bekymring over at den etterspurte våpenkvila ikkje vert realisert. Frankrike, Kina, Jordan, Egypt, EU, Saudi Arabia og Kuwait gjekk også ut og oppmoda om våpenkvile (BBC 2006c). Samme dag måtte den amerikanske utanriksministeren Condoleezza Rice avlyse si planlagte vitjing til Libanon, då libanesiske politikarar nekta å treffe henne dersom ho ikkje kunne sette i stand ei våpenkvile (Fickling 2006).

Den syriske presidenten Bashar al-Assad sine uttalingar om kampane mellom Israel og Hizballah la skulda på konflikten på Israel, og fordømte dei israelske åtaka på Libanon. "The massacre committed by Israel in Qana this morning shows the barbarity of this aggressive entity. It constitutes state terrorism committed in front of the eyes and ears of the world". Al-Assad kalla også dei israelske åtaka for statsterrorisme (Al Jazeera 2006g).

Dei israelske åtaka vekka også reaksjonar frå regionale statar Israel har eit betre forhold til. Den egyptiske presidenten Hosni Mubarak omtala dei israelske luftåtaka som uansvarlige, og egyptisk leiing uttala at: "The Arab Republic of Egypt is highly disturbed and condemns the irresponsible Israeli attack on the Lebanese village of Qana, which led to the loss of innocent victims, most of which were women

and children” (Al Jazeera 2006g). Egypt la også umiddelbart vekt på at Tryggingrådet og det internasjonale samfunnet beinvegs måtte gå inn for å stagge dei militære åtaka (Al Jazeera 2006g).

Jordan, som har inngått strategisk militært samarbeid med Israel og også er alliert med USA, var også kritiske til dei israelske åtaka. Kong Abdullah uttalte at: “This criminal aggression is an ugly crime that has been committed by the Israeli forces in the city of Qana that is a gross violation of all international statutes.” Også Abdullah ba om ei beinvegs våpenkvile (Al Jazeera 2006g).

Også frå palestinske politiske kom det reaksjonar. Mahmoud Abbas, den palestinske presidenten uttala at åtaka var som brotsverk å rekne, og la også vekt på at kampane måtte opphøre straks (Al Jazeera 2006g). Mushir al-Masri, eit parlamentsmedlem frå Hamas stilte seg bak Hizballah, og uttala at “In the face of this open war against the Arab and Muslim nations all options are open, including striking the depth of the Zionist entity” (Al Jazeera 2006g).

Dagen etter erklæra Olmert at Israel ikkje ville inngå våpenkvile dei nærmaste dagane, og 1. august utvida Israel bakkeinvasjon i Sør-Libanon, og bevega seg no mot Litani elva. EU oppmoda samme dag om beinvegs stopp i kampane, og ba om ei langvarig våpenkvile. Den iranske presidenten Ahmadinejad oppmoda alle muslimske land om å bidra med våpen til Hizballah (BBC 2006c). Dei israelske bakkestyrkene sin offensiv møtte sterk motstand frå Hizballah (Al Jazeera 2006a).

5. august vart USA og Frankrike einige om eit utkast til SN resolusjon om å be om full stopp i kamphandlingane, og Tryggingrådet møttest for å diskutere utkastet (BBC 2006d). Dagen etter oppmoder Olmert i ei tysk avis europeiske leiarar som har kritisert dei israelske åtaka om å ”stop preaching” om dei sivile tapa i krigen (Al Jazeera 2006a).

I ein pressekonferanse den 7. august la Bush vekt på at Syria og Iran si støtte til Hizballah bidrar til å skape kaos og terrorisme mot ei demokratisk utvikling. Vidare knytta Bush Julikrigen til ein vidare strategi for å sikre fridom og demokrati i

Midtausten, som igjen skal betre det amerikanske folket sin tryggleik. Bush argumenterte også for at våpenkvila ikkje kunne komme tidligare, då det var viktig å ta eit oppgjær med det som var rota til konflikta – nemlig den manglande oppfølginga av SN resolusjon 1559, som krevde avvæpning av Hizballah (White House 2006a).

8. august foregår både forhandlingane om SN Resolusjonen og kampane i Libanon framleis. Den Arabiske Liga sine utsendingar til SN fremma Siniora sitt ønske om ei beinvegs israelsk tilbaketrekking frå Libanon (BBC 2006d). Dagen etter måtte utkastet til SN Resolusjon endrast då den arabiske liga ikkje ville godta ein resolusjon som ikkje inneber beinvegs israelsk tilbaketrekking frå Libanon.

I eit opent brev i Washington Post den 9. august kritiserte Siniora dei israelske åtaka for å øydelegge Libanon og å bryte internasjonal lov, og la vekt på at SN måtte be om ei beinvegs våpenkvile og stagge dei israelske åtaka (Siniora 2006). President Ahmadinejad på si side hevda at løysinga på konflikta ville vere å eliminere det sionistiske regimet, men at ei beinvegs våpenkvile måtte komme i stand først (Al Jazeera 2006j).

Fredag 11. august vart Tryggingrådet einige om Resolusjon 1701, som oppmoda om full stopp i kampane, og å sende ei internasjonal styrke til Sør-Libanon. Dagen etter annonserte Annan at våpenkvila skulle tre i kraft mandag 14. august. Samme dag heldt kampane fram frå begge sider (BBC 2006d). Israel erklæra at dei kunne godta resolusjonen, men ville forbli i Libanon til den internasjonale styrken var på plass. Hizballah på si side ville også godta resolusjonen, men halde fram å kjempe så lenge Israel vart igjen i Libanon (Al Jazeera 2006i).

Kampane tok slutt den 14. august, med unntak av ein konfrontasjon. Olmert konkluderte med at krigen hadde eliminert Hizballah sin ”stat i staten”, medan Nasrallah erklærte at krigen hadde vore ein historisk siger for Hizballah. Også dagen etter innebar konfrontasjonar mellom partane (BBC 2006d).

Gjennom heile krigen hadde Hizballah halde fram med sine rakettåtak på Israel. Al-Assad uttalte i etterkant av krigen at sigeren for Hizballah var byrjinga på eit nytt

Midtausten, og at den amerikanske visjonen for regionen hadde no var ein illusjon (BBC 2006d).

Etter krigen berømme Al-Assad Hizballah for å stå i mot Israel i fem veker, og konkluderte med at det er viktig for arabarane å vise styrke mot Israel, både for å avskrekke israelske statsterrorisme, og fordi arabiske interesser ikkje vil verte tatt hensyn til dersom dei ikkje viser styrke (Al Jazeera 2006b).

4.5 Israelske vurderingar rundt krigen

4.5.1 Målsetjingar og vurderingar

Kva veit vi om dei israelske strategiske og taktiske vurderingane før, under og etter krigen?

I følgje Israelsk Utanriksdepartement (2007a) var *Operation Change of Direction*, som åtaket på Hizballah vart kalla, i utgangspunktet eit svar på det dei oppfatta som eit uprovosert åtak på israelsk territorium frå Hizballah. Operasjonen skulle bringe attende dei bortførte soldatane; forsvare den israelske befolkinga mot åtak; gi libanesiske styresmakter tilbake kontrollen over Sør-Libanon; fjerne Hizballah frå Sør-Libanon; og oppfylle SN Resulosjon 1559 (Israelsk Utanriksdepartement 2007).

I utgangspunktet var det brei støtte i den israelske opinionen om å gå til krig mot Hizballah. I etterkant har derimot avgjersla om å gå til krig vorte kritisert, i hovudsak fordi strategien for krigen viste seg å vere uklar og ineffektiv (Inbar 2007, Winograd Kommisjonen 2007, Amidror 2007b).

Israel trakk seg ut av tryggingssona i Sør-Libanon i 2000, og hevda at dei heretter ville handtere trusselen frå Hizballah med diplomatiske verkemiddel (Israelsk Utanriksdepartement 2007). Då Israel trakk seg ut var dette i følgje Amidror (2007b) i håp om at dette ville svekke legitimiten til militær aktivitet frå Hizballah, særleg i

intern libanesisk politikk. Samstundes erklæra Israel at åtak på israelsk suverenitet ville føre til hard og beinvegs respons. Målet med dette var å avskrekke åtak frå Hizballah. Trass desse lovnadane om beinvegs og hard respons reagerte Israel berre lokalt då Hizballah bortførte israelske soldatar i 2000 (Amidror 2007b). I følgje israelsk utanriksdepartement, var krigen ein siste utveg etter å ha prøva diplomatiske verkemiddel i seks år:

Israel had shown restraint for over six years.(...) Although aware of the serious threat posed by the Hizbullah build-up and entrenchment in south Lebanon in the years prior to the attack which initiated the conflict, Israel sought to exercise restraint and to use diplomatic means (...) (Israelsk Utanriksdepartement 2007).

Mangelen på ein tøffare respons kom i følgje Amidror (2007b) hovudsakleg fordi Israel ikkje ønska at tilbaketrekkinga skulle sjå ut til å ha ein eskalerande effekt. I tillegg hadde den 2. intifadaen brutt ut, og israelsk leiing var bekymra for å måtte kjempe to-frontskrig (Amidror 2007b).

Israel kobla også Hizballah sine bortføringar av dei to soldatane til bortføringa av ein israelsk soldat på Gaza den 25. juni. Også kravet frå Hizballah om å få løyslatt fangar frå israelske fengsel i bytte mot dei bortførte israelske soldatane vart sett i samanheng med den lokale konflikten i Israel, då fleire av fangane dei ønska lauslatt i følgje israelsk utanriksdepartement (2007a) var medlem av Hamas. På bakgrunn av dette hevda Israel at dei desse to frontane var del av samme konflikt (Israelsk Utanriksdepartement 2007).

4.5.2 Intern kritikk i etterkant av krigen

I følgje Amidror (2007b) såg ein frå israelsk hald ikkje Hizballah si militære oppbygging etter tilbaketrekkinga som prekær så lenge det var relativt stille langs grensa. Israel visste altså at Hizballah fekk våpen og vart sterkare, men gjennomførte likevel ingen større åtak mot Hizballah. Resultatet var ifølgje Amidror (2007b) at Israel førebudde krig mot ein fiende som var sterkare enn det dei kjende til frå før. Winograd Kommisjonen sin rapport beskriver israelsk policy mot Libanon frå 2000-

2006 som ”containment”, men i følge Amidror (2007b) fungerte ikkje denne strategien då Israel ikkje klarte å hindre Hizballah i å styrke sine kapasitetar.

Rapporten kritiserer den israelske politiske og militære leiinga for manglande førebuing før krigen, ein mangel som var resultat av manglande oppdatering av den israelske tryggingstrategiske doktrinen. Dermed kunne ikkje denne fungere som basis for å takle dei ulike trygging utfordringane mot Israel. Ansvar for ein slik oppdatert nasjonal strategi plasserte Kommisjonen hjå dei israelske regjeringane. Denne mangelen gjorde det i følge Kommisjonen vanskelig å tenkje ut ein passande respons til bortføringane av dei israelske soldatane. Strategien førte til beinvegs intensivt militært åtak. Dersom responsen hadde kome frå ein meir omfattande tryggingstrategi ville det vore enklare å vurdere moglege responsar i forhold til israelsk styrke og sårbarheit, inkludert kva folket var innstilt på (Winograd Kommisjonen 2007).

I følge Inbar (2007) gjorde den israelske politiske og militære leiinga strategiske feil i førbuingane, i utføringa og i etterkant av krigen. I førebuinga av krigen hevdar Inbar (2007) at IDF ikkje klarte å estimere sine behov før krigen, og budsjettkutt og nedskjæringar gjorde at dei israelske militære var dårleg førebudd på krig. Vidare hevdar Inbar (2007) at den politisk-militære leiinga gjorde feil i å forberede åtaka på Hizballah begrensa militære handlingar, framfor å planlegge full krig frå starten av. Det vart heller ikkje erklæra unntakstilstand, og forsinkingar i mobilisering av reservestyrkane reflekterer i følge Inbar (2007) den militær leiinga sin mangel på å innsjå at dei sto ovanfor full krig.

Ein anna feil Inbar (2007) påpeiker er den politiske leiinga sine mål med krigen. Leiinga hevda at dei kunne presse Hizballah og den svake libanesiske regjeringa inn i ein politisk prosess der den libanesiske stat tok igjen kontroll over Sør-Libanon. Denne trua på endring gjennom maktbruk var i følge Inbar (2007) urealistisk, då erfaringane burde vise at maktbruk sjeldan fører til noko nytt politisk miljø i dagens Midtausten.

5. Det regionale systemet

5.1 Innleiing

Hensikta med dette kapittelet er å drøfte dei etablerte grunnelementa i den israelske tryggingsdoktrinen i forhold til erfaringane frå Julikrigen. Analysen vil sjå Israel sitt forhold til dei regionale aktørane i ljøs av nyrealismen sine føresetnader om korleis aktørane i eit anarkisk system vil oppføre seg.

Analysen vil konsentrere seg om det regionale nivået, og støtter seg dermed på Buzan og Wæver (2003) sitt argument om at det regionale nivået er sentralt i studiet av internasjonal politikk. Analysen vil særleg ta for seg Israel sin posisjon i regionen, og vidare vektlegge kva aktørar som kan true denne posisjonen. På grunn av USA si viktige rolle i regionen, og Israel sitt nære forhold til USA, er det sannsynleg at også USA kan bidra til å svare på problemstillinga, og USA vert difor inkludert.

Ein konsekvens av det komplekse regionale systemet i Midtausten, og eksterne stormakter sin intervensjon i regionen, er at generelle teoriar må brukast med varsemnd (Lake og Morgan 1997:276). Basert på dette tek analysen hensyn til faktorar som ikkje verte framheva av nyrealismen sine føresetnader om kva som påverkar aktørane sin oppførsel i det anarkiske systemet.

I følgje Mastanduno (1997) vil ein aktør sin posisjon i eit anarkisk system påverke korleis aktøren kan oppføre seg. For å kunne bruke denne påstanden på det regionale systemet i Midtausten, er det først naudsynt å definere det regionale systemet, og kartlegge det regionale systemet sin struktur.

5.2 Israel sin posisjon

5.2.1 Ei regional stormakt?

I følge Østerud (1992:12) vil ei regional stormakt vere ein stat som er ein del av ein geografisk avgrensa region; har moglegheit til å konfrontere alle moglege koalisjonar av andre statar i regionen; har stor påverknad i regionale affærer; og som også kan vere ei stormakt på verdensskala i tillegg til sin regionale posisjon.

Jones (2002:115) og Butenschøn (1992) argumenterer for at Israel sin posisjon i regionen kan karakteriserast som ei regional stormakt. Ser ein på Israel sine kapasitetar, er det ikkje beinveges at ein kan rekne Israel for å vere ei regional stormakt. Israel er berre 20 770 kvadratkilometer stort, noko som gjer Israel, bortsett frå Libanon, til den minste staten i regionen. Israel har eit BNP på 140 milliardar amerikanske dollar, noko som er mindre enn Iran, men meir enn til dømes Syria, Jordan og Libanon til saman (CIA Factbook 2007a, 2007b). I regionen har Israel økonomisk samarbeid med Egypt og Jordan (Israelsk Utanriksdepartement 2006c), men er bortsett frå dette i hovudsak ikkje integrert i regional handel. Den jødiske populasjonen i Israel utgjer i dag 5,4 millionar av dei til saman 7,7 millionar innbyggjarane i den israelske staten (Jewish Virtual Library 2007).

På trass av desse moderate kapasitetane argumenterer Butenschøn (1992:98) for at Israel har utvikla seg til å vere den mektigaste staten i regionen, særleg etter 1967. Butenschøn (1992:98-100) baserer dette på den kvalitative militære styrken Israel har samanlikna med sine kvantitativt overlegne nabostatar. Israel har utvikla ein sofistikert militærindustri som vert supplert med moderne teknologi frå Vesten. I tillegg har Israel høgt kvalifiserte og godt trena soldatar, og eit effektivt system for å mobilisere om lag ein halv million soldatar, og ein økonomi som er organisert for å tene staten sine tryggingbehov. Desse kvalitative fortrinna er vanskelig å måle, og nabostatane har nærma seg Israel (Butenschøn 1992:98-100). I følge Hinnebusch og El-Shazly 2002:82) har Israel også den mest sofistikerte militær-industrien i regionen.

I tillegg dreg Israel også nytte av Washington sitt løfte om å gi Israel kvalitativt militært overtak i regionen mot ein kvar mogleg kombinasjon av regionale fiendar (Hinnebusch og El-Shazly 2002:82). USA sin garanti om kvalitativt overtak forsterkar altså Israel sin posisjon som regional stormakt. I 1983 inngjekk Washington ein avtale om strategisk samarbeid med Israel, eit samarbeid som utvida seg dei neste 15 åra. Israel utvikla etter kvart offensive styrker som skulle kunne true alle av Israel sine oppfatta fiendar. Framgang i fredsprosessen førte ikkje til mindre militær opprusting for Israel, og i november 1998 gjekk Washington enno lenger i sine garantiar for Israel, og lova sikre å sikre staten eit kvalitativt militært overtak i regionen (Hinnebusch og Ehteshami 2002:82). Garantiane frå Washington har med andre ord styrja Israel sin posisjon som regional stormakt.

Israel si rolle som regional stormakt er også spesiell fordi Israel økonomisk og kulturelt ikkje er ein del av regionen, men likevel er i regionen (Butenschøn 1992:95). Den interaksjonen som har funne stad mellom Israel og arabarane er hovudsakleg krig, militære konfrontasjonar og ein spiral av terroriståtak og respons på desse. Å definere den strukturelle fordelinga av makt i regionen byr dermed på problemer. Kan Israel definerast som ein regional hegemon, på tross av at staten i liten grad er involvert med dei andre regionale aktørane? Sjølv om israelsk politikk har stor påverknad på stabiliteten i systemet, er evna til å påverke regionen elles begrensa fordi staten på mange måtar ikkje er ein del av systemet (Lake og Morgan 1997:274-275).

5.2.2 Kravet om unilateral tryggleik

Butenschøn (1992) hevdar derimot at Israel sin evne til å påverke regionen kjem nettopp frå det faktum at Israel tidlegare vart kollektivt forneakta av dei andre aktørane i regionen. I Vesten førte dette, saman med minner om jødane sine lidningar under Holocaust, til ei oppfatning av at Israel sin mangel på legitimitet i regionen rettferdiggjorde omfattande maktbruk (Butenschøn 1992:101-102). Det er dermed

ikkje berre dei materielle kapasitetane og Israel sin kvalitative militære styrke som gjer Israel til ei regional stormakt, men moglegheita til å bruke dei.

Israel sin posisjon som regional stormakt kan sjåast i samanheng med kravet om unilateral tryggleik. Som diskutert i kapittel 3 førte dei fiendtlege omgivingane i regionen, saman med den eksistensielle trusseloppfatninga basert på den etniske definisjonen av staten, til at israelsk tryggingpolitikk til ei kvar tid krevde å vere overlegen alle potensiell fiendtlege regionale alliansar. Å vere ei regional stormakt er dermed ei følgje av den israelske strategien for å trygge staten sin eksistens. Basert på dette kan ein også forvente at aktørar som truar staten sin posisjon som regional stormakt, og dermed utfordrar det israelske kravet om unilateral tryggleik, vert oppfatta som truslar mot den israelske staten sin eksistens. I følgje Mroz (1980:27) er persepsjon ein aktør si bevisstheit og forståing av eit fenomen, ein anna aktør, situasjon eller prosess. Dess lenger ei konflikt varer, jo meir fastlåste og mistenkelige vert oppfatningane om motstandaren. Mroz argumenterer vidare for at den israelske trusseloppfatninga reflekterer oppfatninga ei kjensle av svakheit og sårbarheit i forhold til motstandarane (Mroz 1980: 27).

Det israelske kravet om unilateral tryggleik har vorte rettferdiggjort ikkje berre innad i staten, men internasjonalt på grunn av den jødiske nasjonen si historie, og den illegitime posisjonen har i regionen (Butenschøn 1992:101-102).

Å overføre generelle hypotesar til det regionale systemet Midtausten kan, som nemnt ovanfor, vere problematisk. Sameleis kan det vere vanskelig å forsvare å kalle Midtausten for eit unipolært system. Mastanduno (1997) diskuterer, i si utleiing korleis aktørar vil oppføre seg i eit unipolart system, USA si rolle i det internasjonale anarkiske systemet. At Mastanduno (1997) sine argument om det unipolare systemet vert tatt i bruk her, betyr likevel ikkje at Israel si rolle i regionen på nokon måte vert samanlikna med USA i det globale internasjonale systemet. Basert på diskusjonen over kan ein likevel argumentere for at dersom militær styrke vert definert som kvalitativ militær styrke, og evne til å bruke denne, kan Israel sjåast som ei regional stormakt i Midtausten. Israel vil reagere på potensielle motstandarar sine kapasitetar

og aggressive intensjonar/oppførsel, og vil enten reagere ved å forsøke å kontrollere eller konfrontere. Nettopp på grunn av at Israel ikkje har vore akseptert som ein del av regionen, har israelsk omfattande maktbruk vore sett på som sjølvforsvar – og dermed legitimt.

5.3 Ein regional maktkamp?

Susser (2007:1) hevdar at krigen mellom Israel og Hizballah var ein del av ein maktkamp som strekker seg langt utover Libanon sine grenser, og argumenterer vidare for at krigen sjåast som ein kamp om regionalt hegemoni mellom Iran på den eine sida, og Israel og fleire arabiske regimer på den andre.

Amidror (2007a:1) definerer shia-aksen ¹⁶, eller Hizballah-Syria-Iran triangelet, med to hovudkomponentar. Den første er ideologisk; aksens prøver å endre regionen ved å eksportere sine verdiar, og reknar Israel som ein fiende. Den andre er fysisk; aksens strekker seg frå Teheran, til Bagdad (shia-Irak), gjennom Syria til Libanon (Hizballah). Krigen i Libanon mot Hizballah var, i følgje Amidror (2007a:3), ein gylden moglegheit for Israel til å svekke aksens, og hindre at Libanon vart ein del av den.

Mearsheimer og Walt (2006:53-59) argumenterer for at Irak-krigen har styrka Israel sin posisjon i regionen, og at den pro-israelske lobbyen i USA var ein viktig faktor i avgjersla for å gå til krig mot Irak. Den israelske leiinga hadde i følgje Mearsheimer og Walt (2006:58) lenge ønska at USA skulle involvere seg meir direkte i regionen, for å verje om Israel. Dersom USA kunne felle Saddam sitt regime, meinte den israelske leiinga at dette ville gi ein dominoeffekt, der også Syria og Iran ville verte konfrontert (Mearsheimer og Walt 2006:59).

¹⁶ Dette omgrepet vil bli brukt vidare i oppgåva, sjølv om det er noko upresist sidan majoriteten av muslimane i Syria er sunnimuslimar. Aksens inkluderer også i følgje Amidror (2007) Hamas og Islamsk Jihad, som heller ikkje er shiamuslimske. Desse to aktørane vert ikkje vektlagt i denne oppgåva.

Susser (2007:1) argumenterer derimot for at krigen i Irak og Saddam Hussein sitt fall har styrka Iran sin posisjon i regionen, fordi det irakiske Baath regimet fungerte som eit hinder mot iransk dominans. Med Saddam Hussein borte, har den shia-muslimske delen av Irak vorte ein inngangsport til iransk påverknad i den arabiske verda.

Samstundes ser shia-muslimane i Libanon ut til å ha vorte den største muslimske delen av befolkinga. Basert på dette argumenterer Susser (2007) for at Julikrigen ikkje var ein del av den langvarige konflikten mellom Israel og den arabiske verda, men ein kamp mellom Israel og Iran, gjennom Hizballah og med hjelp frå Syria, om regionalt herredømme.

I tillegg har dei arabiske regima sin svekka maktposisjon i regionen, leia til ei frykt for at Iran – den shiamuslimske fienden – skulle verte den dominerande aktøren i regionen (Susser 2007:1). Dei arabiske regima var også interessert i å svekke shia-aksen då denne fungerte som inspirasjon og støtte til radikale islamistiske grupper som trua stabiliteten til regima (Susser 2007:2). I følgje Susser (2007:1) var det difor lite sannsynleg at regima i Egypt, Jordan og Saudi Arabia ville reagere svært negativt på det israelske åtaket på Hizballah.

Susser (2007:2) argumenterer i tillegg for at krigen også handla om Libanon sin posisjon og identitet. Politisk shia-dominans i landet ville vere gunstig for Iran, medan Israel vil unngå at Iran får større spelerom i Libanon. Maktkampen i Libanon er ikkje eit nytt fenomen. Borgarkrigen var på mange måtar ein kamp om kven som skulle styre landet, og også her var eksterne aktørar involvert i stor grad. Israel gjekk inn i borgarkrigen for å unngå at ein Israel-fiendtlig shia-muslimsk trussel skulle få den dominerande posisjonen i landet. Syria på si side gjekk inn i landet med mandat frå Taif avtalen, og skulle bidra til å stabilisere konflikten. At Libanon er åstad for det Susser (2007) karakteriserer som ein ny regional maktkamp, er altså ikkje tilfeldig. Libanon kan framleis reknast som ein svak stat, der gruppene innad kjempar om å kontroll, og med eksterne aktørar som har interesser i å gi si støtte til ulike sider i konflikten. Israel ønskjer å verje om sin posisjon som regional stormakt, Syria

ønskjer å verje om sin påverknad på den libanesiske arenaen, og Iran ønskjer å auke sin påverknad i den arabiske verda.

Israel si grunngeving av krigen la vekt på at krigen var eit oppgjær ikkje berre med Hizballah, men eit forsøk på å gi Libanon tilbake kontrollen over Sør-Libanon, og svekke den påverknaden Syria og Iran hadde opparbeida seg i landet gjennom Hizballah (Israelsk Utanriskdepartement 2007). Den 12. juli, etter bortføringa av dei israelske soldatane, uttaler statsminister Olmert: "One thing must be understood: This was an act of war without any provocation on the sovereign territory - about which there is no dispute - of the State of Israel" (Israelsk Utanriksdepartement 2006a). Den israelske leiinga såg altså bortføringa og rakettåtaka frå Hizballah som ei krigshandling – som ein trussel mot staten Israel sin tryggleik.

I følgje Mastanduno (1997) er ein revisjonistisk aktør ein aktør som ønskjer å endre den eksisterande maktbalansen, og dermed true den dominerande aktøren sin posisjon. Kan Hizballah karakteriserast som ein trussel mot Israel sin dominerande posisjon i regionen, og dermed reknast som ein revisjonistisk aktør?

5.3.1 Hizballah, ein revisjonistisk aktør?

Sjølv om Hizballah sine militære kapasitetar er vanskelig å beregne, er det sannsynleg at dei i forhold til Israel ikkje utgjer ein stor trussel. Ein av Hizballah sine fordelar i konfrontasjon med Israel er den geografiske nærleiken. Hizballah opererer på grensa mellom Israel og Libanon. Rakettane Hizballah hittil har operert med utgjer, relativt i forhold til Israel, beskjedne militære kapasitetar. Men på grunn av den geografiske nærleiken vert effekten større enn dersom Hizballah var lokalisert ein anna stad, og Hizballah har med sine kapasitetar klart å påføre Israel øydeleggingar. Men kva er Hizballah sine intensjonar ovanfor Israel? Kan bortføringa av dei israelske soldatane sjåast som ei revisjonistisk handling?

Hizballah vart oppretta som ein respons på den israelske okkupasjonen av Libanon i 1982, med støtte frå Syria og Iran. På denne måten kan Hizballah sin eksistens i seg

sjølv sjåast som ein reaksjon på Israel sin oppførsel, og intensjonane var klare – å drive Israel ut av Libanon. Men særleg etter Israel trakk seg ut av Tryggingssona i 2000, har Hizballah måtte redefinere sine oppgåver for framleis å kunne ha ein grunn til å eksistere (Norton 2000:23). Ser ein på Hizballah si grunngeving for å bortføre soldatane, konsentrerer desse seg om at målet var å få frigitt eigne fangar frå israelske fengsel i bytte mot soldatane (Al Jazeera 2006b). I utgangspunktet var det dermed ikkje ytra noko vidare ønske om å påføre Israel øydeleggingar.

Hizballah sine intensjonar ovanfor Israel må også sjåast i ljøs av den israelske tryggingdoktrinen. Sjølv om Hizballah definerer seg sjølv som ein aktør som hovudsakleg opererer på den libansiske arenaen, kan Hizballah sin eksistens i Sør-Libanon i ljøs av den israelske trusseloppfatninga likevel utgjere ein eksistensiell trussel. Saad-Ghorayeb (2006) legg også vekt på at Hizballah med sine åtak på Israel også ønskjer å vise at Israel ikkje er uovervinnelege, og gjer kampen mot Hizballah også for Israel ein eksistensiell kamp. At truslar mot den israelske staten ikkje berre vert rekna som eit åtak på eit territorium, men som truslar mot nasjonen sin eksistens – kan forsterke denne påminninga om at staten ikkje er uovervinnelig. Basert på kravet om unilateral tryggleik er ikkje staten Israel trygg før tryggleiken er heva over ein kvar tvil (Butenschøn 1992:112). Åtak frå Hizballah, og Hizballah sin eksistens i Sør-Libanon vert dermed ei påminning om at denne tryggleiken framleis ikkje er oppnådd.

Etter at krigen braut ut kom Hizballah med utsegn om at gruppa såg kampen mot Israel som ein vidare moglegheit for den arabiske og muslimske verda til endeleg påføre Israel tap, og at Hizballah med dette ville gå framføre som eit godt døme (Al Jazeera 2006c). Desse uttalingane kan tolkast som eit ønske frå Hizballah om ikkje berre å forsvare seg mot dei israelske åtaka, men å bruke moglegheita til å svekke staten Israel, og å delta i ein større arabisk kamp mot Israel. I følgje Saad-Ghorayeb (2006) prøver Hizballah, gjennom å utgjere ein trussel mot Israel, å posisjonere seg saman med Syria og Iran. Ved å vere ein motstandar mot Israel, med faktiske moglegheiter til å påføre Israel øydeleggingar, styrker Hizballah si regionale

betydning ved å vere ein aktør som kan fremje syriske og iranske interesser. Dermed vert Hizballah sine åtak på Israel i følgje Saad-Ghorayeb (2006) også eit forsøk på å sikre sin eigen eksistens, då gruppa styrker si betydning i regionen. Hizballah sine åtak på Israel kan basert på dette sjåast i samanheng med Syria og Iran sine intensjonar ovanfor Israel.

5.3.2 Syria og kampen om Golanhøgda

Saad-Ghorayeb (2006) hevdar altså at Syria og Iran har interesse av å svekke Israel, og at Hizballah dermed vert ein nyttig aktør dei to statane kan bruke til å indirekte påføre Israel øydeleggingar, utan sjølv om involvere seg direkte i kamphandlingar. Kva er Syria og Iran sine intensjonar ovanfor Israel, og kan desse reknast som revisjonistiske aktørar?

Sjølv om den syriske opprustinga etter krigen 1967 kom som ein respons på tapet av Golanhøgda og nederlaget mot Israel, er i følgje Hinnebusch og El-Shazly (2002:83) den syriske militære styrken ikkje lenger det den ein gong var. Syria har heller ikkje retta direkte åtak mot Israel sidan krigen i 1973.

Ser ein på den syriske leiinga sine uttalingar om dei israelske åtaka på Hizballah i 2006 omtalar dei Israel i svært negative ordelag. Israel vert karakterisert som ein terroriststat, og Syria applauderte Hizballah for å ha kjempa mot Israel på vegne av det arabiske folket. Desse uttalingane kan vere eit teikn på at Syria framleis vektlegg sin posisjon i den arabiske verden i sin motstand mot Israel, og at denne motsetnaden framleis er viktig i syrisk politikk mot Israel. Syria trakk seg ut av Libanon så seint som i 2005, eit teikn på at Syria framleis ser på Libanon som eit område der dei framleis har legitim rett til å spele ei viktig rolle. I følgje Rabil (2003:2) er også forholdet mellom dei to statane prega av mistru og utrygge, noko som gjer fredsforhandlingar vanskelege, og bidreg til å oppretthalde det fiendtlege forholdet.

Men som Hinnebusch (1991:375) understrekar, er det ikkje i hovudsak den arabiske nasjonalismen, og ønske om å gjenforeine den arabiske nasjonen som no er leiande i

Syria sitt forhold til Israel. Tapet av Golanhøgda førte til auka syrisk utrygge ovanfor Israel, og var hovudårsaka til at Syria deltok i åtaket på Israel i 1973. Krigen var eit forsøk både frå syrisk og egyptisk hald på å forstyrre *status quo* og på å gjenvinne dei tapte territoria frå 1967 (Hinnebusch 2002:153-154). Også syrisk deltaking i Madrid forhandlingane var eit middel for å få tilbake Golan, og det var i tillegg ueine om Golanhøgda og tilgang på vassressursar som gjorde at fredsforhandlingane mellom Syria og Israel mislukkast (Hinnebusch 2002:160-161).

Å omtale Syria som ein revisjonistisk stat kan på bakgrunn av diskusjonen over baserast i hovudsak på den israelske okkupasjonen av Golanhøgda, og at Syria ønskjer dette området tilbake. Dei syriske ambisjonane om å oppnå ein dominerande posisjon i regionen kan framleis vere motiv for den syriske haldninga ovanfor Israel, men vert hindra av manglande kapasitetar (Hinnebusch 1991:375). Basert på dette kjem spørsmålet om kvifor Israel ikkje har prioritert å gi tilbake Golanhøgda og dermed komme fram til ein langvarig løysing på konflikta med Syria. Svaret kan ligge i grunnelementet om å prioritere tryggleik framfor fred. Å gi opp Golanhøgda ville vere å gi opp eit område som gir territoriell beskytting frå eventuelle åtak frå Syria, noko Israel som nemnt i kapittel 3 hevda var viktig for den israelske sigeren i 1973. Ein fredsavtale med Syria ville riktig nok ha gitt ei forsikring frå syrisk hald om å avstå frå framtidige åtak – men ei slik forsikring har altså ikkje vore nok for å overbevise Israel om å gi opp Golanhøgda. Dette heng igjen saman med den israelske skepsisen ovanfor dei andre regionale aktørane, og kravet om unilateral tryggleik. Israel kan ikkje la sin tryggleik avhenge av forsikringar frå dei arabiske statane, men baserer sin tryggleik på å til ei kvar tid å vere militært overlegen sine potensielle motstandarar.

I følgje Susser (2007) kan Syria også sjåast som ein del av shia-aksen, og Iran sitt forsøk på å fremje sin posisjon i regionale systemet. Basert på dette kan Syria også sjåast som ein revisjonistisk aktør på grunn av si forbinding med Iran. Men kan Iran reknast som ein revisjonistisk aktør?

5.3.3 Iran – ein potensiell regional hegemon?

Ser ein på Iran sine kapasitetar er dette ein regional aktør som kan ha potensiale til å verte ei regional stormakt (Hinnebusch og El-Shazly 2002:80). I følgje Hinnebusch og El-Shazly (2002:83) er den iranske militære opprustinga etter revolusjonen likevel i hovudsak basert på å forsvare staten, ikkje på å gjennomføre offensive aksjonar. Den iranske forsvar doktrinen kan omtalast som strategisk avsrekkande forsvar. Dersom Iran vert åtaka, vil motstandaren verte møtt med beinveges respons og alle moglege militære middel (Military Balance 2006:174).

Det er moglegheita for at Iran skal utvikle atomvåpen som har fått mest merksemd frå Israel og USA. Iran har møtt internasjonale sanksjonar og press på grunn av si anriking av uran, men held likevel med fram med programmet, medan den iranske leiinga legg vekt på at uranet berre skal brukast til fredelege formål (Bahgat 2006).

Påstanden om at dette utgjer ein eksistensiell trussel mot Israel kan likevel diskuterast. I ljøs av Israel sine eigne atomvåpen, ville iranske atomvåpen likevel ikkje kunne vorte brukt utan å verte møtt med den same trusselen frå motparten (Mearsheimer og Walt 2002:33).

Men kva intensjonar kan dei iranske kapasitetane sjåast i ljøs av? Ahmadinejad sine uttalingar om dei israelske åtaka mot Hizballah var i kjend stil sterkt kritiske mot Israel, og spådde dramatiske konsekvensar for den sionistiske fienden. Ser ein uttalingane i ljøs av forholdet mellom dei to statane etter revolusjonen, føyer dei seg inn i eit auka engasjement frå iranske hald i arabarane sin kamp mot Israel. Dei iranske intensjonane kan sjåast i ljøs av den iranske nasjonalismen og anti-imperialismen. Det iranske regimet har vektlagt ein hard front mot USA og Israel – noko som også kan sjåast i ljøs av det Maloney (2002:101) definerer som ein lengre historisk kamp mot imperialismen for å oppnå suverenitet og hindre eksterne aktørar å true denne. I følgje Maloney (2002) er også den iranske nasjonalismen eit element i den iranske identiteten som framleis gjer seg gjeldande, og som ikkje må kome i skuggen av den religiøse dimensjonen.

Susser (2007) karakteriserer dei iranske utsegna, saman med støtta til Hizballah og andre radikale islamistiske grupper, som eit forsøk på å auke sin påverknad i regionen og betre sin posisjon i det regionale systemet. På bagrunn av dette kan Iran karakteriserast som eit forsøk på å utfordre *status quo*, og dermed Israel sin posisjon i regionen. Sjølv om Iran ikkje kan reknast som eit utfordrar mot Israel basert på militære kapasitetar, argumenterer altså Susser (2007) for at Iran ønskjer å byggje seg opp til ei regional stormakt, og at støtta til Hizballah og andre radikale islamistiske grupper er eit ledd i denne oppbygginga.

5.3.4 Shia-aksen

Kan forholdet mellom Hizballah, Syria og Iran karakteriserast som ein revisjonistisk akse? Var Hizballah si bortføring av dei israelske soldatane ei handling ut frå syriske og iranske interesser, og fungerer Hizballah dermed berre som eit instrument i dei to statane sin kamp mot Israel?

Alliansen mellom Syria og Iran kan sjåast i ljøs av Walt (1987) sin teori om alliansedanning. I følgje Walt (1987) sin påstand vil aktørar alliere seg for saman å kunne balansere mot den dominerande aktøren. Basert på dette vil alliansen mellom Syria og Iran kunne sjåast som ein måte for begge statane å forbetre sin posisjon i forhold til Israel. Amidror (2007a) hevdar også Syria og Iran vert knytta saman gjennom ein frykt for indre og ytre delegitimering, men også gjennom ei forståinga av at dei kan oppnå meir saman enn kvar for seg. I følgje Hinnebusch (2002:156) var då også alliansen nettopp ein reaksjon frå Syria på den skeive maktbalansen i Israel sin favør etter at Egypt forlot den arabiske alliansen gjennom fredsavtalen med Israel. Etter den iranske revolusjonen hadde Iran endra kurs frå å vere ein alliert av Israel og USA til å vere ein av dei fremste forkjemparane mot den israelske staten. Iran vart dermed ein potensiell syrisk alliert som var verdifull i den israelsk-arabiske maktbalansen. Verdien av alliansen viste seg allereie under den israelske invasjonen av Libanon i 1982, då Iran si sponing av Hizballah hindra Israel i å true Syria (Hinnebusch 2002:156-157). Alliansen var også synleg under krigen i 2006, då

Ahmadinejad gjekk ut og åtvare om konsekvensane dersom Israel utvida sitt åtak til Syria.

Amidror (2007a) argumenterer vidare for at Hizballah eit resultat av dette samarbeidet, då begge gir direkte støtte til gruppa, og fordi Iran ikkje kunne ha bygga opp organisasjonen utan å fått lov til å frakte våpen gjennom Syria. Hizballah er knytepunkt i alliansen fordi det gir Syria og Iran moglegheita til å påverke situasjonen i Libanon, og frå Libanon når dei også fram til Israel. Krigen i 2006 kunne ha skada dette knutepunktet, men klarte det ikkje (Amidror 2007a:3).

For Syria er Hizballah sine aksjonar mot Israel ein måte å minne Israel på at okkupasjonen av Golanhøgda har konsekvensar (Norton 2000:33). Men sjølv om Hizballah tener syriske interesser mot Israel, er dette ikkje eins med at dei to aktørane berre har overlappende interesser. Hizballah støtter syriske interesser, men berre så lenge desse ikkje truar Hizballah sin politiske støtte i Libanon. Samstundes er Hizballah klar over at deira eksistens delvis er avhengig av syrisk støtte (Norton 2000:33).

Hizballah har eit nært forhold til Iran. I følgje Deeb (2006) konsulterer Hizballah si leiing med iranske leiarar i viktige avgjersler, og mottek også økonomisk og militær støtte. Men Deeb (2006) hevdar likevel at dette ikkje betyr at Iran kan diktere Hizballah. Forholdet mellom Hizballah og Syria kan karakteriserast på ein liknande måte. Forholdet har vorte rekna som så nært at Hizballah har vorte sett på som den libanesiske forlenginga av Syria i kampen for å få tilbake Golanhøgda. Men sjølv om Hizballah har eit nært forhold til den syriske regjeringa, kan Syria ikkje diktere Hizballah sine handlingar. I følgje Deeb (2006) vert Hizballah sine avgjersler no først og fremst tekne på grunnlag av kva som er best for organisasjonen og Libanon. Basert på denne diskusjonen er det altså ikkje beinveges klart at Hizballah sine handlingar kan forklarast som ei forlenging av syriske eller iranske interesser, på trass av at dei to statane reknast som sponsorar for gruppa.

Ser ein på uttalingane Syria og Iran kom med under og etter Julikrigen, ser det ut til at begge statane støtta Hizballah sin kamp mot Israel fullt ut, og såg kampen som ein del av ein større motstand mot den israelske staten. I følgje Saad-Ghorayeb (2006) kan også Hizballah sine handlingar sjåast i ljøs av behovet for å vere ein aktør Syria og Iran har bruk for, då Hizballah er avhengig av støtte frå dei to statane for å ikkje verte avvæpna og miste sin posisjon i Libanon. Så lenge dette ikkje svekker Hizballah sin posisjon på den libanesiske politiske arenaen, vil gruppa halde fram med å tene syriske og iranske interesser både innad i Libanon, og ovanfor Israel. Sjølv om Hizballah hevda at bortføringane berre skulle fungere som eit pressmiddel for å få løyslatt fangar frå israelske fengsel, kan ein ut frå Saad-Ghorayeb (2006) sin argumentasjon sjå bortføringane som ein måte for Hizballah å gjere seg til ein viktig aktør i ein større regional kamp mot Israel. Dette betyr ikkje at Hizballah fungere berre som ei forlenging av syriske og iranske interesser, men at å utgjere ein trussel mot Israel også tener Hizballah sine egne interesser.

Men også her er den israelske oppfattinga av aktørane eit viktig moment. I forkant og i etterkant av krigen la Israel vekt på at bakgrunnen for åtaket på Hizballah låg i den trusselen Hizballah utgjorde mot israelsk tryggleik på grunn av støtta den fekk frå Syria og Iran (Israelsk Utanriksdepartement 2002, 2006b, 2007). Inbar (2007) framhevar også sidan Israel ikkje nytta høvet til å ta oppgjær med Syria og Iran, klarte krigen heller ikkje å svekke Hizballah tilstrekkelig. I følgje Inbar (2007) kan dette få konsekvensar for den israelske staten sin tryggleik: "Israel is a strong state, but it can ill-afford such failure. It lives in a dangerous neighbourhood in which military might is the guarantee for survival" (Inbar 2007).

Den israelske eksistensielle trusseloppfatninga og kravet om unilateral tryggleik kan altså ha påverka Israel sine vurderingar før Julikrigen. Ein indikator på dette kan vere at Israel for det første så klart definerte Hizballah, Syria og Iran som ein fiendtleg allianse med mål om å skade Israel. Sjølv om det er klare forbindingar mellom dei tre aktørane, har dei ikkje samla erlæra at dei ønskjer å øydelegge den israelske staten.

Ein anna indikator kan vere dei karakteristikkane den israelske leiinga brukte om trusselen frå Hizballah i forkant av krigen. Sjølv om Hizballah skulle vere ein del av ein større regional allianse med Syria og Iran, er Israel framleis militært sett den dominerande aktøren i regionen. At Israel oppfatta Hizballah som ein trussel dei måtte konfrontere kan dermed forklarast med påstanden om at Israel oppfattar truslar som eksistensielle utan at dei i realiteten kan true staten sin eksistens, men fordi dei altså vert rekna som eit åtak på det israelske folket – nasjonen, heller enn på eit territorielt område.

Frå denne ståstaden er krigen ikkje lenger berre ein reaksjon mot ein potensielt revisjonistisk ikkje-statlig aktør, men mot to regionale statar. Sjølv om det israelske forsvaret kvalitativt sett vert rekna som betre enn det syriske og iranske, utgjer Hizballah no ein større trussel mot israelsk tryggleik enn dersom ein ser på Hizballah åleine. Krigen kan på denne måten sjåast som ein reaksjon på det Israel kan ha oppfatta som ein allianse mot israelsk tryggleik, der Hizballah berre er eit instrument for dei større motstandarane.

5.4 Kvifor militær konfrontasjon?

5.4.1 Ein tradisjon for maktbruk

I møte med revisjonistiske aktørar vil den dominerande aktøren enten prøve å kontrollere, eller konfrontere sine motstandarar (Mastanduno 1997:61-62). Kva ligg bak den israelsk avgjersla om å konfrontere Hizballah militært? Kvifor brukte ikkje Israel andre enn omfattande militære verkemiddel i sin respons på bortføringane?

Basert på diskusjonen av den israelske tryggingdoktrinen i kapittel 3, er den militære reaksjonen frå Israel ikkje overraskande. I møte med dei fiendtlege arabiske aktørane i regionen utvikla Israel ein tradisjon for at militær styrke var det beste verkemiddelet for å trygge den jødiske nasjonen i konfrontasjon med den arabiske verda. Dei

israelske åtak på Hizballah og Libanon i 2006 kan også klart omtalast som åtak med massivt omfang og overbevisande styrke. Sjølv om Israel ikkje klarte å svekke Hizballah tilstrekkelig til å stagge rakettåtak, er åtaka på libanesisk infrastruktur og basar elles i landet eit teikn på krigen sin omfattande karakter. Fleire internasjonale aktørar gjekk som nemnt tidlegare ut og kritiserte Israel for ikkje å følgje Folkeretten sitt prinsipp om proporsjonalitet.

I diskusjonen av den israelske tryggingdoktrinen i kapittel tre kom det fram at Israel i militære konfrontasjonar så raskt som mogleg ville flytte krigføringa over til fienden sitt land, for å unngå tap av eigne menneskeliv. Militære konfrontasjonar skulle også gjerast med overbevisande styrke, dette for å etablere avskrekking, samt å avslutte konflikten så raskt som mogleg. Israel klarte også i stor grad å oppnå målet om å spare eigne menneskeliv, 43 sivile og 12 IDF soldatar mista livet (Human Rights Watch 2006). Om målet om avskrekking vart oppnådd er meir diskutabelt. I følgje Inbar (2007) var krigen ikkje tilstrekkelig omfattande til å verke avskrekkande på verken Hizballah eller andre motstandarar.

I følgje Jones (2002) førte den israelske bruken av makt også til utrygge blant nabostatane, og ein tradisjon for maktpolitikk i regionen. Det israelske kravet om unilateral tryggleik og den offensive militære strategien påverka altså i stor grad etableringa av ein regional tradisjon for bruk av tvang og militære midlar i tryggingkonflikter. At Israel til ei kvar tid skulle vere militært førebudd på åtak frå nabostatane, og også til ei kvar tid skulle vere kvalitativt overlegen alle potensielle fiendtlege alliansar, førte til utrygge og opprustning hjå nabostatane. Den israelske prioriteringa av tryggleik framfor fred, med konflikten om Golanhøgda og dei palestinske områda som fremste døme, har også bidrege til å oppretthalde konfliktnivået i regionen.

I etterkant av krigen har den interne debatten i Israel retta sterk kritikk mot den israelske leiinga si handtering av krigen. Kritikken gjekk mellom anna på at dei målsetjingane den israelske leiinga la til grunn for åtaket ikkje kunne realiserast med dei verkemidla som vart tekne i bruk. Mellom andre Winograd Kommissjonen

(2007:4) kritiserte den israelske politiske leiinga for å ikkje ha møtt bortføringane og raketttåaket frå Hizballah med andre verkemiddel enn militært åtak – og foreslår ein kombinasjon av diplomatiske og politiske verkemiddel saman med mindre militære åtak. Det omfattande militære åtaket på Hizballah var derimot ikkje ein ny strategi frå israelsk side.

Dei israelske operasjonane mot Hizballah i 1993 og 1996 fekk, i likskap med åtaka i 2006, også kritikk for dei tapa dei påførte libanesisk befolkning. Operasjonane var eit forsøk på å svekke Hizballah militært, og å presse Syria til forhandlingsbordet. Tvert i mot viste operasjonane at Israel ikkje oppnådde avskrekking med operasjonane. Hizballah kom ut av operasjonane med sin status styrka, då deira eksistens på mange måtar vart rettferdiggjort av israelske åtak på Libanon. På denne måten vart operasjonane ikkje berre lite effektive, men til ein viss grad virka dei mot si hensikt om å svekke Hizballah. Verken Hizballah eller Syria lot seg skremme til å gi opp kampen (Murden 2000:36-38).

På trass av desse mislukka tidlegare forsøka på å svekke og avskrekke Hizballah med militære verkemiddel, var det altså same strategi som vart nytta i Israel sin respons på bortføringane av dei israelske soldatane i 2006. Dette kan sjåast som eit teikn på at den israelske doktrinen si vektlegging av militære verkemiddel i regionale konflikter framleis står sterkt. At den offensive militære strategien framleis står sterkt, kan også sjåast i samanheng med den israelske føresetnaden om at tryggleik er viktigare enn fred. Både den israelske invasjonen av Gaza tidlegare i 2006 og Julikrigen vart av Israel karakterisert som forsvar mot uprovosert terrorisme (Israelsk Utanriksdepartement 2007). Dei uttallige israelske konfrontasjonane med palestinarane og Hizballah ser ikkje ut til å skulle halde opp med det første, og den israelske strategien om massiv militærbruk ser verken ut til å ha avskrekka motstandarane, eller å ha klart å pressa motstandarane til å gi opp kampen. I følge Winograd Rapporten (2007:7-8) var responsen på bortføringane delvis resultat av at den strategiske militære doktrinen ikkje var førebudd på dei truslane som Israel i dag sto ovanfor. Dei israelske regjeringane hadde ikkje klart å evaluere den militære

doktrinen i takt med endringane i staten sitt trusselbilete, og responsen på åtak frå Hizballah sto dermed ikkje i samsvar med dei måla den israelske leiinga ønska å oppnå med krigen. Samstundes kan opprettinga av Winograd Rapporten kanskje vere eit teikn på at ei intern reevaluering av den israelske doktrinen kan finne stad.

5.5 Ein "war by proxy"?

Korleis har grunnelementet i den israelske tryggingdoktrinen om å søkje støtte frå stormakter påverka den israelske avgjersla om å gå til krig mot Hizballah?

Som vist tidlegare kritiserte fleire europeiske og arabiske aktørar dei israelske åtaka for å vere uproporsjonale. Undervegs i krigen la den israelske leiinga likevel vekt på at dei oppfatta dei internasjonale reaksjonane på krigen som ei støtte til Israel, då det ikkje beinveges vart krevd at kampane skulle ta slutt (BBC 2006c). Denne tolkinga kan styrke inntrykket av at Israel ikkje lenger oppfattar seg som ein isolert stat.

I dei internasjonale reaksjonane på dei israelske åtaka var særleg USA tilbakehaldne med å kritisere Israel. USA la i sine reaksjoner vekt på Israel sin rett til å forsvare seg, og hevda i motsetnad til andre europeiske og arabiske aktørar at dei omfattande israelske åtaka var ein rettferdig respons på bortføringane. Utsegna frå den amerikanske leiinga viste nok ein gong det nære forholdet mellom USA og Israel.

5.5.1 Amerikanske interesser i krigen?

Seymour Hersh (2006) argumenterer for at Washington var informert om dei israelske planane om å gå til krig i forkant av krigen, og at USA i tillegg hadde egne interesser i at Israel skulle gå til åtak på Hizballah. I følgje Hersh (2006) var åtaket planlagt lenge før kidnappingane av dei israelske soldatane 12. juli 2006, og USA hadde visst om og godkjent planane. Hersh (2006) hevdar vidare at amerikanarane såg åtaket som ei nyttig erfaring å ha med dersom dei seinare skulle gå til åtak på iranske atomreaktorar. Dette baserte seg i følgje Hersh (2006) på ein amerikansk ide

om at både Hizballah sine basar og dei iranske atomreaktorane var skjult under jorda, og erfaringane frå åtak på Hizballah basar og kontrollsenter ville dermed kunne komme til nytte i eit eventuelt åtak på Iran. I tillegg såg Israel og USA i følgje Hersh (2006) behovet for å svekke Hizballah militært. Dersom amerikanarane skulle gå etter Iran, kunne det komme eit åtak på Israel frå Hizballah. Difor var det ein fordel å svekke Hizballah i første omgang. Dersom den libanesiske regjeringa sin posisjon i Libanon vart styrka på grunn av krigen mot Hizballah, ville dette vere ein heldig bieffekt for Bush-administrasjonen sin kampanje for å demokratisere Midtausten. Hersh (2006) argumenterer altså for at krigen var ein sokalla krig ved stedfortredar (war by proxy), og at den i realiteten var ein konflikt mellom USA og Iran (Hersh 2006).¹⁷

I motsetnad til Hersh (2006) hevdar Walt og Mearsheimer (2006) at det ikkje tener amerikanske nasjonale interesser å støtte Israel i den regionale konflikta. I følgje Mearsheimer og Walt (2006) har lobbyen klart å fremme israelske interesser i amerikansk politikk i Midtausten, utover kva som er i amerikansk tryggleik sin eigen interesse. På grunn av det nære forholdet mellom USA og Israel, har amerikanarane i følgje Mearsheimer og Walt (2006) både fått eit dårligare forhold til dei arabiske statane, og til tider fått trua sin tilgang på olje i regionen. Grunnen til at USA på trass av dette støttar Israel, er ikkje felles demokratiske verdiar eller at Israel sin eksistens er trua, men at den pro-israelske lobbyen i USA klarer å fremme israelske interesser så effektivt at den amerikanske støtta til Israel ikkje ein gong vert debattert.

USA si støtte til Israel vert ofte argumentert for ved at Israel er ein viktig partner i kampen mot terrorisme. Mearsheimer og Walt (2006:32-33) hevdar derimot at terrorismen retta mot USA i stor grad er eit resultat av det nære forholdet til Israel. Al-Qaeda, Syria og Iran hadde ikkje vore ein så alvorlig trussel mot USA hadde det ikkje vore for det nære forholdet mellom USA og Israel. I følgje Mearsheimer og

¹⁷ Ein krig gjennom stedfortredarar vert føretrukke av aktørane dersom ein direkte militær konfrontasjon vert rekna som for kostbar, til dømes på grunn av faren for bruk av atomvåpen.

Walt (2006) er i tillegg trusselen om Iran som atommakt overdriven, då både USA og Israel har atomvåpen. Mearsheimer og Walt (2006) hevdar også at Israel sine atomvåpen er ein av årsakane til at nokre av nabostatane prøver å skaffe seg slike våpen (Mearsheimer og Walt 2006:34).

5.5.2 Med amerikansk støtte

Å stadfeste empirisk at Israel hadde planlagt åtaket før kidnappingane, og at den amerikanske politiske leiinga kjende til og godkjende desse planane, er vanskelig. Ser ein på dei amerikanske uttalingane under krigen kan desse tolkast som ei klar støtte til Israel. USA oppmoda riktignok Israel om å unngå åtak på sivilbefolkning, men unngjekk å kommentere om dei israelske åtaka var for omfattande, eller gjorde for mykje skade. Utanriksminister Rice unngjekk også å svare på om det var ei grense for kor langt dei israelske åtaka kunne gå i sine øydeleggingar før USA ville reagere, og den amerikanske leiinga fokuserte på at krigen mot Hizballah var ein del av krigen mot terror – og lånte dermed Israel legitimitet. Basert på at krigen var eit sjølvforsvar mot terrorisme, la USA skulda for krigen på Hizballah, og legitimerte israelsk bruk av alle verkemiddel. Sjølv om USA ikkje nødvendigvis hadde gitt si støtte til åtaket på førehand, var støtta til Israel under krigen klar og tydelig.

Her kjem ei viktige sida ved USA si rolle i krigen fram. Er det sannsynleg at Israel ville gått til krig dersom USA ikkje hadde støtta dei? Reaksjonane frå dei arabiske og fleire av dei europeiske aktørane la stor vekt på å fordømme dei sivile tapa som dei israelske åtaka påførte Libanon. USA derimot var klar i sitt forsvar av Israel sin rett til å forsvare seg mot Hizballah, og såg ingen begrensingar i kor langt dette forsvaret kunne gå. Dersom støtta frå USA ikkje hadde vore so klar, er det mogleg at Israel ikkje ville ha stått i mot presset frå dei andre stormaktene om å avslutte åtaka tidligare. I følgje Rodman (2001) har Israel tidlegare fått indirekte eller direkte samtykke frå USA før dei har igangsett åtak på regionale motstandarar. Basert på den amerikanske reaksjonen på det israelske åtaket på Hizballah i 2006, er det sannsynleg at Israel hadde amerikansk støtte også denne gangen.

6. Konklusjon

Oppgåva si hensikt har vore å undersøke korleis grunnelement i den israelske tryggingdoktrinen kunne bidra til å forklare kvifor Israel gjekk til åtak på Hizballah i 2006. Desse grunnelementa vart strukturert i fem hovudelement, med utgangspunkt i utleiinga av den israelske politisk-militære doktrinen til Handel (1973). Det første grunnelementet er basert på at Israel ikkje vart rekna som ein anerkjend del av Midtausten – og møtt med fiendskap frå den arabiske verda. Det andre grunnelementet var kan sjåast i samanheng med det første. Basert på at Israel oppfatta seg sjølv som regionalt og globalt isolert, vart doktrinen bygd på føresetnaden om at Israel så langt som råd skulle forsvare seg åleine. Det tredje grunnelementet er forma av den etno-religiøse definisjonen av den israelske staten. Eit åtak på den israelske staten vart ikkje berre rekna som eit åtak på eit territorium, men som eit åtak på den jødiske nasjonen sin eksistens. Den israelske staten er i tillegg framleis i strid med nabostatane om kvar staten sine grenser skal gå. Desse faktorane, saman med den jødiske nasjonen si historie med forfølgingar, og dei fiendtlege regionale omgivingane, fører til eit fjerde grunnelement i den israelske doktrinen – nemlig ei overordna vektlegging av tryggleik. Til sist vart doktrinen bygd på at på grunn av staten sine begrensa ressursar, ville det vere naudsynt å til ei kvar tid ha eit nært forhold til ei stormakt, helst den mektigaste av dei.

I kapittel 3 vart det vidare argumentert for at bortsett frå at Israel ikkje lenger reknar seg sjølv som ein isolert stat, kan dei andre grunnelementa reknast som stabile. Frå dette vart det utleia visse forventingar om korleis Israel vil reagerer i møte med truslar. Dersom Israel oppfattar at ein regional trussel er under oppbygging, kan ein forvente at denne vil verte møtt med massiv militært åtak. Ein kan også forvente at dette åtaket vil vere av preventiv art – Israel vil prøve å forhindre at trusselen får bygge seg opp, og komme eit potensielt åtak på staten i forkjøpet.

I analysen var hensikta å undersøke korleis grunnelementa i den israelske doktrinen kunne bidra til å forklare det israelske åtaket på Hizballah. Analysen tok

utgangspunkt i nyrealismen sin definisjon av det anarkiske systemet, og føresetnadar om aktørar sin oppførsel på grunnlag av dette. Sjølv om Midtausten er ein region med fleire kryssande konfliktilinjer og kompliserte forhold, vart det argumentert for at dersom ein vektlegg militær styrke og evnen til å bruke denne, kan Israel karakteriserast som ei regional stormakt. Å definere Israel som ein unipolar aktør må gjerast med visse begrensingar, då Israel sin innverknad på dei andre aktørane er begrensa av at staten økonomisk og kulturelt ikkje er integrert regionen. I følgje den israelske tryggingdoktrinen er nettopp desse regionale omgivnadane ein av årsakane til at Israel til ei kvar tid må vere den militære dominante aktøren i regionen. I tillegg har den israelske staten sin mangel på legitimitet i regionen gjort at dei vestlige stormaktene har støtta den offensive militære israelske doktrinen.

Utleiinga om oppførselen til aktørane frå Mastanduno (1997) baserer seg på skilnaden mellom *status quo* og revisjonistiske aktørar i forhold til den dominerande aktøren. I oppgåva vart dei regionale aktørane sine posisjonar i forhold til Israel rekna som mellomliggande variablar som kunne påverke korleis Israel operasjonaliserte grunnelementa i doktrinen. I ein gjennomgang av dei tre aktørane sine intensjonar og posisjon i den regionale samanhengen, var konklusjonen at shia-aksen ikkje beinveges kan karakteriserast som ein revisjonistisk akse i forhold til Israel. Hizballah har interesse av å delta på den libanesiske arenaen som ein anerkjend politisk og sosial aktør, og ønskjer dermed ikkje å risikere denne posisjonen ved å provosere fram eit israelsk åtak på Israel. Samstundes er Hizballah avhengig av støtte frå Syria og Iran, og gjennom å utgjere ein trussel mot Israel kan Hizballah utgjere ein viktig funksjon som ei forlenging av syriske og iranske interesser ovanfor Israel. Dette kan likevel berre skje så lenge Hizballah ikkje samstundes svekker sin posisjon innad i Libanon. Hizballah sin opposisjon mot Israel kan dermed sjåast som ei forlenging – ein stedfortredar – for Syria sitt ønske om å påminne Israel om at okkupasjonen av Golanhøgda ikkje vil forbigå i stillheit, og eit ønske frå Iran om å fremme sin posisjon som stormakt i regionen.

Dei vurderingane som kom fram i den israelske grunngevinga av krigen, gir indikasjonar om at Israel oppfatta shia-aksen som ein potensiell trussel under oppbygging. Åtaket på Hizballah kan dermed ha vore eit åtak for å forhindre at denne trusselen skulle få bygge seg opp, utan å konfrontere Syria og særleg Iran direkte. Den israelske tryggingsdoktrinen sin føresetnad om at Israel til ei kvar tid må vere militært overlegen sine motstandarar ser altså ut til å spele inn. Sjølv om dei israelske utsegna under krigen ser ut til å styrke inntrykket av at Israel ikkje lenger reknar seg sjølv som ein isolert stat, kan krigen sjåast som ei understreking av at det israelske kravet om unilateral tryggleik framleis står ved lag. Det israelske behovet for å vere den dominerande militære aktøren i regionen ser altså ut til å framleis vere gjeldande, noko som kan sporast til den mistenksame oppfatninga av dei regionale aktørane, og den eksistensielle oppfatninga av tryggleik. Den omfattande karakteren på det israelske åtaket, og den manglande bruken av andre enn militære verkemiddel styrkar også inntrykket av at Israel i konflikta med dei regionale omgivnadane vektlegger tryggleik framfor fred.

Om grunnelementet i doktrinen om å søkje støtte frå stormakter kan bidra til å forklare det israelske åtaket på Hizballah er vanskelegare å stadfeste. Dei amerikanske utsegna i samband med krigen tyda på at USA støtta Israel sine åtak, og ville gi Israel tid til å svekke Hizballah før ei våpenkvile kom i hamn. Argumentet frå Hersh (2006) om at krigen i realiteten var eit oppgjør mellom USA og Iran der Israel og Hizballah fungerte som stedfortredarar står i kontrast til Mearsheimer og Walt (2006) sin argumentasjon for at USA ikkje har nokon grunn til å oppfatte Iran som ein trussel mot eigen tryggleik, og at USA sine åtvaringar til Iran kjem av det nære forholdet til Israel. På bakgrunn av det nære forholdet mellom Israel og USA, er det samstundes ikkje sannsynleg at Israel ville gått til åtak på Hizballah utan direkte eller indirekte samtykkje frå USA. I følgje Mearsheimer og Walt (2006) er den amerikanske støtta til Israel dessutan ikkje avhengig av at USA har samanfallande interesser med Israel, då den pro-israelske lobbyen i USA sin innverknad på amerikansk politikk i Midtausten gjer det lite sannsynleg at den amerikanske leiinga skulle ha nekta Israel å gå til åtak på Hizballah.

Drøftinga av korleis grunnelementa i den israelske tryggingsdoktrinen kan bidra til å forklare det israelske åtaket på Hizballah i 2006 tok utgangspunkt i Rodman (2001:71) sin påstand om at visse grunnleggjande element i den israelske tryggingsdoktrinen ville danne grunnlag for korleis Israel handla i tryggingskonflikter. Basert på drøftinga av grunnelementa i forhold til den tilgjengelige informasjonen om dei israelske vurderingane i forhold til krigen, argumenterer denne oppgåva for at grunnelementa kan bidra til å forklare det israelske åtaket på Hizballah. Særleg ser det ut til at det israelske kravet om unilateral tryggleik kan bidra til å forklare åtaket. Dette styrker påstanden om at grunnelementa om at den israelske utrygga ovanfor dei andre regionale aktørane og den eksistensielle oppfatninga av truslar, kan bidra til å forklare åtaket på Hizballah i 2006.

Kjeldeliste

Aftenposten (2004, Juli 21). "FN krever at Israel river muren", Aftenposten [online] – URL: <http://www.aftenposten.no/nyheter/uriks/article832349.ece> [19.11.2007]

Al Jazeera (2006a, August 17). "Timeline: Lebanon Conflict", *Al Jazeera* [online] – URL: <http://english.aljazeera.net/English/Archive/Archive?ArchiveID=24660> [14.11.2007]

Al Jazeera (2006b, Juli 13). "Hezbollah captures Israeli soldiers", *Al Jazeera* [online] – URL: <http://english.aljazeera.net/English/Archive/Archive?ArchiveID=24456> [14.11.2007]

Al Jazeera (2006c, Juli 18). "Only the beginning, says Nasrallah", *Al Jazeera* [online] – URL: <http://english.aljazeera.net/English/Archive/Archive?ArchiveID=24539> [03.11.2007]

Al Jazeera (2006d, Juli 16). Hezbollah declares war on Israel, *Al Jazeera* [online] – URL: <http://english.aljazeera.net/English/Archive/Archive?ArchiveID=24495> [03.11.2007]

Al Jazeera (2006e, Juli 22). "Hezbollah stands fast", *Al Jazeera* [online] – URL: <http://english.aljazeera.net/English/Archive/Archive?ArchiveID=24625> [06.11.2007]

Al Jazeera (2006f, Juli 24). "Hezbollah proves its mettle", *Al Jazeera* [online] – URL: <http://english.aljazeera.net/English/archive/archive?ArchiveId=24695> [06.11.2007]

Al Jazeera (2006g, Juli 31). "Israeli attack draws outrage", *Al Jazeera* [online] – URL: <http://english.aljazeera.net/English/Archive/Archive?ArchiveID=24824> [05.11.2007]

Al Jazeera (2006h, Juli 14). "Attacks provoke mixed international reaction", *Al Jazeera* [online] – URL: <http://english.aljazeera.net/English/Archive/Archive?ArchiveID=24479> [05.11.2007]

Al Jazeera (2006i, August 16). "Lebanon truce takes hold", *Al Jazeera* [online] – URL: <http://english.aljazeera.net/English/Archive/Archive?ArchiveID=25127> [03.11.2007]

Al Jazeera (2006j, August 12). "Iran:Eliminate Israel to end conflict", Al Jazeera [online] – URL: <http://english.aljazeera.net/English/Archive/Archive?ArchiveID=24902> [03.11.2007]

Alpher, Joseph (1994). "Israel's security concerns in the peace process", i *International affairs (Royal Institute of international affairs 1944-)*, Vol. 70, nr 2.

Amidror, Yaakov (2007a). "The Hizballah-Syria-Iran triangle", i *Middle East Review of International Affairs*, Vol. 11, Nr 1.

Amidror, Yaakov (2007b). "Strategic Lessons of the Winograd Commission Report", i *Jerusalem Center of Public Affairs*, Vol. 6, Nr. 29, Mai [online] – URL: <http://www.jcpa.org/JCPA/Templates/ShowPage.asp?DBID=1&LNGID=1&TMID=111&FID=254&PID=0&IID=1568> [19.11.2007]

Badeau, John S. (1968). *The American approach to the Arab world*. New York: Harper and Row, Publishers.

Bahgat, Gawdat (2006). "Nuclear Proliferation: The Islamic Republic of Iran", i *Iranian Studies*, Vol. 39, Nr. 3, ss. 307-327.

Baldwin, David A. (1997). "The concept of Security", i *Review of International Studies*, Vol. 23, ss. 5-26.

BBC (2006a, Juli 19). "Day-by-day: Lebanon crisis - week one", *BBC* [online] – URL: http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle_east/5179434.stm [05.11.2007]

BBC (2006b, Juli 31). "Day-by-day: Lebanon crisis - week two", *BBC* [online] – URL: http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle_east/5194156.stm [05.11.2007]

BBC (2006c, August 1). "Day-by-day: Lebanon crisis - week three", *BBC* [online] – URL: http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle_east/5218210.stm [04.11.2007]

BBC (2006d, August 9). "Day-by-day: Lebanon crisis - week four", *BBC* [online] – URL: http://news.bbc.co.uk/2/hi/middle_east/5239142.stm [04.11.2007]

BBC (2006e, Juli 14). "Britons warned on Lebanon Crisis", *BBC* [online] – URL: http://news.bbc.co.uk/2/hi/uk_news/politics/5180116.stm [03.11.2007]

BBC (2006f, April 28). "Profile: Mahmoud Ahmadinejad", *BBC* [online] – URL: http://news.bbc.co.uk/1/hi/world/middle_east/4107270.stm [03.11.2007]

Boolsen, Merete Watt (2006). *Kvalitative analyser. At finde årsager og sammenhæng*. København: Hans Reitzels Forlag.

B'tselem (2007). "Separation Barrier", *B'tselem: the israeli information center for human rights* [online] – URL: http://www.btselem.org/english/Separation_Barrier/Statistics.asp [15.12.2007]

Buzan, Barry og Ole Wæver (2003). *Regions and Powers. The structure of International Security*. Cambridge: Cambridge University Press.

Butenschøn, Nils (1992) "Israel as a Regional Great Power: Paradoxes of Regional Alienation", i Iver B. Neumann (red.) *Regional Great Powers in International Politics*. New York: St. Martin's Press.

CIA Factbook (2007a). "The World Factbook: Lebanon", *CIA Factbook* [online] – URL: <https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/geos/le.html> [19.12.2007]

CIA Factbook (2007b). "The World Factbook", *CIA Factbook* [online] informasjon om Syria og Jordan tilgjengelig på URL: <https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/geos/sy.html> og <https://www.cia.gov/library/publications/the-world-factbook/geos/jo.html> [19.12.2007]

CNN (2004). "U.N. court rules West Bank barrier illegal" *CNN* [online] – URL: <http://www.cnn.com/2004/WORLD/meast/07/09/israel.barrier/index.html> [20.11.2007]

CNN (2005). "Palestinian refugees and the right of return", *CNN* [online] – URL: <http://www.cnn.com/SPECIALS/2001/mideast/stories/issues.refugees/> [20.11.2007]

Dawisha, Adeed (2002). "Footprints in the sand: The definition and redefinition of identity in Iraq's foreign policy" i Telhami, Shibley og Michael Barnett (red.) *Identity and foreign policy in the Middle East*. Ithaca: Cornell University Press.

Deeb, Laura (2006) "Hizballah: A Primer", i *Middle East Report* [online] – URL: <http://www.merip.org/mero/mero073106.html> [18.10.2007]

Dessouki, Ali E. Hillal og Karen Aboul Kheir (1991). "The politics of Vulnerability and Survival: The Foreign Policy of Jordan" i Korany, Bahgat og Ali E. Hillal Dessouki (red.) *The Foreign Policies of Arab States. The Challenge of Change*. Boulder: Westview Press.

Ehteshami, Anoushiravan (2002). "The Foreign Policy of Iran" i Hinnebusch, Raymond og Anoushiravan Ehteshami (red.) *The Foreign Policies of Middle East States*. London: Lynne Rienner Publishers.

Erichsen, Olaf Wilhelm (2005). "Kultur", *Forsvarsnett* [online] – URL: <http://www.mil.no/unifil/start/bakgrunn/libanon/article.jhtml?articleID=113554> [10.10.2007]

Fickling, David (2006). "Diplomatic Timeline", the Guardian [online] – URL: <http://www.guardian.co.uk/israel/Story/0,,1835579,00.html> [10.12.2007]

Handel, M. I. (1973). "Israel's political-military doctrine", *Occasional Papers in International Affairs* 30, Harvard University Center for International Affairs.

Hersh, Seymour (2006, August 21). "Watching Lebanon. Washington's interests in Israel's War", *the New Yorker* [online] – URL: http://www.newyorker.com/archive/2006/08/21/060821fa_fact [08.08.2007]

Hinnebusch, Raymond (1991). "Revisionist dreams, realist strategies: The Foreign Policy of Syria", i Korany, Bahgat og Ali E. Hillal Dessouki (red.), *The Foreign Policies of Arab States. The challenge of change*. Boulder: Westview Press.

Hinnebusch, Raymond og Anoushiravan Ehteshami (red.) (2002). *The Foreign Policies of Middle East States*. London: Lynne Rienner Publishers.

Hinnebusch, Raymond (2002). "The Foreign Policy of Syria", i Hinnebusch, Raymond og Anoushiravan Ehteshami (red.), *The Foreign Policies of Middle East States*. London: Lynne Rienner Publishers.

Hinnebusch, Raymond og Nadia El-Shazly (2002). "The Challenge of Security in the Post-Gulf War Middle East System", i Hinnebusch, Raymond og Anoushiravan Ehteshami (red.), *The Foreign Policies of Middle East States*. London: Lynne Rienner Publishers.

Hoel Larsen, Joar (2007, Juli 12). "Libanon - et år etter invasjonen", *NRK* [online] – URL: <http://www.nrk.no/nyheter/utenriks/1.2949321> [16.09.2007]

Holter, Harriet og Ragnvald Kalleberg (red.) (1996). *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget.

Human Rights Watch (2006). "Why they died. Civilian casualties in Lebanon during the 2006 war, I. Executive Summary", *Human Rights Watch* [online] – URL: <http://hrw.org/reports/2007/lebanon0907/3.htm> [15.11.2007]

Inbar, Efraim (1996) "Contours of Israel's New Strategic Thinking", i *Political Science Quarterly*, Vol. 111(1), ss. 41-64.

Inbar, Efraim (1998) "Israel's National Security, 1973-96" *Annals of the American Academy of Political and Social Science, Israel in Transition*, Vol. 555. ss. 62-81.

Inbar, Efraim (2007). "How Israel Bungled the Second Lebanon War", i *Middle East Quarterly*, Vol. XIV, Nr. 3 [online] – URL: <http://www.meforum.org/article/1686> [14.11.2007]

Islamic Republic News Agency (2006, Juli 13). "Asefi strongly condemns Zionist aggression in Lebanon", *Islamic Republic News Agency* [online] – URL: <http://www.irna.ir/en/news/view/line-24/0607137222142230.htm> [07.11.2007]

Israelsk Forsvarsdepartement (2007). "Israel's Security Fence. Purpose", Israelsk Forsvarsdepartement [online] – URL: <http://www.securityfence.mod.gov.il/Pages/ENG/purpose.htm> [13.12.2007]

Israelsk Utanriksdepartement (2002). "Iran and Syria as Strategic support for Palestinian Terrorism", *Israelsk Utanriksdepartement* [online] – URL: http://www.israel-mfa.gov.il/MFA/MFAArchive/2000_2009/2002/9/Iran+and+Syria+as+Strategic+Support+for+Palestina.htm [05.11.2007]

Israelsk Utanriksdepartement (2006a). "PM Olmert: Lebanon is responsible and will bear the consequences", *Israelsk Utanriksdepartement* [online] URL: <http://www.mfa.gov.il/MFA/Government/Communiques/2006/PM+Olmert++Lebanon+is+responsible+and+will+bear+the+consequences+12-Jul-2006.htm> [05.11.2007]

Israelsk Utanriksdepartement (2006b). "Iranian complicity in the present Lebanese crisis – July-Aug 2006", *Israelsk Utanriksdepartement* [online] – URL: <http://www.israel-mfa.gov.il/MFA/The+Iranian+Threat/Support+of+terror/Iranian%20complicity%20in%20the%20present%20Lebanese%20crisis%20-%20July-Aug%202006> [05.11.2007]

Israelsk Utanriksdepartement (2006c). "Israel among the nations: Middle East – North Africa", Israelsk Utanriksdepartement [online] – URL: <http://www.israel-mfa.gov.il/MFA/Facts+About+Israel/Among+the+Nations/ISRAEL+AMONG+THE+NATIONS-+Middle+East+-+North+Afri.htm> [05.11.2007]

Israelsk Utanriksdepartement (2007). "Behind the Headlines: The Second Lebanon War – One Year Later", *Israelsk Utanriksdepartement* [online] – URL: <http://www.mfa.gov.il/MFA/About+the+Ministry/Behind+the+Headlines/The+Second+Lebanon+War+-+One+year+later+-+July+2007.htm> [05.11.2007]

Jewish Virtual Library (2007). "Latest Population Figures for Israel", *Jewish Virtual Library* [online] – URL: http://www.jewishvirtuallibrary.org/jsource/Society_&_Culture/newpop.html [13.12.2007]

Jones, Clive (2002) "The Foreign Policy of Israel," i Hinnebusch, Raymond og Anoushiravan Ehteshami (red.) *The Foreign Policies of Middle East States*. London: Lynne Rienner Publishers.

Krieger, Hilary Leila og Tovah Lazaroff (2006, Juli 27). "UN aid chief says 'Israel has created a generation of hatred'", *Jerusalem Post* [online] – URL: <http://www.jpost.com/servlet/Satellite?cid=1153292006828&pagename=JPost%2FJP%2FArticle%2FShowFull> [13.12.2007]

Lake, Patrick M. og David A. Lake (1997). *Regional orders. Building Security in a New World*. Pennsylvania: The Pennsylvania State University Press.

Lebanon Today (2006). "July War '06", *Lebanon Today* [online] – URL: <http://www.lebanon-today.com/content/view/500/50/> [17.12.2007]

Leiken, Robert S. og Steven Brooke (2007). "The Moderate Muslim Brotherhood" i *Foreign Affairs*, Mars/April.

Maloney, Suzanne (2002). "Identity and Change in Iran's Foreign Policy", i Telhami, Shibley og Michael Barnett (red.), *Identity and Foreign Policy in the Middle East*. Ithaca: Cornell University Press.

Marcus, Jonathan (1998). "The Politics of Israel's Security", i *International affairs (Royal Institute of international affairs 1944-)*, Vol. 65, Nr 2.

Mastanduno, Michael (1997). "Preserving the unipolar moment: Realist Theories and U.S. Grand Strategy after the Cold War", i *International Security*, Vol. 21, Nr. 4.

Mearsheimer, John J. og Stephen Walt (2006). "The Israeli Lobby and U.S. Foreign Policy", i *Middle East Policy*, Vol. XIII, Nr. 3, ss. 29-87, [online] – URL: <http://www.blackwell-synergy.com/doi/pdf/10.1111/j.1475-4967.2006.00260.x> [10.09.2007]

Military Balance (2006). "Middle East and North Africa", kap. 4 ss. 165-216, i *Military Balance* [online] – URL: <http://dx.doi.org/10.1080/04597220600782853> [17.11.2007]

Monbiot, George (2006, August 8). "Israel responded to an unprovoked attack by Hizbullah, right? Wrong". *The Guardian* [online] – URL: <http://www.guardian.co.uk/Columnists/Column/0,,1839282,00.html> [10.08.2007]

Morgenthau, Hans (1948). *Politics among nations. The struggle for power and peace*. New York: Knopf.

Mroz, John Edwin (1980) *Private Perceptions among Arabs and Israelis*. New York: Pergamon Press.

Murden, Simon (2000). "Understanding Israel's long conflict in Lebanon: The Search for an alternative approach during the peace process", *British Journal of Middle Eastern Studies*, Vol 27, nr 1,25-47.

Neff, Donald (1988). "U.S Policy and the Palestinian Refugees", i *Journal of Palestine Studies*, Vol. 18, Nr. 1.

Norton, Autustus Richard (2000). "Hizballah and the Israeli withdrawal from Southern Lebanon", i *Journal of Palestine Studies*, Vol. 30, Nr. 1.

Qawas, Nafez og Raed El Rafei (2006). "Sinoira's Cabinet makes clear it had nothing to do with what happened", *the Daily Star Lebanon* [online] – URL: http://dailystar.com.lb/article.asp?edition_id=1&categ_id=2&article_id=73930 [03.10.2007]

Rabil, Robert, G. (2003). *Embattled Neighbors. Syria, Israel and Lebanon*. Boulder: Lynne Rienner Publishers.

Reich, Bernard (1991). "Themes in the history of the state of Israel", i *The American history review*, Vol. 96, nr 5.

Rodman, David (2001). "Israel's national security doctrine: an introductory overview", i *Middle East Review of International Affairs*, Vol. 5, Nr 3.

Rose, Gideon (1998). "Review Article: Neoclassical Realism and Theories of International Politics", i *World Politics* Vol. 51, Nr. 1, 144-172.

Rubenberg, Cheryl A. (1986). *Israel and the American national interest: a critical examination*. Urbana Illinois: University of Illinois Press.

Rø, Johannes F. (2005). *Er politisk realisme en fruktbar teori i studiet av dagens internasjonale politiske virkelighet? En vitenskapsteoretisk vurdering*. Oslo: Universitetet i Oslo, Institutt for statsvitenskap. Masteroppgåve.

Saad-Ghorayeb, Amal (2006, Juli 23). "Hezbollah's Acopalypse Now", *Washington Post* [online] – URL: <http://www.washingtonpost.com/wp-dyn/content/article/2006/07/21/AR2006072101363.html> [10.12.2007]

Sadowski, Yahya (2002). "The evolution of political identity in Syria", i Telhami, Shibley og Michael Barnett (red.), *Identity and Foreign Policy in the Middle East*. Ithaca: Cornell University Press.

Short, Ramsay og Anton La Guardia (2005, Februar 2). "Syria accused of killing Lebanon's ex-leader", *the Telegraph* [online] – URL: <http://www.telegraph.co.uk/news/main.jhtml?xml=/news/2005/02/15/wbomb15.xml> [02.12.2007]

Shlaim, Avi (2000). *The Iron Wall. Israel and the Arab world*. London: Penguin Books.

Sinoira, Fouad (2006). "End this Tragedy Now", *Washington Post* [online] – URL: <http://www.washingtonpost.com/wp-dyn/content/article/2006/08/08/AR2006080800990.html> [10.12.2007]

SN (1948). "194 (III). Palestine – Progress Report of the United Nations Mediator", *SN* [online] – URL: <http://domino.un.org/unispal.nsf/0/c758572b78d1cd0085256bcf0077e51a?OpenDocument> [03.10.2007]

SN (1967). "237. The situation in the Middle East", *SN* [online] – URL: <http://daccessdds.un.org/doc/RESOLUTION/GEN/NR0/240/89/IMG/NR024089.pdf?OpenElement> [04.10.2007]

SN (1990). "The Origins and Evolution of the Palestine Problem: 1017-1988. Part Two 1947-1977", *SN* [online] – URL: <http://domino.un.org/UNISPAL.NSF/561c6ee353d740fb8525607d00581829/d442111e70e417e3802564740045a309!OpenDocument> [04.10.2007]

SN (2004). "Resolution 1559 (2004)", *SN* [online] – URL: <http://daccessdds.un.org/doc/UNDOC/GEN/N04/498/92/PDF/N0449892.pdf?OpenElement> [03.10.2007]

Solberg, Kristin (2006, Juli 26). "Vanskelig å straffe brudd på folkeretten", *Aftenposten* [online] – URL: <http://www.aftenposten.no/nyheter/uriks/midtosten/article1400145.ece> [20.11.2007]

Susser, Asher (2007). "The Struggle for Lebanon: What is it really about?" i *Telaviv Notes. An update on Middle Eastern Developments by the Moshe Dayan Center*, Februar [online] – URL: <http://www.tau.ac.il/dayancenter/frameana.htm> [20.10.2007]

Telhami, Shibley og Michael Barnett (red.) (2002). *Identity and Foreign Policy in the Middle East*. Ithaca: Cornell University Press.

Tripp, Charles (2002). "The Foreign Policy of Iraq" i *The Foreign Policies of Middle East States*. Boulder: Lynne Rienner Publishers.

UNRWA (2007a). "Who is a Palestine Refugee?", *UNRWA* [online] – URL: <http://www.un.org/unrwa/refugees/whois.html> [10.11.2007]

UNRWA (2007b). "Publications/Statistic", *UNRWA* [online] – URL: <http://www.un.org/unrwa/publications/index.html> [10.11.2007]

UNRWA og UNHCR (2007). "The United Nations and the Palestinian Refugees" *UNRWA og UNHCR* [online] – URL: http://www.un.org/unrwa/publications/pubs07/UN&PR_en.pdf [10.11.2007]

Urquhart, Conal og Chris McGreal (2006, Juli 12). "Israelis invade Lebanon after soldiers are seized", *The Guardian* [online] – URL: <http://www.guardian.co.uk/israel/Story/0,,1818696,00.html> [03.10.2007]

Viotti, Paul R. og Mark V. Kauppi (1987). *International Relations Theory: realism, pluralism and globalism*. New York: Macmillan.

Walt, Stephen (1987). *The origins of alliances*. Ithaca, N.Y. : Cornell University Press.

Waltz, Kenneth (1979). *Theory of international politics*. New York: McGraw-Hill.

Waltz, Kenneth (1993). "The emerging structure of international politics", *International Security*, Vol. 18, Nr. 2.

Wendt, Alexander (1999). *Social Theory of International Politics*. Cambridge: Cambridge University Press.

White House (2006a). "President Bush and Secretary of State Rice Discuss the Middle East Crisis", *White House* [online] – URL: <http://www.whitehouse.gov/news/releases/2006/08/20060807.html> [01.12.2007]

White House (2006b). "Statement on Condemnation of Hizballah Kidnapping of Two Israeli Soldiers", *White House* [online] – URL: <http://www.whitehouse.gov/news/releases/2006/07/20060712.html> [12.12.2007]

White House (2006c). "Press Briefing on the G8 Leaders Joint Statement on the Situation in the Middle East by Under Secretary for Political Affairs Nicholas Burns and Tony Snow", *White House* [online] URL: <http://www.whitehouse.gov/news/releases/2006/07/20060716-5.html> [13.10.2007]

White House (2006d). "Press Briefing by Secretary of State Condoleezza Rice", *White House* [online] – URL: <http://www.whitehouse.gov/news/releases/2006/07/20060716-2.html> [12.10.2007]

Winograd Kommissjonen (2007). "Press Release", *Winograd Commission* [online] – URL: <http://www.vaadatwino.org.il/pdf/press%20release%20april%2030-yd-final.pdf> [29.11.2007]

Østerud, Øyvind (1992). "Regional Great Powers" i Neumann, Iver B. (red.) *Regional Great Powers in International Politics*. New York: St. Martin's Press.